



ULSTEIN KOMMUNE

# ÅRSRAPPORT 2021



ULSTEIN  
- der baug bryt bære

Ulstein – ein god stad for menneske i alle livsfasar

## VERDIGRUNNLAG

- ▶ nyskaping
- ▶ omsorg
- ▶ rausheit
- ▶ mangfald



## STYRINGSMÅL

- ▶ nøgde brukarar
- ▶ motiverte og kvalifiserte medarbeidarar
- ▶ godt omdøme
- ▶ god ressursstyring



**Ulsteinsamfunnet støttar og motiverer innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.**



## VÅRE TILSETTE

- ▶ arbeider etter verdigrunnlaget
- ▶ set brukaren i fokus
- ▶ representerer jobben og kommunen og gjer jobben sin på ein profesjonell måte
- ▶ følgjer lojalt opp vedtak og styringssignal



## VÅRE LEIARAR

- ▶ er utviklingsorienterte
- ▶ kommuniserer godt
- ▶ har endringsvilje
- ▶ er lojale
- ▶ har evne og vilje til leiing

Framsidedfoto: Arne Sivertstøl

Baksidedfoto: Øyvind Erdal Christiansen

– Vi kjem styrka ut i andre enden .....	4
<b>OVERBLIKK .....</b>	<b>7</b>
Innleiing ved kommunedirektør .....	8
Ordføraren har ordet.....	10
Val i pandemi.....	12
Berekraft .....	14
Digitalisering .....	17
StikkUT! .....	18
Sommarcamp 2021.....	20
<b>ORGANISASJON OG ØKONOMI .....</b>	<b>23</b>
Våre tilsette .....	24
Lærlingar .....	24
Sjukefråvær og arbeidsnærvær.....	25
Likestilling og diskriminering .....	25
Heiltidskultur.....	26
Avviksrapportering .....	28
Etikk .....	28
Arbeid med kontroll av verksemda.....	29
Driftsresultat.....	30
Investeringsrekneskapen .....	32
Balanse.....	33
Fond .....	34
Pensjon.....	35
Konsernet Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF .....	36
Investering, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF.....	37
Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF.....	38
Økonomiske styringsindikatorar og finansielle måltal.....	39
Finansforvaltning .....	41
Likviditet .....	42
Lånegjeld, rente- og refinansieringsrisiko.....	43
<b>ETATSVISE OVERSIKTER .....</b>	<b>45</b>
Sentraladministrasjonen .....	46
Helse- og omsorgsetaten.....	48
Oppvekst- og kulturetaten .....	50
Teknisk etat .....	52
<b>AVDELINGSVISE OVERSIKTER .....</b>	<b>54</b>
Organisasjonskart Ulstein kommune .....	55
Økonomiavdelinga.....	56
Personalavdelinga .....	56
Pedagogisk-psykologisk teneste .....	57
Servicetorg og dokumentssenter.....	57
Helse og omsorg.....	58
Helsestasjonstenesta .....	60
Barnevern .....	61
Legetenesta .....	61
Haddal skule .....	62
Hasund skule .....	62
Ulsteinvik barneskule.....	63
Ulstein skule .....	63
Ulstein ungdomsskule.....	64
Sundgotmarka barnehage.....	64
Almejordet barnehage .....	65
Ulstein kulturskule .....	65
Kulturavdelinga.....	66
Plan- og bygningsavdelinga .....	66
Inkludering og mangfald.....	67
Anleggs- og driftsavdelinga .....	67
Hareid og Ulstein brannvesen .....	68
Nav .....	68
Folkehelseprofilen 2022.....	70
Ulstein Eigedomsselskap KF.....	72





## – Vi kjem styrka ut i andre enden

– Vi har vorte mykje meir medvitne både når det kjem til å ta til oss ny kunnskap og det å vere eit medmenneske. I tillegg har vi fått eit sterkt samhald på arbeidsplassen. Vi har respekt for kvarandre og den jobben vi gjer.

## Bilde på side 6:

Over: Kassevis med hurtigtestar. Helsesjukepleiar Daniel Eide Moltumyr sikrar seg ei kasse til ein av skulane. Kommuneoverlege Norunn Kirkebø Elde sitt kontor fungerte som lager. Foto: Kristin Meli

Til venstre: Dugnad. Gjengen samla for å gjere klart alle vaksinedosane. Foto: Kristin Meli

Til høgre: Gult er kult! Kristin Meli, Mari Haugen Lunde og Elisabeth Moldskred. Foto: Kristin Meli

# – Vi skal verdsette jobben alle gjer i alle ledd

Leiande helsesjukepleiar ved Ulstein helsestasjon, Kristin Meli, fortel om to lange, men lærerike koronaår. Når samfunnet har stengt ned, har helsestasjonen hatt opne dører.

– Akkurat det har vore utruleg viktig for oss, at folk skal få kome inn til oss og få møte oss andlet til andlet. Vi skal vere her for innbyggjarane våre. Vi skal vere her for barna, ungdomane og foreldra. Den tida vi har vore inne i, og framleis er inne i, gjer dette viktigare enn nokon gong.

Koronapandemien har vore utfordrande for alle på ulike måtar. På helsestasjonen har dette vore eit viktig fokus – å sjå lenger enn berre til si eiga inngangsdør. Å forstå at dette råkar i ulik grad. Å ta alle på like stort alvor og å stå i det når det kokar.

– Dei siste to åra har gjort noko med oss. Vi kan mykje no som vi ikkje kunne for to år sidan. Vi må lære oss nye ting nesten kvar dag.

## SAMARBEID

Meli fortel om då dei første røra med vaksinedosar kom til Ulstein. Fem rør med seks dosar i kvart rør. Ein gledas dag, men med tanke på volum er det nesten ironisk samanlikna med dei enorme mengdene med vaksinar som seinare har kome.

Kvar onsdag har det vore massevaksinering i Reitensalen ved helsestasjonen. 500 per dag. 100 i timen. 17 233 dosar til saman ved utgangen av januar 2022. Frivillige frå saniteten har stått vakt og halde orden på køen. Helsesjukepleiarar har gitt stikk på stikk på stikk, ambulanspersonell har vore til stades i tilfelle nokon skulle få ein reaksjon. Eigne rom til dei som kvir seg til vaksinen eller treng å legge seg ned etterpå. Og på eit eige rom i første etasje: full aktivitet frå fleire helsesjukepleiarar for å ordne med utstyr. Sprøyter og sprøytespissar, opptrekk og klargjering

av vaksinar, oversikt og oppdatering på kven som har fått kva vaksine og når dei har fått første – andre – tredje stikk.

Ein enorm kabal å legge, men ein kabal som har gått opp kvar gong. Og kanskje viktigast av alt desse onsdagane: felles lunsj og samhald.

– Akkurat det er nok noko vi vil sakne etter denne tida, men vi vil ta med oss samhaldet og samarbeidet vidare, og kunnskapen om at alle ledd i organisasjonen er like viktige skal vi få til noko. Summen av alt er det som tel, seier Meli.

## STOLT

Forståinga av at alle er avhengig av alle for å halde hjula i gang, meiner Kristin Meli sit djupt i heile organisasjonen.

– Eg er enormt stolt over å jobbe i Ulstein kommune. Det er mange faktorar som har spelt inn for at vi har klart å gjere den jobben vi gjer – ikkje minst at vi tilfeldigvis har hatt ein kommuneoverlege som heiter Norunn Kirkebø Elde. Ho er heilt fantastisk, saman med alle dei andre utruleg dyktige folka vi har. I tillegg har vi ei god leiing i kommunen. Vi har aldri kjent på motstand. Vi opplever at jobben vi gjer vert verdsett av dei. Det har gjort noko med oss, og det gjer jobben enormt mykje lettare. Alt er tovegs. Vi er avhengig av kvarandre for å halde hjula i gang. Det vil vi ta med oss vidare. Vi skal dele kunnskap, vi skal gjere kvarandre gode, vi skal sjå kvarandre og vi skal verdsette jobben alle gjer i alle ledd. Vi vil ikkje sakne koronapandemien den dagen han er over, men vi har vorte langt meir synlege enn vi var før, og vi kjem styrka ut i andre enden.



# Overblikk

INNLEIING VED KOMMUNEDIREKTØR

ORDFØRAREN HAR ORDET

VAL I PANDEMI

BEREKRAFT

DIGITALISERING

STIKKUT!

SOMMARCAMP 2021





Nye Ulsteinvik barneskule.  
Foto: Aage Christensen

## Det var det året det var så bratt

«Det var det året det var så bratt». Slik formulerte rimsmeden Øystein Sunde det for nokre år sidan, og kanskje kan vi bruke det som ei overskrift. Om det ikkje var bratt heile året, så vart det i alle fall komplisert.

2021 heldt fram slik 2020 hadde starta. Unntakstilstand i barnehagar, skular, på arbeidsplassar og innanfor helse og omsorg. Alle på tå hev for å sikre mest mogleg normalitet, pluss beredskap – alle menn og kvinner forsiktig for å unngå koronasmitte slik at vi skulle vere nok folk på jobb. Har vi hatt tid til andre ting i 2022 enn å halde oss flytande med nasen over vasskorpa?

Vi har faktisk det. Nokre ting er svært synleg i bybildet, som nybygget på Ulsteinvik barneskule og brannstasjonen som vaks fram i Holvekerdalen. Kommunestyret fekk førstehands kjennskap til korleis nytt areal på barneskulen er med på å utvikle og inspirere til nye måtar å lære på. Den største endringa opplever nok dei tilsette i Hareid og Ulstein brannvesen som får flytte frå den gamle brannstasjonen og inn i den nye. Det er svært



gledeleg at vi endeleg kan legge tilhøva til rette for dei tilsette i brannvesenet i det arbeidet dei har. Desse mannskapa, i stor grad deltidstilsette, står tidvis i svært utsette arbeidsoperasjonar, og vi er som lokalsamfunn heilt avhengig av den jobben dei gjer.

Andre endringar skjer meir «innomhus». Går du gjennom årsmeldinga vil du sjå viktig arbeid med heiltidskultur, arbeid med etablering av nye system på økonomi og på lønns- og personalområdet. Dette siste i samarbeid med dei andre seks kommunane i sjustjerna. Viktige planar innanfor det bustadsosiale området og ny levekårsplan. Kommunen hadde i 2020 dialog med Almejordet barnehage, og barnehagen vart 1. januar 2021 ei avdeling i Ulstein kommune. Dette vil utvikle Ulstein kommune som drivar av barnehagar, og vi takkar Almejordet for god dialog i 2021 og ønsker dei tilsette velkommen til Ulstein kommune.

Det er starta opp eit interessant prosjekt i samarbeid mellom oppvekst- og kulturetaten og helse- og omsorgsetaten – «God oppvekst i Ulstein». Prosjektet skal auke samhandlingane mellom dei to etatane, og er eit interessant og nyskapande arbeid. I mange kommunar har den nye oppvekstreforma ført til omorganisering og flytting av einingar. Kanskje kan vi finne løysingane i eit tettare samarbeid? Uansett så er det viktig at vi aukar vår samhandling til det beste for brukarane våre.

Så låg det nokre utfordringar i 2021 som vi enno ikkje heilt er ferdig med. I slutten på 2020 fekk vi ein tilsynsrapport frå Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) knytt til eigenbetaling for opphald i institusjon. Tilsynet konkluderte med brot på lovverk og forskrifter for eigenbetaling og leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenestene. Det kom også ei varsling mot kommunedirektøren og ein tilsett om «grov misferd i utøving av stilling», også denne relatert til det same problemområdet. Varslingssaka vert undersøkt av eksternt advokatkontor, og denne saka er ikkje avslutta i 2021, men kjem opp i kommunestyret i mars 2022. Arbeidet med tilsynssaka førte til ein omfattande gjennomgang av vedtak og etterrekning av krav. Arbeidet med å betale tilbake pengar til dei som har betalt for mykje er i stor grad gjennomført, men nokre beløp ligg langt tilbake i tid og er utfordrande å handtere. Dette med manglande vedtak og feil utrekning av eigenbetaling er saker vi helst ikkje skulle hatt.

Det vart ein kraftig vekkar for oss at Statsforvaltaren peika på så klare brot på sakshandsamingsreglar og enkeltvedtak. Vi skal levere tenester av god kvalitet og god forvaltningskultur, og rett sakshandsaming er ein viktig del av denne kvaliteten og innbyggarane sin rettstryggleik. På dette området må kommunen stille krav til seg sjølv at det skal vere rett. Dette er kompliserte utrekningar og vi kan ikkje legge til grunn at brukarar eller pårørande kan regelverket.

Kommunen har tilført midlar til helse- og omsorgssektoren i 2021. Likevel går sektoren med eit meirforbruk. Det er ein auke i rettighetsbaserte tenester og det er i tråd med det vi ser som prognosar framover om endring i demografi. No må vi ta høgde for at rekneskapen for 2021 er påverka av pandemien, sjølv om det ser ut til at vi er kompensert på kostnadssida.

Endring i alderssamansetting gjer at talet på barn og unge vert redusert medan talet på eldre aukar. Dette gir oss utfordringar framover. Utfordringane er så store at KS har etablert partnerskap for radikal innovasjon som skal arbeide med ungt utanforskap og den demografiske utviklinga. Å bruke ein terminologi om radikal innovasjon er viktig for å få rett fokus. Vi står overfor utfordringar der behovet for kommunale tenester kjem til å auke, mange i kommunen går av for aldersgrensa – som igjen aukar behovet for rekruttering, samtidig som ungdomskulla går ned.

Korleis skal vi sikre rekruttering inn i vår sektor når svaret på økonomiske utfordringar har vorte sagt er at vi kan gå ned i lønn, eller at vi kan sei opp nokon på rådhuset? Eg sa det på folkemøtet 1. mars 2022, om skulestrukturrapporten frå KS Konsulent – vi er ikkje overbetalt, vi har eit lønnsnivå på linje med nabokommunane, og vi er ikkje overadministrert. Det ligg mange, viktige og vanskelege saker framfor oss når midlar må flyttast frå eit område til eit anna. Korleis få det til på ein måte som ikkje reduserer tiltrua og tilliten til kommunen? Dette er ei utfordring både for den politiske og den administrative delen av kommuneorganisasjonen.

Det økonomiske resultatet for Ulstein kommune i 2021 er i plass med 7,98 millionar kroner. Å karakterisere det som eit godt resultat er nok å ta for hardt i. Mange av nabokommunane kan skilte med betre resultat, og mykje av vårt resultat skuldast ekstraordinære skatteinntekter heilt på slutten av året. Det er likevel gledeleg at vi kom i mål på denne måten, og det gir oss eit visst pusterom, men det løyser ikkje dei underliggende utfordringane.

Med høg gjeld og moderat inntekt er det gitt at vi har ein økonomisk balansegang på slak line. På den andre sida har vi dyktige medarbeidarar og ein godt trimma organisasjon. Det vert også arbeidd godt med mange gode utviklingsprosjekt. Vi er godt rusta dersom vi klarer å stake ut ein klar kurs vidare, men her er utfordringar. Når rammene ikkje er store nok til dei tenestene vi skal levere, må vi finne alternativ til innsparingar eller auke rammene. Prosessen fram mot slike avgjerder er eit felles ansvar. Det endelege valet og prioriteringane mellom alternativa har vi gitt dei folkevalde mynde til.

Til slutt – takk for eit svært godt samarbeid og godt utført arbeid til alle i 2021. Eg har sagt det før og eg seier det igjen – kommuneorganisasjonen imponerer meg, både den politiske delen og den administrative. Der er fleksibilitet, kompetanse, stå-på-vilje og ikkje minst ein utruleg profesjonalitet mot oppgåvene og innbyggarane våre.

**VERNER LARSEN**  
kommunedirektør



Ein dag for historiebøkene. 3. august 2021 i Tokyo sette Karsten Warholm ny verdsrekord på 400 meter hekk med tida 45,94. Med det vart han også olympisk meister og den første i verda til å springe distansen på under 46 sekund. Foto: Lucy Nicholson/Reuters/NTB

## Nye rekordar

OL-gullet og verdsrekorden til Karsten Warholm var nok utan tvil årets høgdepunkt. Sjeldan har eg vore så stolt av å vere ordførar i Ulstein. Det var ei heilt magisk oppleving å få vere til stades i Ulsteinhallen natt til 3. august 2021. Vi trudde mest ikkje det vi såg då det lyste 45,94 og ny verdsrekord på storskjermen. Vi var heilt i ekstase og landa ikkje på fleire dagar!

Euforiske vart vi også då Ulstein kommune kom på ein sterk andre plass i Kommunebarometeret, berre så vidt slått av Kongsberg. Kommunebarometeret er eit stort sett med indikatorar som måler resultatane til alle norske kommunar innanfor ei rekke felt. Trass i låge kostnader på dei fleste tenestene våre skårar vi jamt over veldig bra på det vi leverer. Dette er eit tydeleg bevis på at god kultur og god samhandling er mykje viktigare enn kor mykje pengar du puttar inn i tenestene. Vi har jobba målretta i fleire år med å fokusere på kvalitet og nytenking. Eg vil difor takke alle tilsette for den gode innsatsen som de leverer i kvardagen. Eg er skikkeleg stolt av jobben de alle gjer.

### DET SER LYSARE UT

I løpet av 2021 har vi fått signal frå næringslivet at ting er i ferd med å snu rett veg sjølv om det framleis er krevjande for verfta. Arbeidsløysa fall gjennom 2021, men vi ligg framleis eit stykke over snittet i fylket og landet, og har litt å gå på før vi er tilbake til der vi var før oljekrisa slo til i 2015. Trass i høg arbeidsløysa har Ulstein kommune den høgaste arbeidsplassdekninga i fylket. Det betyr at vi framleis er ein av dei viktigaste motorane i Møre og Romsdal. Satsinga på reiseliv ser også ut til å bere frukter, særleg i sommar månadene. Mange har nok fått auga opp for at vår region har utruleg mykje spennande å by på, og det aukar også

bulysta for oss som allereie bur her. Kanskje det er grunnen til at vi i 2021 selte 15 av 50 tomter i det nye byggefeltet på Skeide. I tillegg selde vi tomter både i Haddal og i Dimna. Også omsetninga i varehandelen har hatt ein fin auke dei siste åra etter nokre år med stagnasjon. Vi har styrka vår posisjon som handels- og servicesenter i regionen, og vi har no høgast omsetning av detaljvarer i Møre og Romsdal målt i kroner per innbyggjar.

### **GODKJENT RESULTAT I 2021, MEN...**

Også fjorårets resultat ser ved første augekast bra ut, og det er difor heilt naturleg at det vert reist spørsmål om kvifor vi stressar med å kutte kostnader. Går vi derimot bak tala, vil vi fort sjå at resultatet skuldast ein eksepsjonell god skatteinngang i 2021. Heile 25 millionar ekstra skattekronar trilla inn på konto. Det er fleire årsaker til dette, men det mest vesentlege er at det går langt betre i norsk økonomi enn det regjeringa forventa då statsbudsjettet vart lagt. Som eit tiltak for å motverke redusert skatteinngang auka Solberg-regjeringa kommunen sin del av person- og formueskatten. Med rekordresultat i kommunane og varsla behov for å stramme

inn den offentlege pengebruken, vil nok denne gåvepakken verte reversert. Det er difor dessverre lite som teiknar til at den gode skatteinngangen vil halde fram. Av 25 millionar kroner går ca. 15 millionar med til å dekke overforbruk, og nok ein gong ser vi at dei avsette rammene til pleie og omsorg ikkje held, og det er nettopp her den store auken i ressursbehovet kjem i framtida. Når vi i tillegg samanliknar resultatet vårt med resten av landet, er det relativt beskjedent. Det betyr at vi framleis ikkje er i mål med omstillinga. Dette betyr tøffe tak også framover – men det skal vi klare. Vi kan i det minste trøste oss med at 2021 vart eit år som gav oss litt betre handlingsrom.

### **KRISER HAR VORTE NORMALEN**

Etter fem år med krise og omstilling i maritim sektor og to år med eit koronasamfunn på halv maskin, står vi no framfor nok ei usikker tid. Krigen i Ukraina vil påverke kvardagen vår på mange måtar, og vi må nok stålsette oss for å verte sett ytterlegare på prøve. Men dei føregåande krisene har vist at vi taklar nye kvardagar, og det kjem vi til å gjere også denne gongen.

---

**KNUT ERIK ENGH**  
ordfører



Warholm-feber i Ulstein etter verdsrekorden i Tokyo. Dimna IL laga spontant hekkeløp i sentrum for dei yngste, med stor suksess.  
Foto: Janne-Marit Myklebust





Førehandsrøystinga til stortings- og sametingsvalet 2021 gjekk føre seg på Ulstein bibliotek. Foto: Janne-Marit Myklebust

## Val i pandemi

Ved stortingsvalet 2021 var det 80,2 prosent av innbyggjarane i Ulstein som gjekk til urna, mot 80,4 prosent ved stortingsvalet i 2017. Dette er eit resultat vi skal vere godt nøgde med i eit val prega av koronapandemien. I fylket var det 77,6 prosent oppmøte, og på landsbasis 77,2 prosent.

Det er ein stor jobb å legge til rette for at alle innbyggjarar som vil røyste, skal få røyste. Ved stortings- og sametingsvalet i 2021 hadde 5 969 personar røysterett i Ulstein, og 4 786 valde å nytte seg av moglegheita. Kommunen sin jobb var denne gongen både å legge til rette for at innbyggjarane skulle få nytte røysteretten sin, og også sørge for at alle dei mange tusen som gjekk til valurnene kunne gjere det med minst mogleg risiko for koronasmitte.

Det var ei krevjande oppgåve kommunen ikkje hadde klart på eiga hand, utan mange gode hjelparar. Ni bibliotekvenner stilte opp for kommunen i heile førehandsrøysteperioden. Utan deira innsats ville vi ikkje ha klart å halde dei opningstidene vi ønskte, køane

ville ha vorte lengre, og smittevernet ville ikkje ha vorte like godt vareteke. Vi er utruleg takksame for hjelpa. Bibliotekvenene, og også dei av kommunen sine egne tilsette som hadde høve til å stille opp som røystemottakarar, fortener stor ros.

Ulstein bibliotek vart nytta som førehandsrøystelokale i størstedelen av førehandsrøysteperioden. Heilt i startfasen var det mogleg å røyste på rådhuset, men då pågangen auka var det meir tenlege lokale ved biblioteket både med tanke på tilgang, universell utforming og moglegheita til å kunne halde avstand til kvarandre, som var eit av dei mange viktige smitteverntiltaka.



Røystebåsane vart sprita og vaska jamt gjennom heile dagen. Smittetrykket i Ulstein var lågt og opningstidene var lange. Enkelte dagar hadde vi ope frå sju om morgonen til åtte om kvelden. Også dette eit smitteverntiltak for å gi veljarane moglegheit til å kome til røystelokalet på ulike tidspunkt, og sjølvstøtt også fordi vi alltid ønsker at flest mogleg skal ha moglegheita til å nytte seg av røysteretten sin. Køen var aldri lang, men veljarane var mange. Heile 3 058 personar valde å førehandsrøyste av Ulstein sine innbyggjarar, i tillegg til at vi tok i mot 285 førehandsrøyster frå veljarar frå 68 andre kommunar. Røystemottakarane reiste også rundt i kommunen for å ta imot røyster heime hos dei som ikkje kunne ta seg til røystelokalet på eiga hand. Vi besøkte folk heime, på institusjonar og omsorgsbustader, kjøpesentera, folkehøgskulen og den vidaregåande skulen.

Valdagen 13. september var det rigga klart i fire vallokale av til saman nesten 50 frivillige frå røystestyra. Nok ein gong eit eksempel på eit godt samarbeid kommunen er heilt avhengig av å ha med eigne innbyggjarar. Rekordmange førehandsrøysta, mykje grunna pandemien, men kanskje også fordi kommunen denne gongen la svært godt til rette. Valdagen vart roleg, og det var det som var målet. 1 728 veljarar tok turen til vallokala på sjølve valdagen, fordelt på fire krinsar.

I mars vedtok valstyret i Ulstein å gå frå sju til fire valkrinsar. Krinsane Hasund og Dimna vart slått saman til ein, det same

med Haddal og Eiksund, og Flø og Ulstein. Ulsteinvik krins er som før. Vallokala var på dei respektive skulane, Hasund skule, Haddal skule og Ulstein skule, medan det i sentrum vart flytta frå rådhuset til idrettshallen i Ulstein Arena for å få meir boltreplass og for å kunne oppfylle avstandskravet på 1 meter.

Valet gjekk bra. Det var lite smitte i kommunen, og berre éin veljar trengde heimerøysting på valdagen. Utfordringa for kommunen var at vi ikkje visste dette på førehand. Det er greitt med alt vi ikkje veit, vert det sagt. I dette tilfellet gjorde usikkerheita knytt til pandemien valavviklinga langt meir krevjande enn vanleg. Vi måtte ta høgde for at vi ville ha mange veljarar i karantene eller isolasjon, og at desse skulle få røyste heime eller ved eigna stad – altså ikkje i ordinære vallokale. Vi måtte ha nok smittevernustyr og handsprit, nok røystemottakarar og nok kunnskap om korleis handtere røystinga på ein smittevernfagleg god måte.

Vi måtte ta høgde for det verste og håpe på det beste. Vi landa trygt.

Vi hausta mange nye erfaringar, måtte tenke nytt og gjere ting annleis enn det har vorte gjort før. Konklusjonen er at mykje av dette vil vi ta med oss på vegen vidare mot kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2023, pandemi eller ei.


Takk til alle som bidrog med smått og stort gjennom heile valåret 2021.

JANNE-MARIT MYKLEBUST  
valansvarleg



Partinamn	Antall røyster	%-vis oppslutnad	Endring sist stortingsval
Framstegspartiet	1 077	22,6%	-1,9 pp
Høgre	1 072	22,5%	-9,2 pp
Arbeidarpartiet	903	19,0%	2,7 pp
Senterpartiet	587	12,3%	5,2 pp
Kristeleg Folkeparti	375	7,9%	-1,7 pp
Sosialistisk Venstreparti	215	4,5%	0,9 pp
Venstre	165	3,5%	-0,3 pp
Miljøpartiet Dei Grøne	91	1,9%	0,2 pp
Raudt	82	1,7%	1,3 pp
Industri- og Næringspartiet	54	1,1%	1,1 pp
Demokratene i Norge	48	1,0%	0,9 pp
Partiet Dei Kristne	41	0,9%	0,1 pp
Pensjonistpartiet	24	0,5%	0,3 pp
Partiet Sentrum	18	0,4%	0,4 pp
Helsepartiet	4	0,1%	0,1 pp
Liberalistene	4	0,1%	0,0 pp
Alliansen - Alternativ for Norge	3	0,1%	0,1 pp
Folkeaksjonen Nei til mer bompenger	1	0,0%	0,0 pp

Slik fordelte røystene seg i Ulstein kommune.



# Berekraft

Gjennom berekraftsfylket Møre og Romsdal har Ulstein i lag med alle dei andre kommunane i fylket, forplikta seg til å arbeide med dei 17 berekraftsmåla utarbeidd av FN. Berekraftsmåla er sett saman av dei tre dimensjonane økonomi, miljø og sosial berekraft.



### ULSTEIN KOMMUNE HAR HATT SPESIELT FOKUS PÅ FØLGANDE MÅLOMRÅDE:

- ▶ Berekraftsmål 3: God helse og livskvalitet
- ▶ Berekraftsmål 4: God utdanning
- ▶ Berekraftsmål 11: Bærekraftige byar og lokalsamfunn
- ▶ Berekraftsmål 9: Industri, innovasjon og infrastruktur

Gjennom eit globalt system utarbeidd av FN har Ulstein kommune kartlagt sin berekraftsprofil. Berekraftsprofilen bygger på over 100 ulike indikatorar. Fleire av indikatorane gjeld faktorar som Ulstein kommune har lite styring og moglegheit for påverknad på, medan andre har vi stor påverknad på. I det vidare arbeidet med berekraft må vi også nytte anna kunnskapsgrunnlag som vi har tilgjengeleg. Uansett gir denne rapporten innbyggjarar, folkevalde og tilsette innsikt i korleis vi alle kan påverke og saman jobbe for å få ein meir berekraftig kommune og region.

Ulstein gjer det generelt godt i denne kartlegginga. Følgande område fekk vi eit resultat som vi bør følge opp for å forbetre. Det er greitt å ha med seg at desse områda var ganske like i heile fylket og ikkje spesielt for Ulstein.

**Fattigdom:** Fattigdom har alvorlege følgeværknader som utanforskap, fråfall i skulen m.m. Det vil vere avgjerande å finne ut meir om årsakene til fattigdom i Ulstein. I den vedtekne levekårsplanen for Ulstein 2021-2032 er det tatt inn strategiar for å motverke fattigdom og konsekvensar av dette.

**Digitalisering:** Vi gjer det godt på mange område innanfor digitalisering, samtidig som det er mykje vi ikkje gjer enno. Gjennom Digi Møre og Romsdal er det planlagt felles kompetanseløft på digital transformasjon, i tillegg til deling av løysingar, prosessar og samarbeid. Ulstein kommune deltek aktivt i Digi Møre og Romsdal. I tillegg vil det tverrfaglege digitaliseringsrådet i Ulstein kommune koordinere og kople saman det gode digitaliseringsarbeidet som vert gjort i dei ulike sektorane.

**Vatn og avløp:** Vi har god kvalitet på drikkevatnet vårt. Derimot bør vi sjå på korleis redusere vassforbruket vårt, minske svinn og vurdere nye måtar å drive overvaking. Sjølv om vi i dag har god tilgang på vatn, bør vi førebu oss på framtida.

**Offentlege bygg – berekraftsertifisering:** Ingen av bygga våre har i dag berekraftssertifisering. Erfaringar viser at sertifisering reduserer forbruk av energi og vatn. Ulstein kommune skal gjer ei vurdering om berekraftssertifisering er noko vi trur kan ha ein positiv berekraftseffekt.





Foto: Svein Arne Orvik




# Digitalisering og digital transformasjon – Saman gjer vi livet godt

Digitalisering er eit viktig verkemiddel for å få til ein betre kvardag både for dei som jobbar og dei som bur i kommunen.

For å lykkast med digitalisering og digital transformasjon må vi ha med oss heile organisasjonen. Det er krevjande arbeid! Digitalisering inneber at vi skal endre oss samtidig som vi skal levere gode tenester innanfor dei rammene vi har til rådvelde. Gevinstane av digitalisering kjem gjerne ikkje straks, og ofte kjem gevinstane ein annan stad enn der innsatsen vert lagt ned.

## HER ER NOKRE AV DEI STØRSTE DIGITALISERINGS- PROSJEKTA SOM HAR VORE GJENNOMFØRT OG SOM VI HAR SETT RESULTATET AV I 2021 I ULSTEIN KOMMUNE:

- ▶ **Etablering av lokalt digitaliseringsråd:** Etablering av ei digitaliseringsgruppe som skal jobbe med koordinering av digital transformasjon i kommunen.
- ▶ **Kartlegging av system og arkitektur:** Kartleggingsarbeid av alle system som er i bruk og korleis dei bør henge saman. Dette vil også gi oss betre kontroll på data-behandlaravtalar, integrasjonar, utvikling og eigarskap.
- ▶ **Innføring av nytt økonomi-, lønns- og personalsystem:** Saman med dei andre kommunane i sjustjerna har vi kjøpt nytt ØLP-system frå Visma. Konfigurasjon, oppsett, utrulling starta hausten 2021. Det vert tatt i drift i januar 2022.
- ▶ **Ny teknisk plattform på saks- og arkivsystemet vårt - WebSak+:** Overgang til ny teknisk plattform for saks- og arkivsystemet vårt Acos. Websak+ har eit meir brukarvennleg grensesnitt og kan også nyttast på nettbrett og mobil.
- ▶ **Innkjøp av nytt internkontrollsystem – Samsvar:** Innkjøp av ny og meir oversiktleg løysing til internkontroll, avvikshandtering og personvern.
- ▶ **Nytt system for intranett:** Ny teknisk løysing og betre navigering.
- ▶ **Fiks folkeregister:** Tilgang til nytt og modernisert folke-register med meir funksjonalitet. Nye integrasjonar med fagsystem som er meir brukarvennleg og gir betre dataflyt.
- ▶ **Smittesporing:** FIKS smittesporing er nytta til smittesporing. Denne fekk utvida funksjonalitet og integrasjonar med FIKS smittesporing, FIKS klinikermelding, FIKS prøvesvar og FIKS vaksinestatus. I starten av 2022 fekk vi på plass funksjonalitet for innbyggjarar til å registrere positive hurtigtestar direkte i løysinga.
- ▶ **Auka bruk av digitale verktøy innan helse og omsorg:** Digitale verktøy innan helse og omsorg gir gode resultat hos brukarane. Det gir dei betre høve til å til dømes bu heime lenger, meistring og sjølvstende. I 2021 har vi auka bruken av dei ulike digitale verktøya innan helse og omsorg – slik som digitalt tilsyn, elektronisk medisineringsstøtte og digital heimeoppfølging.



Kveldsstemning på Hasundhornet  
Foto: Leif Ringstad

## StikkUT!

Då Ulstein kommune i 2018 vart medlem av Sunnmøre friluftsråd, gjennomførte vi også vår første sesong av StikkUT!

StikkUT! er ein av landets mest populære turtrimmar, med 49 700 registrerte deltakarar, og over 1,2 millionar registrerte turar i 2021. Sommarsesongen varer frå mai til oktober, og vintersesongen frå 15. desember til 2. påskedag. Det er gratis å delta, og turane vert registrert digitalt, enten på stikkut.no eller i ein eigen app som kan lastast ned gratis frå Google Play eller App Store.

Vi har no lagt bak oss fire sommarsesongar med StikkUT!, og i 2020-2021 og 2021-2022 har vi også hatt StikkUT! Vinter, med turmål som eignar seg godt på vinterstid. I sommarsesongen i 2021 hadde Ulstein kommune 1 137 aktive deltakarar, med til saman 24 286 registrerte turar! Då vi starta i 2018 hadde vi til samanlikning 289 aktive deltakarar med 3 489 registrerte turar.

Frå 2018 til i dag har vi hatt ein kraftig vekst også i talet på besøk på alle turmåla våre. Til dømes Nibben, som har vore det mest besøkte turmålet sidan oppstarten i 2018, hadde i fjor over 4 000 registrerte besøk, som er ei firedobling frå dei to første åra vi deltok. I fjor hadde vi også Hasundhornet og Larstien/Fløstranda som nye turmål, og dei hoppa rett inn på topp tre-lista i talet på besøk, med over 3 500 besøk i løpet av sommarsesongen. StikkUT! er ein flott måte å få vise fram den nydeleg naturen i Ulstein, då det også er svært mange besøkande frå andre kommunar.

Det er mange som gjer ein innsats for å få på plass turmål til kvar einaste StikkUT!-sesong, og vi er prisgitt alle våre flinke frivillige StikkUT!-vertar rundt i kommunen, som legg ned mykje arbeid

med å velge ut turmål, lage til turomtalar med GPS-spor og flotte turbilde, og ikkje minst fysisk klargjering av turane med skilting og merking og rydding av stiar. Dette er viktig for at også dei som ikkje er kjende i kommunen enkelt skal finne fram på turane. Kwart år byttar vi ut nokre av turmåla, for å sikre at turmåla til ei kvar tid har kapasitet til den store ferdselen som

StikkUT! fører til. Vi prøver også kvar sesong å sjå til at turmåla er geografisk godt spreidd rundt i kommunen vår. Heldigvis har vi ikkje mangel på flotte nye turmål å legge til når eit anna må kvile. Vi har no starta førebuinga til sommarsesongen 2022, og kan love flotte nye perler å sjå fram til for dei turglade!


---

**KRISTINE DALE**  
folkehelsekoordinator

1.



3.



- 1: Blåtinden og Laupsvatnet / Foto: Leif Ringstad
- 2: Roppehornet sett frå Vetten / Foto: Leif Ringstad
- 3: Blåtinden / Foto: Leif Ringstad
- 4: Utsikt frå Hasundhornet mot Ulsteinvik / Foto: Janne-Marit Myklebust

2.



4.





# Sommarcamp 2021

God stemning, aktiviteter, meistring, opplevingar, utfordringar i trygge rammer, gode minne og nye vener var suksessoppskrifta for Sommarcamp 2021.




Foto: Arne Sivertstøl








Foto til venstre: Ole Terje Sukka  
Foto under: Øyvind Erdal Christiansen



Engasjementet var stort då Ulstein kommune lyste ut tilboda til sommarcampen. Alle som søkte om å få vere med fekk plass. Totalt 380 barn og unge fekk glede av gratis sommarcamp i ei av ferievekene sine.

Midlane fekk kommunen i tilskot frå regjeringa som ei ekstra godtgjersle på grunn av koronastengde skular og koronastengde fritidstilbod i 2020 og 2021.

**Takk til dei som var med på laget og skapte gode sommarminne:** Sunnmøre folkehøgskule, Skaparhuset, Hødd Fotball, Hødd Handball, Ung Arena, Jollegruppa Ulstein Seilforening, BUA Ulstein, Ulstein Arena – ungdomane som var med som sommarhjelp, trygge vaksne, og alle barn og unge som gjorde vekene til ein fest.

Foto på side 20:

Tre over: Ole Terje Sukka

To nede til venstre: Arne Sivertstøl

Nede til høgre: Øyvind Erdal Christiansen



# Organisasjon og økonomi

## ORGANISASJON

VÅRE TILSETTE

LÆRLINGAR

SJUKEFRÅVÆR OG ARBEIDSNÆRVÆR

LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

HEILTIDSKULTUR

AVVIKSRAPPORTERING

ETIKK

ARBEID MED KONTROLL  
AV VERKSEMDA

## ØKONOMI

DRIFTSRESULTAT

INVESTERINGSREKNESKAPEN

BALANSE

FOND

PENSJON

KONSERNET ULSTEIN KOMMUNE  
OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE  
OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE  
OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

ØKONOMISKE STYRINGSINDIKATORAR OG

FINANSIELLE MÅLTAL

FINANSFORVALTNING

LIKVIDITET

LÅNEGJELD, RENTE- OG  
REFINANSIERINGSRISIKO

## Våre tilsette

I alt 748 personar fordelt på 572 årsverk, var tilsett i Ulstein kommune ved utgangen av 2021. Kjønnfordelinga er 78 prosent kvinner og 22 prosent menn.

SEKTOR	TAL		PROSENTDEL	
	KVINNER	MENN	KVINNER	MENN
I alt	565	161	78	22
Sentraladministrasjonen	20	4	83	17
Oppvekst	211	42	83	17
Kultur	16	5	76	24
Helse og sosial	277	47	85	15
Teknisk sektor	37	58	39	61
Anna	4	5	44	56

TILSETTE FORDELT PÅ ALDER	
Under 20 år	4
20–29 år	75
30–39 år	153
40–49 år	157
50–59 år	168
60–69 år	120

Kvinnene er i klart fleirtal i Ulstein kommune, her representert ved mange av dei gode leiarane våre, frå ei samling som tilfeldigvis var lagt til 8. mars 2021. Foto: Janne-Marit Myklebust



## Lærlingar

I starten av 2021 var det 20 lærlingar som hadde kontrakt med Ulstein kommune via Opplæringskontoret søre Sunnmøre. Ved utgangen av året, var talet på lærlingar ti.

Lærlingane i Ulstein kommune har vore fordelt på barne- og ungdomsarbeidarfaget, helsearbeidarfaget og institusjonskøkk. Ni av lærlingane gjennomførte fagprøve i 2021. Åtte av ni fekk bestått fagprøva. Ein kontrakt vart heva. Hevinga var eit ønske frå kandidaten som valte å gå vidare på skule frå hausten 2021.

Både Opplæringskontoret og fagleiarane i kommunen har jobba godt med tilrettelegging og oppfølging for å sikre at lærlingane kjem i mål med fagprøva. Samarbeidet med Opplæringskontoret er svært godt.

I tillegg til ordinære lærlingar, har Ulstein kommune engasjert seg i to andre regionale/fylkeskommunale prosjekt som skal gi tilbod om læreplass og sikre mangfald og integrering:

Ulstein kommune har i samarbeid med Nav, Møre og Romsdal fylkeskommune og andre kommunar på Søre Sunnmøre arbeid for å etablere tilrettelagte løp for fagopplæring. I 2018 starta eit treårig opplæringsløp i helsefag for 15 deltakarar. Frå fylkeskommunen si side vart det lagt opp til læretid på eitt år

for desse lærlingane. Bakgrunnen for dette var at dei i dei to første åra har hatt praksis tilsvarande eitt år. I ettertid ser vi at eitt år for dei fleste er for kort til å klare fagprøven. Læretida er difor no utvida.

Sommaren 2019 vart det starta ein eit tilsvarande løp innan industrimekanikarfaget. Dette som eit samarbeid med lokalt næringsliv ved MAFOSS. Om lag 10 bedrifter i regionen er med i prosjektet, og stiller med praksisplass og rettleiarar på arbeidsplassen. Ulstein kommune er vertskommune for prosjekta og begge prosjekta har vorte tildelt midlar frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, med grunngeving i at prosjekta er av nasjonal interesse. Det overordna målet for prosjekta er at deltakarane skal fullføre utdanning og kome i ordinært arbeid, i tillegg til å sikre tilgang på faglært arbeidskraft no og framover.

Noko under halvparten av kandidatane i industrimekanikarfaget fekk læreplass i 2021. Gitt koronapandemien og den krevjande situasjonen i den maritime næringa, var dette betre enn vi hadde forventa, og det samsvarar med trenden for andre lærlingar i bransjen. Fylkeskommunen oppretta eit løp for VG3 på skule for dei som ikkje fekk læreplass.



## Sjukefråvær og arbeidsnærvær


Ulstein kommune har ei målsetting om at sjukefråværet ikkje skal overstige 7 prosent. Trass i at 2021 har vore nok eit annleis år med pandemi, høgt arbeidspress og låg terskel for korttidsfråvær, er ikkje sjukefråværet i Ulstein kommune høgt med tanke på at vi har hatt eit år med pandemi, høgt arbeidspress og slitasje i store delar av organisasjonen.

Vi hadde eit stigande sjukefråvær mot slutten av året. Medan fråværet i helse og omsorg var relativt lågt og stabilt samanlikna

med tidlegare år og tilsvarande bransje, var fråværet i oppvekst og kultur høgre enn på svært lenge. Vi veit ikkje sikkert kvifor det er slik, men pandemiperioden har vore svært krevjande for dei tilsette.

Meir detaljert om sjukefråvær i etat og i avdelingane vert opplyst og kommentert under kvar avdeling annan stad i årsrapporten.

UTVIKLING I SJUKEFRÅVÆRET FOR ULSTEIN KOMMUNE



## Likestilling og diskriminering

### LOV OM LIKESTILLING OG FORBOD MOT DISKRIMINERING §1:

*Lovens formål er å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgaver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlige forhold ved en person.*

*Med likestilling menes likeverd, like muligheter og like rettigheter. Likestilling forutsetter tilgjengelighet og tilrettelegging.*

*Loven tar særleg sikte på å bedre kvinners og minoriteters stilling. Loven skal bidra til å bygge ned samfunnsskapt funksjonshemmende barrierer, og hindre at nye skapes.*

**Likelønn:** Vi har jobba aktivt med å sikre likelønn for kvinner og menn gjennom rekruttering og i lønnspolitikken. I 2021 er vi godt nøgde med eit resultat som viser at grunnløna til kvinner i prosent av menn, justert for stillingskode er 101 prosent, og justert for utdanning 100,4 prosent.

JUSTERT FOR	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Stillingskode	95,5	96,9	98,1	98,5	101,2	101	100,8
Utdanning	93,9	96,3	98,6	95,7	100,3	100,4	100

Utvikling i lønnsforhold justert for ulike faktorar i Ulstein kommune. Gjennomsnittleg grunnlønn per månadsverk for kvinner i prosent av lønna til menn.

**Heiltidskultur:** Gjennom ein treårsperiode har Ulstein kommune jobba aktivt med å etablere heiltidskultur i organisasjonen. I tillegg til å sikre gode og likestilte tenester for brukarane våre, er dette også eit vesentleg arbeid for å styrke likestilling mellom kvinner og menn, sidan det i hovudsak er kvinner som arbeider deltid. Det organiserte prosjektet vart avslutta i 2021. Sjå meir om dette annan stad i årsrapporten.

**Tilrettelegging og tilgjenge:** Utbygging og utviding av turvegar, tettstadutvikling, meir ope bibliotek, gratis utlånsordning på BUA og Ung Arena er alle med på å gjere aktivitet og teneste tilgjengeleg for alle, uavhengig av funksjonsevne og økonomi.

## Heiltidskultur

I arbeidet med å etablere heiltidskultur i Ulstein kommune, har vi lagt vekt på tenestekvalitet, kontinuitet, kompetanse, arbeidsmiljø, nærvær og leiing. Også i 2021 har både vi og andre fått erfare at fleire heiltidstilsette og fleire i store stillingar også er med på å sikre smittevern for innbyggjarar som treng våre tenester.


Trass fleire avlysingar og utsettingar, vart det gjennomført fellessamling med KS og Ørsta kommune i lag med sentrale tillitsvalte. Vi har lært og gjennomført mykje i prosjektperioden, men har også erfart at endring tek tid og at fleire partar må gjere ein innsats.

For å sikre likestilte tenester, likestilling og likeverd, ser vi det som svært viktig at heile organisasjonen tek eit felles ansvar for gode tiltak innan folkehelse og inkludering. Dette gjer vi gjennom mange små og større tiltak. Vi har godt samarbeid med Nav lokalt, der vi bidreg med praksisplassar og tilrettelegging for at flest mogleg skal få tilgang til arbeidslivet.

Som ein av sju kommunar vart Ulstein valt ut til å bidra i eit nasjonalt prosjekt der resultatet vart ein rettleiar for stillingsutlysingar, rekruttering og heiltidskultur i dei kommunale helse- og omsorgstenestene i norske kommunar.

I tabellen under, ser vi at 49 prosent av våre tilsette har 100 prosent stilling i 2021, mot 38 prosent i 2015. Vi ser også at dei som har auka stillingsprosenten sin, er kvinner som har hatt lågare stillingsprosent tidlegare. At vi har låg prosentdel av menn med heiltidsstilling kan forklarast med at vi har mange brannkonstablar med låg stillingsprosent (1,68 prosent). Desse har i all hovudsak 100 prosent stilling hos andre arbeidsgivarar.

GJENNOMSITTLEG STILLINGSPROSENT PER TILSETT FORDELT PÅ SEKTOR




Heiltidskultur handlar om mykje meir enn turnus og arbeid innan helse og omsorg. Likevel er dette eit felt det må jobbast ekstra godt med. Av dei som har turnusarbeid i Ulstein kommune, er det 34,4 prosent som har heiltidsstilling, mot 32 prosent året før. Dette er 4,5 prosentpoeng betre enn landssnittet.

Gjennomsnittleg stillingsprosent for dei som jobbar turnus i Ulstein kommune er 72,5 ,medan det på landsbasis er 70,7. Vi går rett veg, men for å få gode resultat innan dette feltet, kan vi ikkje nøye oss med musesteg. Det er ein stor jobb både lokalt og nasjonalt å implementere dette i heile organisasjonen.

HEILTIDSKULTUR – UTVIKLING 2015-2021							
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>0 - 24,9% Alle</b>	<b>13</b>	<b>13</b>	<b>10,8</b>	<b>12,7</b>	<b>10,1</b>	<b>12</b>	<b>11,5</b>
Kvinner	10,7	9,5	8,6	8,3	5,8	8,6	7,7
Menn	22	25,7	19,3	27,7	24,6	23,3	25
<b>25-49,9% Alle</b>	<b>7,6</b>	<b>8</b>	<b>7,4</b>	<b>8,6</b>	<b>6,9</b>	<b>7,3</b>	<b>6,8</b>
Kvinner	7,4	8	7,5	8,9	7,1	7,5	6,5
Menn	8,5	8,1	7,1	7,7	6,3	6,7	7,9
<b>50-74,9% Alle</b>	<b>20,2</b>	<b>16,9</b>	<b>16,5</b>	<b>15,9</b>	<b>16,1</b>	<b>14,2</b>	<b>14,8</b>
Kvinner	22,7	18,2	17,6	17,3	18,4	15,5	16,6
Menn	10,2	12,2	12,1	11	8,5	9,8	8,5
<b>75-99,9% Alle</b>	<b>21,1</b>	<b>24,4</b>	<b>21,8</b>	<b>20</b>	<b>17,6</b>	<b>16,9</b>	<b>17,8</b>
Kvinner	24,2	29,9	25,5	23,7	23,7	19,4	19,9
Menn	8,5	4,7	7,1	7,1	7	8,6	10,4
<b>100% Alle</b>	<b>38,1</b>	<b>37,7</b>	<b>43,5</b>	<b>42,8</b>	<b>49,3</b>	<b>49,6</b>	<b>49,1</b>
Kvinner	34,9	34,5	40,7	41,7	48	49,1	49,3
Menn	50,8	49,3	54,3	46,5	53,5	51,5	48,2

#### PROSENTVIS DEL HEILTIDSTILSETTE I HELSE- OG OMSORGTENESTER I ULSTEIN KOMMUNE



#### Figur nedst på side 26:

\*I brannvesenet/teknisk er det mange deltidsstillinger med låg stillingsprosent. Desse er del av brannberedskapen og har stort sett heile stillingar hos annan arbeidsgivar i tillegg.



# Avviksrapportering

Vi nyttar eit elektronisk system for registrering og behandling av avvik.

Tilsette som er utsette for vald og trugslar på jobb, er ei omfattande og stigande utfordring både lokalt og sentralt. Sidan 2020, har vi i større grad differensiert rapportering av avvik og småskader. Dette vert særleg gjort i helse og omsorgsetaten. Småskader omhandlar klor, bitt, slag, spark, lugging og verbal utagering frå brukarar som vert registrert som mindre alvorlege. Omfanget er likevel alvorleg. I helse og omsorgsetaten i Ulstein vart det rapportert i alt 7942 slike tilfelle. I oppvekstetaten vart det rapportert 11 tilfelle av småskader i 2021. Desse kjem i tillegg til avviksmeldingane i tabellen under.

Dette tek vi svært alvorleg. Tiltak vert sett inn på fleire nivå; kurs og opplæring i regi av bedriftshelsetenesta, samarbeid med andrelinetenesta om individuelle tiltak for førebygging og handtering, kompetanseheving, samarbeidsmøte og kvalitetsarbeid. I 2021 har vi hatt fleire gjennomgangar med risikovurdering og iverksetting av tiltak. I tillegg har vi hatt god kontakt med politiet for hjelp til førebygging og handtering av alvorlege hendingar. Også organisering av arbeidet og fordeling av ressursar er tiltak som skal førebygge vald og trugslar og sikre eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø.

Avvik på HMS og vald og trugsmål er tema i AMU. Det vert heile tida arbeid for at dette skal vere eit system for kontinuerleg forbetring.

AVVIK/AVDELING	TENESTEKVALITET	HMS	TRUGSLAR OG VALD	INFORMASJONS-SIKKERHEIT	SUM AVVIK
Helse- og omsorgsetaten	225 (249)	28 (25)	313 (128)	4 (7)	570 (409)
Oppvekst- og kulturetaten	13 (2)	35 (10)	66 (31)	5 (3)	119 (46)
Teknisk etat	-	-(3)	-	-	- (3)
Sentraladministrasjonen	- (2)	1 (2)	-	2 (3)	3 (7)
UEKF	1 (1)	1 (3)	- (4)	-	2 (8)
<b>SUM AVVIK</b>	<b>239 (254)</b>	<b>65 (43)</b>	<b>379 (163)</b>	<b>11 (13)</b>	<b>694 (473)</b>

Tal frå 2020 i parentes

## Etikk

Vi har etiske retningslinjer som gjeld både folkevalde og tilsette i Ulstein kommune.

Retningslinjene skal vere ei hjelp til større forståing, openheit og innsyn, og med det unngå spekulasjonar og mistanke om uetiske handlingar og kritikkverdige forhold. Kommunestyret, kommunedirektør og einingsleiarar skal utøve eit leiarskap basert på høg etisk standard. Etikkreglementet er forankra i kommunen sine kjerneverdiar: Nyskaping, omsorg, rausheit og mangfald.

Retningslinjene vert gjorde kjende for alle tilsette ved tilsetjing. Lojalitet mot regelverket og yringsfridom vert diskutert i organisasjonen med ujamne mellomrom. Vi har ikkje klare eksempel på at dette kjem i konflikt. Yringsfridomen står sterkt, og det er positivt at kommunalt tilsette deltek i det offentlege ordskiftet.

Høg etisk standard er eit grunnlag for tillit frå innbyggerane til kommunen. Etikk er og ein viktig byggestein i kommunane sitt arbeid med ein god internkontroll. Etter kommunestyrevalet I

2019 vart det halde folkevaldopplæring for nyvalde politikarar i Ulstein i samarbeid med KS. Den administrative leiinga deltok også på opplæringa. Etikk var eitt av emna som vart gjennomgått, med vekt på spørsmål om gildskap. Ulike etiske dilemma vart drøfta. Kommunen nyttar det nasjonale Styrevervregisteret, der roller og eigarinteresser til folkevalde, kommunedirektøren leiargruppe og mellomleiarar med budsjettansvar går fram.

Personvern har fått auka merksemd dei siste åra på grunn av personvernforordninga (GDPR), også i vår organisasjon. I 2019 publiserte vi omfattande oversikter over kva personopplysningar dei ulike etatane samlar inn – og korleis opplysningane vert behandla. Dette er eit arbeid som krev oppdatering om det skal vere kvalitativt godt. Vi har elles ei personvernerklæring som gjer greie for korleis kommunen samlar inn og nyttar personopplysningar. På nettstaden viser vi korleis innbyggerane kan gå fram for å be om innsyn i opplysningane vi har om dei. Arbeidet med oppdatering av personvernerklæringane er sett i gong. Dette arbeidet vert samordna med utskifting av Risk Manager.

## Arbeid med kontroll av verksemda

Kontrollen av verksemda er eit omfattande og kontinuerleg arbeid. Avvikssystemet vårt, Risk Manager, er ein viktig del av denne oppfølginga. Programvara er ein eldre versjon og det er problem å drifte det på ein stabil måte. Systemet vert difor erstatta av ei ny programvare Samsvar, som vart innkjøpt i 2021 og vert sett i verk i 2022. Programmet har også funksjonalitet for betre oppfølging innanfor arbeidet med personvern og for å klarlegge kommunen si oppfølging innanfor lovpålagte områder.

Avviksmeldingar og lukking av avvik er korrektiv i kontroll- og kvalitetsarbeidet. Vi ser av avviksmeldingane at nokre område som helse-og omsorg er flinke til å melde avvik, andre område er mindre flinke. Det er viktig å etablere ein god kultur for melding av avvik. Dette er eit verktøy for å betre kvaliteten på tenestene våre, men det er også eit verktøy for å sjå om rutinane våre fungerer. Det at rutinar ikkje vert følgt fører til meirarbeid og redusert kvalitet.

Delegeringsreglementet vart oppdatert og vedtatt i sak 25/21 den 25.03.2021. Økonomireglement vart vedtatt i sak 24/21 i same møte. Finansreglement står att og det er ikkje råd å prioritere arbeidet med dette midt i omlegging av nytt økonomi- og HR-system. Etter regelverket skulle økonomireglement og finansreglement ha vore til politisk handsaming innan utgangen av 2020.

Arbeidet med nytt sak- og arkivsystem vart starta i 2018, og nytt system vart tatt i bruk i juni 2019. Systemet gir ein mykje betre dokumentasjon på handteringar og endringar i dokument. Ny funksjonalitet er tatt i bruk i 2021 og det er etablert protokollar for delegererte saker og system for rapportering av oppfølging av vedtak knytt til tertialrapportar,

Kommunen har i 2021 hatt tilsyn frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

- ▶ Kommunen som myndigheit for forsøpling og forureina grunn. Ingen avvik, men to merknader.
- ▶ Tilsyn etter barnehagelova –kapittel VII. Pålegg om retting etter kommunelova § 30-4. Dette er retta og tilsynet er avslutta.
- ▶ Tilsyn om vassforsyningssystemet. Det vart ikkje avdekkta tiltak som vil føre til varsel om vedtak.

Kontrollutvalet har også gjennomført kontroll av kommunen sin praksis med krav på eigendelar ved opphald i institusjon. Vedtak om tilbakebetaling er i hovudsak gjennomført. I nokre saker er det vanskeleg finne/få dialog med rette mottakarar.

Det vart starta opp eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg. Prosjektet vert avslutta i 2022.

Arbeidet med å avdekke feil i brukarbetaling ved opphald i institusjon, og arbeidet med kontrollrekning og tilbakebetaling har kravd mykje ressursar i 2021.

Sakene som vi har hatt oppe knytt til brukarbetaling innafor omsorg og varslingssaka viser at det er behov for å bruke meir ressursar på kvalitetssikring og kontroll. Vi gjennomfører store omleggingar av administrative system utan å tilføre nye ressursar, og vi står framfor innføring av Helseplattformen. Alt dette vil krevje endingar i organisasjonen og meir belastning i ein innføringsperiode. Krava til sakshandsamarkompetanse aukar for å halde tritt med eit stadig meir omfattande lover, og ikkje minst auka rettar på brukarsida. Det er behov for å auka kapasitet på sakshandsaming, kontroll og kvalitetsarbeid. Dette vert tatt opp i eiga sak ut frå kommunestyret sitt vedtak i 2022 og behov for styrka internkontroll.

I budsjettvedtaket for 2022 vart det løyvd midlar til kjøp av personvernombod-funksjon frå Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal.

## Driftsresultat

Rekneskapa for Ulstein kommune viser eit positivt netto driftsresultat på 7,98 millionar kroner, 6,80 millionar kroner betre enn revidert budsjett. Netto inntektsføring frå bundne driftsfond på 0,57 millionar kroner, saman med overføring av 0,3 millionar kroner frå drifta til finansiering av investeringar, gjer at disposisjonsfondet vert auka med 8,25 millionar kroner. Ved utgangen av 2021 utgjer disposisjonsfondet 37,85 millionar kroner i kommunekassa.

Skatteinntektene til kommunane vart i statsbudsjettet for 2021 anslått til 180,635 milliardar kroner. Den faktiske skatteinntekta vart 195,970 milliardar kroner, ein meirskattevekst på vel 15,3 milliardar kroner. For landet utgjer dette om lag 2 836 kroner per innbyggjar. Ulstein fekk ein meirskattevekst i forhold til budsjett på om lag 3 117 kroner per innbyggjar. Brutto skatteinngang per innbyggjar målt i prosent av landssnittet vart 100,8 prosent, mot 102,6 prosent i 2020. Ved budsjetteringa av skatteinntektene for 2021 vart skatteinntekt per innbyggjar lik landssnittet lagt til grunn i KS sin prognosemodell. Det samla positive avviket på 24,7 millionar kroner for skatt og rammetilskot vert forklart av tabellen under:

(TAL I 1000 KRONER)	BUDSJETT	REKNESKAP	AVVIK
Brutto skatteinngang	287 278	314 138	26 860
Inntektsutjamning	-3 406	-5 179	-1 774
Auka skatteanslag kommunestyret	500	-	-500
Budsjettjustering grunna endra formuesskatt	-104	-	104
<b>SUM</b>	<b>284 269</b>	<b>308 959</b>	<b>24 690</b>

Ved innføringa av eigedomsskatten i 2018 var inntekta frå skatten 14,3 millionar kroner. I 2021 er denne redusert til 12,1 millionar kroner. Dette skuldast auka reduksjonsfaktor i eigedomsskattetakstane i kombinasjon med ein reduksjon av eigedomsskattesatsen frå 2‰ til 1,75‰, og gav eit negativt budsjettavvik på 1,4 millionar kroner i 2021. Andre overføringar og tilskot frå staten har eit negativt avvik på 1,6 millionar kroner og skuldast mindre inntekter frå integreringstilskot og Havbruksfondet enn budsjettert. For overføringar og tilskot frå andre er det ei meirinntekt på 19,4 millionar kroner. Om lag 6,6 millionar kroner av dette er knytt til helse- og omsorgssektoren, medan 7,5 millionar kroner relaterer seg til oppvekstsektoren og 6,5 millionar kroner til sentraladministrasjonen. Samtidig er det for begge områda teknisk etat og skatt og rammetilskot mindreinntekter for vel 0,5 millionar kroner. For sentraladministrasjonen er 4,8 millionar kroner av det positive avviket knytt til den kommunale kompensasjonsordninga for lokale verksemdar. 2,7 millionar kroner av desse midlane vart utbetalt i 2021, dei resterande 2,1 millionar kronene er sett av på bundne fond og vil verte utbetalt i 2022.

Andre døme på opphav til desse avvika er:

- ▶ større lønnsstilskot frå Nav enn budsjettert
- ▶ større refusjon frå andre kommunar til grunnskuleopplæring enn budsjettert
- ▶ større refusjon frå staten i samband med vidareutdanning av lærarar enn budsjettert
- ▶ tilskot frå Utdanningsdirektoratet til sommarskuletilbod
- ▶ større refusjon frå Helsedirektoratet for gjesteinnbyggjaroppgjjer og frå Helfo enn budsjettert
- ▶ større prosjekttilskot til helsestasjonstenesta enn budsjettert
- ▶ større prosjekttilskot til innovasjonstiltak, velferdsteknologi og ulike aktivitetstiltak enn budsjettert
- ▶ større prosjekttilskot til kommunalt rusarbeid/psykisk helse og rus enn budsjettert
- ▶ mindre refusjon enn budsjettert frå den statlege refusjonsordninga for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester
- ▶ mindreinntekter frå fjernvarmeselskapet knytt til leige av infrastruktur

I den grad desse meirinntektene har sitt opphav i projektsøknader med tilhørande kostnader, vil dei kunne dekke inn negative avvik på utgiftssida.

Det negative avviket på brukarbetalingar skuldast utbetaling av etteroppgjjer for institusjonsopphald og mindreinntekter på kompetansesenteret knytt til vaksenopplæring. Med omsyn til sals- og leigeinntekter er det innan sjølvkostområda eit negativt avvik på 3,2 millionar kroner, i tillegg til eit negativt avvik på 1,1 millionar kroner innan oppmåling/regulering/byggesak.

Lønnsoppgjjeret i kommunal sektor vart noko dyrare enn rekna med, og er delvis med på å forklare det negative avviket på 15,9 millionar kroner. Prosjektførte lønnskostnader utgjer likevel nesten halvparten av avviket, jamfør meirinntekta på 19,4 millionar kroner innan overføringar og tilskot frå andre. Lønnsavviket som ikkje kan forklarast med prosjektførte lønnskostnader ligg primært innanfor oppvekst, og då særleg innanfor skule.

Kjøp av varer og tenester har eit negativt avvik på 9,6 millionar kroner. Helse og omsorg står for 8,2 millionar kroner av dette, og utgjer ein stor del av det samla negative budsjettavviket på 10,8 millionar kroner for dette området. Auka tilskot til legar og fysioterapeutar, auka kostnader til felles legevakt, markant auka kostnader til BPA og negative avvik innan sosialtenesteområdet er blant dei viktigaste årsakene til avviket. Barnehageområdet har også eit negativt avvik på vel 1 million kroner, hovudsakeleg knytt til tilskot til dei private barnehagane.



Det negative avviket på 4,1 millionar kroner for overføringar og tilskot til andre er hovudsakeleg knytt til den kommunale kompensasjonsordninga for lokale verksemdar, i tillegg til utbetalingar frå det kommunale næringsfondet som vart oppretta sommaren 2020, då Ulstein kommune fekk vel 2 millionar kroner frå KMD i ein krisepakke for å kunne legge til rette for auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping.

Innan finansområdet vart avkastinga på midlar til aktiv forvaltning 1,8 millionar kroner betre enn budsjettert. Det negative avviket på renteutgifter skuldast rentekompensasjon ved utbetaling av etteroppjera for institusjonsopphald. For avdrag på lån skuldast avviket endra praksis ved utrekning av

minsteavdraget med omsyn til unytta lånemidlar.

Det er ikkje vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane ut over at omsorgssektoren slit med å halde seg innanfor dei gitte budsjetttrammene. I tillegg viser bevilgningsoversikt drift eit underskot på 6,9 millionar kroner for teknisk etat si del, men 4,3 millionar kroner av dette skuldast større bruk av fond enn budsjettert innan sjølvkostområdet. Ut frå dei førebelse KOSTRA-tala steig netto driftsutgifter på landsnivå med 13,2 prosent innan helse- og omsorgssektoren i 2021, og den same tendensen gjer seg gjeldande i Ulstein. For framtida vert det viktig å ta omsyn til endringar i utgiftsbehovet og demografisk utvikling ved prioritering av budsjetttrammene.

#### § 5-6. ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT, ULSTEIN KOMMUNE

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2021	Opphavleg budsjett 2021	Justert budsjett 2021	Avvik 2021	Rekneskap 2020
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>					
Rammetilskot	-230 240	-225 914	-235 418	-5 178	-228 596
Inntekts- og formuesskatt	-314 138	-284 373	-284 269	29 869	-276 618
Eigedomsskatt	-12 054	-13 470	-13 470	-1 416	-11 790
Andre skatteinntekter	-34	-30	-30	4	-34
Andre overføringar og tilskot frå staten	-13 726	-14 705	-15 335	-1 610	-22 306
Overføringar og tilskot frå andre	-117 240	-69 133	-97 791	19 449	-108 129
Brukarbetalingar	-20 919	-20 706	-22 386	-1 467	-19 958
Sals- og leigeinntekter	-46 982	-51 317	-51 370	-4 388	-58 329
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-755 332</b>	<b>-679 648</b>	<b>-720 070</b>	<b>35 263</b>	<b>-725 759</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>					
Lønnsutgifter	352 585	301 859	336 695	-15 891	332 003
Sosiale utgifter	85 212	81 108	86 253	1 041	78 307
Kjøp av varer og tenester	256 919	249 169	247 322	-9 598	267 709
Overføringar og tilskot til andre	26 045	19 335	21 974	-4 071	20 680
Avskrivningar	23 839	8 540	23 839	0	23 025
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>744 600</b>	<b>660 011</b>	<b>716 081</b>	<b>-28 518</b>	<b>721 724</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-10 733</b>	<b>-19 637</b>	<b>-3 988</b>	<b>6 744</b>	<b>-4 035</b>
<b>FINANSINNTEKTER/FINANSUTGIFTER</b>					
Renteinntekter	-1 835	-2 227	-1 702	133	-3 194
Utbytte	-1 278	-1 500	-1 500	-222	-1 208
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-3 312	-1 500	-1 500	1 812	-1 825
Renteutgifter	7 259	7 767	6 592	-667	11 735
Avdrag på lån	25 759	24 753	24 753	-1 006	22 867
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>26 592</b>	<b>27 293</b>	<b>26 643</b>	<b>51</b>	<b>28 376</b>
Motpost avskrivningar	-23 839	-8 540	-23 839	0	-23 025
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-7 980</b>	<b>-884</b>	<b>-1 184</b>	<b>6 795</b>	<b>1 315</b>
<b>DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT</b>					
Overføring til investering	300	0	300	0	0
Netto avsettingar til eller bruk av bundne driftsfond	-571	2 355	2 355	2 927	8 539
Netto avsettingar til eller bruk av disposisjonsfond	8 251	-1 471	-1 471	-9 722	-9 854
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>7 980</b>	<b>884</b>	<b>1 184</b>	<b>-6 795</b>	<b>-1 315</b>
<b>FREMFORT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (MEIRFORBRUK)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>

# Investeringsrekneskapen

Ulstein kommune har i 2021 investert 50,0 millionar kroner i varige driftsmidler (inklusive momskompensasjon). Dei største investeringsprosjekta i 2021 var:

- ▶ grunnkjøp/tomteutbygging Skeide, 23,8 millionar kroner
- ▶ vatn og avløp, 11,4 millionar kroner
- ▶ Almejordet barnehage, 9,9 millionar kroner
- ▶ fjernvarme, 1,4 millionar kroner
- ▶ velferdsteknologi, 1,3 millionar kroner

Dei prosjekta som har størst avvik i forhold til budsjettet framdriftsplan er som følger:

- ▶ vatn og avløp, 10,5 millionar kroner
- ▶ gangveg/turveg indre Haddal, 3,7 millionar kroner
- ▶ oppgradering av Ulstein kyrkje, 0,8 millionar kroner

§ 5-5. BEVILLINGSOVERSIKT – INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE				
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2021	Opphavleg budsjett 2021	Justert budsjett 2021	Rekneskap 2020
<b>INVESTERINGSUTGIFT</b>				
Investeringar i varige driftsmiddel	49 964	16 050	56 104	59 248
Tilskot til andre sine investeringar	15 860	14 300	14 600	7 000
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	12 233	0	12 233	5 413
Utlån av egne middel	312	5 700	6 300	0
Avdrag på lån	9 144	21 000	8 032	4 476
<b>Sum investeringsutgift</b>	<b>87 514</b>	<b>57 050</b>	<b>97 269</b>	<b>76 137</b>
<b>INVESTERINGSINNTEKT</b>				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-5 343	-790	-6 617	-4 672
Tilskot frå andre	-10 579	0	-4 719	-9 148
Sal av varige driftsmiddel	-11 743	-21 000	-8 733	-2 022
Sal av finansielle anleggsmiddel	-87	0	0	-540
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av egne middel	-11 000	0	-11 000	-3 920
Bruk av lån	-39 351	-15 096	-46 754	-44 848
<b>Sum investeringsinntekt</b>	<b>-78 103</b>	<b>-36 886</b>	<b>-77 822</b>	<b>-65 151</b>
<b>VIDAREUTLÅN</b>				
Vidareutlån	9 143	6 000	11 373	6 627
Bruk av lån til vidareutlån	-9 143	-6 000	-11 373	-6 627
Avdrag på lån til vidareutlån	3 288	0	0	2 655
Mottekne avdrag på vidareutlån	-3 215	0	0	-3 029
<b>Netto utgift vidareutlån</b>	<b>73</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-374</b>
<b>OVERFØRING FRÅ DRIFT OG NETTO AVSETTINGAR</b>				
Overføring frå drift	-300	0	-300	0
Netto avsettingar til eller bruk av bundne investeringsfond	2 329	0	-300	-1 034
Netto avsettingar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-11 513	-20 164	-18 847	-9 578
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsettingar</b>	<b>-9 484</b>	<b>-20 164</b>	<b>-19 447</b>	<b>-10 612</b>
<b>FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (UDEKT BELØP)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>OVERFØRING TIL FORDELING (§ 5-5, ANDRE LEDD)</b>				
Inntekter til fordeling	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	78 369	36 050	89 237	71 661
<b>Sum til fordeling (netto)</b>	<b>78 369</b>	<b>36 050</b>	<b>89 237</b>	<b>71 661</b>

# Balanse

BALANSEREKNESKAP ULSTEIN KOMMUNE					
	2021	2020	2019	2018	2017
<b>EIGEDELAR</b>					
<b>(A) ANLEGGSMIDLAR</b>					
Faste eigedomar og anlegg	583 194 012	571 099 132	540 990 231	505 320 256	498 744 399
Utstyr, maskinar og transportmidlar	50 173 609	46 377 039	45 200 814	49 082 419	27 083 529
Utlån	80 117 769	84 646 619	85 161 405	74 258 500	74 125 840
Aksjar og eigardelar (anleggsmiddel)	90 592 061	78 358 834	73 245 959	67 957 947	78 185 249
Pensjonsmiddel	642 202 718	683 996 367	636 212 137	600 922 810	558 346 839
<b>Sum anleggsmiddel</b>	<b>1 446 280 169</b>	<b>1 464 477 991</b>	<b>1 380 810 546</b>	<b>1 297 541 933</b>	<b>1 236 485 856</b>
Bankinnskot og kontantar	54 944 553	95 492 615	130 074 529	120 218 011	128 850 832
Aksjar og eigardelar (omløpsmiddel)	49 364 767	46 052 423	0	5 282 472	6 387 285
Obligasjonar	0	0	0	5 111 744	5 065 472
Kundefordringar	6 924 584	15 470 094	22 353 391	21 250 385	12 789 270
Andre kortsiktige fordringar	48 221 754	34 906 448	38 427 607	43 645 841	48 420 052
Premieavvik	16 437 068	34 459 062	34 613 664	29 748 387	27 782 377
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>175 892 726</b>	<b>226 380 642</b>	<b>225 469 191</b>	<b>225 256 841</b>	<b>229 295 288</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>	<b>1 622 172 895</b>	<b>1 690 858 633</b>	<b>1 606 279 737</b>	<b>1 522 798 773</b>	<b>1 465 781 144</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>					
<b>(C) EGENKAPITAL</b>					
Disposisjonsfond	-37 852 388	-29 601 651	-39 455 736	-36 459 403	-35 755 002
Bundne driftsfond	-19 558 027	-20 129 181	-11 590 015	-11 036 575	-12 062 288
Ubundne investeringsfond	-20 668 778	-32 181 826	-41 759 401	-46 056 147	-46 623 352
Bundne investeringsfond	-3 173 210	-844 407	-1 878 526	-1 708 075	-2 585 600
Rekneskapsmessig mindreforbruk				-97 534	-325 086
Kapitalkonto	-169 026 807	-168 996 253	-80 493 051	-66 924 982	-29 857 273
Endring i regnskapsprinsipp drift	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	<b>-245 984 802</b>	<b>-247 458 910</b>	<b>-170 882 322</b>	<b>-157 988 309</b>	<b>-122 914 194</b>
<b>(D) GJELD</b>					
Pensjonsforplikting	-680 829 703	-706 592 620	-734 050 907	-702 665 192	-690 747 719
Obligasjonslån	-271 356 600	0	0	0	0
Sertifikatlån	-110 924 800	-427 432 600	-393 683 017	-357 881 220	-343 725 559
Gjeld til kredittinstitusjonar	-227 189 052	-221 864 328	-213 061 241	-211 173 181	-209 655 329
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>-1 290 300 155</b>	<b>-1 355 889 548</b>	<b>-1 340 795 165</b>	<b>-1 271 719 593</b>	<b>-1 244 128 607</b>
Kortsiktig gjeld					
Leverandørgjeld	-10 747 070	-18 129 851	-22 134 376	-20 270 057	-20 339 963
Anna kortsiktig gjeld	-75 905 449	-69 639 305	-72 833 697	-71 399 604	-77 031 122
Premieavvik	764 582	258 981	365 823	-1 421 211	-1 367 258
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>-85 887 937</b>	<b>-87 510 175</b>	<b>-94 602 250</b>	<b>-93 090 872</b>	<b>-98 738 343</b>
<b>SUM GJELD</b>	<b>-1 376 188 092</b>	<b>-1 443 399 723</b>	<b>-1 435 397 415</b>	<b>-1 364 810 465</b>	<b>-1 342 866 950</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>-1 622 172 895</b>	<b>-1 690 858 633</b>	<b>-1 606 279 737</b>	<b>-1 522 798 773</b>	<b>-1 465 781 144</b>
<b>BALANSEN SIN NETTOSUM</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>(E) MEMORIAKONTI</b>					
Unytta lånemidlar	13 045 732	60 406 748	40 476 621	41 101 593	37 498 975
Andre memoriakonti	2 803 307	2 872 374	3 000 610	2 536 552	2 474 308
Motkonto for memoriakontiene	-15 849 039	-63 279 122	-43 477 231	-43 638 145	-39 973 283
<b>SUM MEMORIAKONTI</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## Fond

Ved inngangen til 2021 hadde Ulstein kommune om lag 49,7 millionar kroner i fond som kan nyttast til driftstiltak og 33,0 millionar kroner i fond som kan nyttast til investeringsstiltak. Per 31.12.21 er dette auka til 57,4 millionar kroner i driftsfond, medan investeringsfonda er redusert til 23,8 millionar kroner. Bundne fond er fond som ikkje kan disponerast fritt av kommunen, men som er bundne til gitte formål.

Det er framleis positive fond knytt til sjølvkostområdet, sjå tabellen under. Fondet knytt til vatn er likevel meir enn halvert, hovudsakeleg grunna mindre gebyrinntekter og høgare rentekostnader enn budsjettet.

	FOND 31.12.2020	RESULTAT 2021	FOND 31.12.2021
Vatn	3 530 249	-1 937 954	1 592 295
Avløp	3 936 443	-149 704	3 786 739
Feiing	141 219	75 444	216 663
	<b>7 607 911</b>	<b>-2 012 214</b>	<b>5 595 697</b>

Nedgangen i investeringsfonda skuldast først og fremst at kapitalfondet har vorte nytta til å delfinansiere utbygginga av ny brannstasjon og barneskule.

	2017	2018	2019	2020	2021
Disposisjonsfond	35 755 002	36 459 403	39 455 736	29 601 651	37 852 388
Bundne driftsfond	12 062 288	11 036 575	11 590 015	20 129 181	19 558 027
<b>Sum driftsfond</b>	<b>47 817 290</b>	<b>47 495 978</b>	<b>51 045 751</b>	<b>49 730 832</b>	<b>57 410 415</b>
Kapitalfond	46 623 352	46 056 147	41 759 401	32 181 826	20 668 778

Tabellen viser utviklinga i driftsfonda og kapitalfondet dei siste fem åra.

Dei største bundne driftsfonda utanom sjølvkostfonda er:

- ▶ kompensasjonsordning til lokale verksemder .....2.098.500
- ▶ næringsfondet ..... 804.583
- ▶ styrking norskspråkleg utvikling minoritetspråklege barn ..... 752.552
- ▶ velferdsteknologi til barn og unge vaksne .....692.795
- ▶ næringsfond – kompensasjon næringslivet..... 690.000
- ▶ kommunalt rusarbeid ..... 660.000
- ▶ ReKomp-midlar ..... 631.736
- ▶ Næringsfond 2020 (COVID19)..... 619.707
- ▶ DeKomp-midlar ..... 619.562
- ▶ konsesjonsavgift Ulsteindalen ..... 598.952
- ▶ velferdsteknologi sjustjerna ..... 561.036

# Pensjon

Etter § 3-5 og § 3-6 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen verte belasta med pensjonskostnader som er rekna utifrå langsiktige føresetnader om avkasting, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadene reknast ut på ein annan måte enn pensjonspremien som betalast til pensjonsordningane, og det vil difor normalt vere forskjell mellom desse to beløpa. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad kallast premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast

i driftsrekneskapen. Premieavviket tilbakeførast (amortiserast) igjen neste år med 1/7 per år for premieavvik oppstått i 2014 eller seinare, 1/10 for premieavvik oppstått ifrå 2011 til 2013 og 1/15 for premieavvik oppstått ifrå 2002 til 2010. Rekneskapsføring av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innverknad på netto driftsresultat ved at rekneskapsførte pensjonsutgifter i 2021 er 15 351 790 kroner større enn faktisk betalte pensjonspremiar, sjå tabellen under:

PENSJONSUTGIFTER I DRIFTS- OG INVESTERINGSREKNESKAPEN	2021	2020
A Berekna netto pensjonskostnad	30 765 117	30 432 610
B Forfalt pensjonspremie (eks. adm.kostnader)	23 186 957	36 959 597
<b>C Årets premieavvik (A-B)</b>	<b>7 578 160</b>	<b>-6 526 987</b>
D Amortisering av tidlegare års premieavvik	7 773 630	6 756 123
E Administrasjonskostnad	1 626 705	1 848 843
<b>F Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (B+C+D+E)</b>	<b>40 165 452</b>	<b>39 037 576</b>
G Pensjonstrekk tilsette	6 308 954	5 892 089
<b>Årets rekneskapsførte pensjonsutgift (F-G)*</b>	<b>33 856 498</b>	<b>33 145 487</b>

\* eks. tilskot til sikringsordninga

I all hovudsak skuldast dette den ekstraordinære tilførselen til premiefondet som følge av ny lov om offentleg tenestepensjon og at kommunen valde å bruke vel 36 millionar kroner av denne tilbakeføringa til å betale pensjonspremiar med i 2021. Premieavviket vart dermed negativt, og skal inntektsførast med 1/7 kvart av dei komande sju åra. Pensjonskostnadene til

neste år vil truleg gå ned sidan amortiseringa av tidlegare års premieavvik vert 4,9 millionar kroner i 2022, mot 7,8 millionar kroner i 2021.

Ulstein kommune er medeigar i KLP, og har betalt 1 133 227 kroner i eigenkapitaltilskot for 2021.

# Konsernet Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF

I vurderinga av kommunen si økonomiske stilling må vi ta omsyn til at eigedomsaktivitetane er organisert i eit eige kommunalt føretak. Skal vi kunne samanlikne oss med andre kommunar, må vi sjå kommunen og føretaket under eitt. Når det gjeld rapportering til KOSTRA vert Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF rapportert som separate einingar, men SSB konsoliderer desse og viser dei på konsernnivå. Konserntala til KOSTRA tek også med kommunen sine eigardelar i Søre

Sunnmøre Reinholdsverk (33,52 prosent), Søre Sunnmøre kommunerevisjon (14,29 prosent), Sunnmøre regionråd (5,88 prosent), Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal (2,20 prosent) og Vest Kontroll (11 prosent). Desse er ikkje inkludert i oppstillingane under. I tabellane under er konserntala for drifts- og investeringsrekneskapen og balansen per 31.12.21. Ulstein Eigedomsselskap legg fram eigen årsrapport til kommunestyret.

## § 5-6. ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

Tal i 1 kroner	Konsolidert rekneskap 2021	Opphavleg budsjett 2021 konsolidert	Justert budsjett 2021 konsolidert	Avvik 2021 konsolidert	Konsolidert rekneskap 2020
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>					
Rammetilskot	-230 240	-225 914	-235 418	-5 178	-228 596
Inntekts- og formuesskatt	-314 138	-284 373	-284 269	29 869	-276 618
Eigedomsskatt	-12 054	-13 470	-13 470	-1 416	-11 790
Andre skatteinntekter	-34	-30	-30	4	-34
Andre overføringar og tilskot frå staten	-14 829	-16 155	-16 785	-1 956	-23 698
Overføringar og tilskot frå andre	-119 066	-68 426	-99 480	19 586	-112 941
Brukarbetalingar	-20 919	-20 706	-22 386	-1 467	-19 958
Sals- og leigeinntekter	-71 672	-76 463	-76 516	-4 844	-72 810
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-782 952</b>	<b>-705 537</b>	<b>-748 355</b>	<b>34 597</b>	<b>-746 444</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>					
Lønnsutgifter	370 751	318 208	354 762	-15 989	349 533
Sosiale utgifter	90 416	85 411	90 556	140	82 813
Kjøp av varer og tenester	216 263	206 312	204 997	-11 266	217 007
Overføringar og tilskot til andre	29 896	21 537	25 153	-4 743	22 965
Avskrivningar	58 195	8 540	58 195	0	56 895
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>765 522</b>	<b>640 008</b>	<b>733 663</b>	<b>-31 858</b>	<b>729 213</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-17 430</b>	<b>-65 530</b>	<b>-14 691</b>	<b>2 739</b>	<b>-17 232</b>
<b>FINANSINNTEKTER/FINANSUTGIFTER</b>					
Renteinntekter	-2 302	-2 427	-1 902	400	-3 286
Utbytte	-1 278	-1 500	-1 500	-222	-1 208
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-3 312	-1 500	-1 500	1 812	-1 825
Renteutgifter	23 145	25 267	24 092	947	30 680
Avdrag på lån	52 747	52 513	51 741	-1 006	49 712
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>68 998</b>	<b>72 353</b>	<b>70 931</b>	<b>1 932</b>	<b>74 074</b>
Motpost avskrivningar	-58 195	-8 540	-58 195	0	-56 895
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-6 627</b>	<b>-1 717</b>	<b>-1 956</b>	<b>4 671</b>	<b>-53</b>
<b>DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT</b>					
Overføring til investering	300	0	300	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-632	2 355	2 295	2 927	8 600
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	6 959	-639	-639	-7 597	-8 740
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	193
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>6 627</b>	<b>1 717</b>	<b>1 956</b>	<b>-4 671</b>	<b>53</b>
<b>FREMFORT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (MEIRFORBRUK)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>



# Investering, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF

§ 5-5. BEVILLINGSOVERSIKT – INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF				
Tal i 1 kroner	Konsolidert rekneskap 2021	Opphavleg budsjett 2021 konsolidert	Justert budsjett 2021 konsolidert	Konsolidert rekneskap 2020
<b>INVESTERINGSUTGIFT</b>				
Investeringar i varige driftsmiddel	147 375	122 510	158 353	117 850
Tilskot til andre sine investeringar	937	0	937	910
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	12 306	0	12 306	5 491
Utlån av egne middel	312	5 700	6 300	0
Avdrag på lån	17 319	29 000	16 207	8 276
<b>Sum investeringsutgift</b>	<b>178 249</b>	<b>157 210</b>	<b>194 104</b>	<b>132 528</b>
<b>INVESTERINGSINNTEKT</b>				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-22 382	-19 340	-27 238	-10 703
Tilskot frå andre	-18 342	-8 700	-11 286	-19 900
Sal av varige driftsmiddel	-19 267	-22 180	-15 930	-4 512
Sal av finansielle anleggsmiddel	-3 065	0	0	-540
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av egne middel	-11 000	0	-11 000	-3 920
Bruk av lån	-96 836	-84 004	-108 828	-81 471
<b>Sum investeringsinntekt</b>	<b>-170 892</b>	<b>-134 224</b>	<b>-174 282</b>	<b>-121 047</b>
<b>VIDAREUTLÅN</b>				
Vidareutlån	9 143	6 000	11 373	6 627
Bruk av lån til vidareutlån	-9 143	-6 000	-11 373	-6 627
Avdrag på lån til vidareutlån	3 288	0	0	2 655
Mottekne avdrag på vidareutlån	-3 215	0	0	-3 029
<b>Netto utgift vidareutlån</b>	<b>73</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-374</b>
<b>OVERFØRING FRÅ DRIFT OG NETTO AVSETTINGAR</b>				
Overføring frå drift	-300	0	-300	0
Netto avsettingar til eller bruk av bundne investeringsfond	2 329	0	-300	-1 929
Netto avsettingar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-9 460	-22 986	-19 222	-9 178
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsettingar</b>	<b>-7 431</b>	<b>-22 986</b>	<b>-19 822</b>	<b>-11 107</b>
<b>FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (UDEKT BELØP)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>OVERFØRING TIL FORDELING (§ 5-5, ANDRE LEDD)</b>				
Inntekter til fordeling	0			0
Utgifter til fordeling	160 930	128 210	177 897	124 251
<b>Sum til fordeling (netto)</b>	<b>160 930</b>	<b>128 210</b>	<b>177 897</b>	<b>124 251</b>

Konsernet har i 2021 investert 147,4 millionar kroner i varige driftsmidlar (inklusive momskompensasjon). Dei største investeringsprosjekta i eigedomsselskapet i 2021 var:

- ▶ nybygg barneskulen ..... 51,2 millionar kroner
- ▶ ny brannstasjon ..... 34,5 millionar kroner
- ▶ kjøp og sal av eigedomar ..... 6,8 millionar kroner
- ▶ vinterhage Alvehaugen ..... 1,4 millionar kroner
- ▶ kjøp av varebilar ..... 1,4 millionar kroner
- ▶ mobile vasståkeanlegg ..... 1,3 millionar kroner

# Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF

BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF					
	2021	2020	2019	2018	2017
<b>EIGEDELAR</b>					
<b>(A) ANLEGGSMIDLER</b>					
Faste eigedomar og anlegg	1 757 753 406	1 690 864 311	1 641 412 678	1 634 174 644	1 716 431 435
Utstyr, maskinar og transportmidlar	149 188 877	143 726 302	138 557 646	146 439 011	28 020 510
Utlån	80 117 769	84 646 619	85 161 405	74 258 500	74 125 840
Aksjar og eigardelar (anleggsmiddel)	91 384 678	79 078 322	73 887 252	68 521 244	78 666 494
Pensjonsmiddel	679 290 273	683 996 367	636 212 137	600 922 810	558 346 839
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>2 757 735 003</b>	<b>2 682 311 921</b>	<b>2 575 231 117</b>	<b>2 524 316 209</b>	<b>2 455 591 118</b>
Bankinnskott og kontantar	63 952 784	112 851 795	135 376 410	124 140 225	144 557 004
Aksjar og eigardelar (omløpsmiddel)	49 364 767	46 052 423		5 282 472	6 387 285
Obligasjonar				5 111 744	5 065 472
Kundefordringar	9 306 867	19 273 072	25 460 570	23 913 621	18 344 021
Andre kortsiktige fordringar	51 331 218	40 969 571	38 413 386	47 411 821	53 081 275
Premieavvik	14 827 301	34 459 062	34 613 664	29 748 387	27 782 377
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>188 782 937</b>	<b>253 605 923</b>	<b>233 864 030</b>	<b>235 608 270</b>	<b>255 217 434</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>	<b>2 946 517 940</b>	<b>2 935 917 844</b>	<b>2 809 095 147</b>	<b>2 759 924 479</b>	<b>2 710 808 552</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>					
<b>(C) EGENKAPITAL</b>					
Disposisjonsfond	-46 292 356	-39 333 673	-48 073 963	-45 077 630	-39 302 936
Bundne driftsfond	-19 558 027	-20 189 954	-11 590 015	-11 036 575	-12 062 288
Ubundne investeringsfond	-23 553 086	-33 012 856	-42 190 501	-46 487 247	-47 470 146
Bundne investeringsfond	-3 173 210	-844 407	-2 773 312	-9 434 703	-10 312 228
Rekneskapsmessig mindreforbruk				-97 534	-1 983 647
Rekneskapsmessig meirforbruk			192 981		
Udekket investering				10 230 285	
Kapitalkonto	-500 802 397	-465 963 549	-361 956 465	-359 822 248	-298 020 874
Endring i regnskapsprinsipp drift	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407
<b>SUM EGENKAPITAL</b>	<b>-589 084 669</b>	<b>-555 050 032</b>	<b>-462 096 868</b>	<b>-457 431 245</b>	<b>-404 857 712</b>
<b>(D) GJELD</b>					
Pensjonsforpliktelsar mv.	-718 944 980	-706 592 620	-734 050 907	-702 665 192	-690 747 719
Obligasjonslån	-443 113 000	-305 024 000	-305 024 000	-305 024 000	-305 024 000
Sertifikatlån	-729 961 269	-893 456 369	-855 843 786	-830 664 438	-840 418 777
Gjeld til kredittinstitusjonar	-368 942 599	-363 707 166	-355 215 663	-353 634 093	-352 418 395
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>-2 260 961 848</b>	<b>-2 268 780 155</b>	<b>-2 250 134 356</b>	<b>-2 191 987 723</b>	<b>-2 188 608 891</b>
<i>Kortsiktig gjeld</i>					
Leverandørgjeld	-13 586 997	-32 994 450	-24 473 684	-30 740 143	-47 533 789
Anna kortsiktig gjeld	-83 649 008	-79 352 188	-72 756 062	-78 344 158	-68 440 902
Premieavvik	764 582	258 981	365 823	-1 421 211	-1 367 258
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>-96 471 423</b>	<b>-112 087 657</b>	<b>-96 863 923</b>	<b>-110 505 512</b>	<b>-117 341 949</b>
<b>SUM GJELD</b>	<b>-2 357 433 271</b>	<b>-2 380 867 812</b>	<b>-2 346 998 279</b>	<b>-2 302 493 235</b>	<b>-2 305 950 840</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>-2 946 517 940</b>	<b>-2 935 917 844</b>	<b>-2 809 095 147</b>	<b>-2 759 924 479</b>	<b>-2 710 808 552</b>
<b>BALANSEN SIN NETTOSUM</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>(E) MEMORIAKONTI</b>					
Unyttet lånemidlar	17 634 215	66 036 756	50 464 689	41 101 593	44 646 479
Andre memoriakonti	2 803 307	2 872 374	3 000 610	2 536 552	2 474 308
Motkonto for memoriakontiene	-20 437 522	-68 909 130	-53 465 299	-43 638 145	-47 120 787
<b>SUM MEMORIAKONTI</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# Økonomiske styringsindikatorar og finansielle måltal

Effektiv drift og god kvalitet på tenestene er ofte konklusjonen på analysar av Ulstein kommune sin tenesteproduksjon. Mellom anna kom kommunen i fjor på ein andreplass i Kommunal Rapport si årlege rangering i Kommunebarometeret. Likevel kjem Ulstein dårleg ut med omsyn til økonomiske nøkkeltal. Av 356 kommunar hamna Ulstein på 332.-plass innan økonomiområdet. Kommunestyret vedtok i mars 2018 følgande styringsindikatorar ved budsjettering for å kunne betre dei finansielle nøkkeltala/ få ned lånegjelda:

- ▶ Netto driftsresultat skal minimum utgjere 1,75 prosent av driftsinntektene.
- ▶ Driftsfondet skal byggast opp til 7,5 prosent av brutto driftsinntekt.
- ▶ Minimum 20 prosent eigenkapital for lånefinansierte investeringar der driftsinntektene ikkje dekker driftskostnader og renter/avdrag frå første fulle driftsår.

- ▶ Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere på snittet i Møre og Romsdal innan 15 år.

Punktet om netto lånegjeld vart i saka om 10-årig investeringsplan hausten 2021 erstatta med vedtaket under:

«Ulstein kommunestyre vil ha ein klar nedbetalingsprofil på kommunen si gjeld i økonomiplanperioden 2022 til 2025. Kommunen skal i økonomiplanperioden vise ei nedbetaling på 90 millionar kroner. Nedbetaling knytt til byggefelt og forskottering av spelemidlar kjem i tillegg.»

Ut frå vedteken økonomiplan for 2022 til 2025, er prognosen at lånegjelda vert redusert med om lag 55 til 60 millionar kroner. Tabellane under viser avvika for målsettingane for netto driftsresultat og disposisjonsfond.

## NETTO DRIFTSRESULTAT I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER

BELØP I 1000 KRONER	2019	2020	2021
Netto driftsresultat	3 259	53	6 627
Brutto driftsinntekter i alt	740 374	746 444	782 952
I prosent av driftsinntektene	0,44 %	0,01 %	0,85 %
Måltal (1,75%)	12 957	13 063	13 702
<b>Avvik mot måltal</b>	<b>-9 698</b>	<b>-13 010</b>	<b>-7 075</b>

## DISPOSISJONSFOND I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER

BELØP I 1000 KRONER	2019	2020	2021
Disposisjonsfond	48 074	39 334	46 292
Brutto driftsinntekter i alt	742 394	746 444	782 952
I prosent av driftsinntektene	6,48 %	5,27 %	5,91 %
Måltal (7,5%)	55 680	55 983	58 721
<b>Avvik mot måltal</b>	<b>-7 606</b>	<b>-16 650</b>	<b>-12 429</b>

Det positive netto driftsresultatet på 0,85 prosent av driftsinntektene må verte sett i samanheng med den betydelege meirskatteveksten for kommunesektoren på 15,3 milliardar på landsnivå. Snittet for netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blant dei 344 kommunane som har levert inn førebelse KOSTRA-tal for 2021 ligg på 3,75 prosent (medianverdien er 3,4 prosent). Sjølv om det i fleire år har vore ein til

dels betydeleg meirskattevekst, er det lite truleg at ein så stor meirskattevekst vil gjenta seg. I eit så godt år for kommune-Noreg burde difor avsettinga til disposisjonsfondet ha vore større.

Ei av dei største økonomiske utfordringane kommunen har, er forholdet mellom gjeld og inntekt. Tabellen under viser netto finansutgifter per innbyggjar for Ulstein og landet dei siste fem åra:


## NETTO FINANSUTGIFTER PER INNBYGGAR

	2017	2018	2019	2020	2021
Ulstein	7 243	8 245	8 480	8 683	8 045
Landet	3 451	3 689	3 328	3 603	3 789
Avvik per innbyggjar (kroner)	3 792	4 556	5 152	5 080	4 255
<b>Totalt avvik mot landet (millionar kroner)</b>	<b>-32,4</b>	<b>-39,2</b>	<b>-44,2</b>	<b>-43,6</b>	<b>-36,4</b>

Samtidig er ikkje Ulstein ein inntektssterk kommune. Kvart år reknar KMD ut frie inntekter korrigert for utgiftsbehov (utgiftsbehovet vil variere grunna skilnader i kostnadsstruktur, demografisk samansetting og geografisk struktur og storleik). I tillegg vert det korrigert for skilnader i eigedomsskatt, kraft- og konsesjonsinntekter, inntekter frå Havbruksfondet og verknaden av differensiert arbeidsgivaravgift. Ut frå ein slik analyse har Ulstein frie, disponible inntekter på 94 prosent av landssnittet i 2021. Det er berre 47 norske kommunar som kjem dårlegare ut enn Ulstein i ein slik analyse av inntekta. Det seier seg sjølv at høge finansutgifter i kombinasjon med låg inntekt gir eit avgrensa økonomisk handlingsrom og stiller særst høge krav til kostnadseffektiv drift.

## FOLKETALSUTVIKLING, DEMOGRAFI OG ENDRA UTGIFTSBEHOV



Ulstein kommune har som målsetting å vere ein attraktiv kommune å busette seg i og har gjennom dette ein vekstbasert strategi. Etter ein lang periode med til dels sterk folketalsvekst, har denne flata ut i kjølvatnet av offshorekrisa og berre auka med to personar dei siste fire åra. Figuren under viser utviklinga dei siste 15 åra.





Ulstein kommune har unge innbyggjarar, målt mot dei fleste andre norske kommunar. Den demografiske utviklinga i retning av fleire eldre har likevel vore enda meir markant for Ulstein enn for resten av landet dei siste åra. Viss vi ser på sektorfordelt utgiftsbehov i 2016 og 2022 etter inntektssystemet som staten brukar ved utrekning av rammetilskotet, kjem denne tendensen klart fram:

Som tidlegare omtalt er det først og fremst omsorgssektoren som hadde store negative budsjettavvik i 2021. Budsjetttrammene har i noko grad vore dreia over frå grunnskule mot pleie og omsorg dei siste åra, men likevel ikkje i like stor grad som endringane i utgiftsbehovet over.



**Figur øvst til høgre:** sektorfordelt utgiftsbehov 2016 for Ulstein etter inntektssystemet

**Figur nedst til høgre:** sektorfordelt utgiftsbehov 2022 for Ulstein etter inntektssystemet

## Finansforvaltning

Ulstein kommune har i 2021 rapportert aktiva- og passivsidera til kommunestyret kvart tertial, samla for både kommunen og eigedomsselskapet. I 2021 har Ulstein kommune nytta Bergen

Capital Management som rådgivarar inn mot låneporteføljen, medan ODIN Forvaltning har forvalta midlar til aktiv forvaltning. Avkastning på midlar til aktiv forvaltning har vore slik i 2021:

	ANSKAFFELSESKOST	PORTEFØLJE 01.01.2021	KJØP/SAL 2021	AVKASTING 2021	PORTEFØLJE 31.12.2021
ODIN Norge B	2 131 048	5 475 775	-3 500 000	1 320 802	3 296 576
ODIN Global B	4 500 000	5 071 769		1 690 085	6 761 854
ODIN Norsk Obligasjon B	1 501 179	1 516 270	1 179	15 301	1 532 750
ODIN Kreditt B	1 500 000	1 609 814		75 683	1 685 497
ODIN Likviditet A	35 727 500	32 378 795	3 500 000	209 295	36 088 090
<b>Totalt</b>	<b>45 359 727</b>	<b>46 052 423</b>	<b>1 179</b>	<b>3 311 166</b>	<b>49 364 767</b>


Forvaltningshonoraret til ODIN i 2021 på om lag 182 000 kroner er trekt frå avkastninga over.

# Likviditet


Likviditetssituasjonen er tilfredsstillende, men ved utgangen av 2021 er det på konsernnivå 51,2 millioner kroner mindre i likvide bankinnskot enn ved starten på året. I hovedsak skyldes dette at unyttede lånemidler har gått ned med 48,4 millioner

kroner, og at leverandørgjeld vart betalt før forfall ved årsskiftet grunna bytte av system. Utviklinga av likvide midlar (eks. midlar til aktiv forvaltning og bundne bankinnskot) har vore slik i 2020 og 2021:

LIKVIDITETSUTVIKLING BANKINNSKOT ULSTEIN KOMMUNE



LIKVIDITETSUTVIKLING BANKINNSKOT ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF



# Lånegjeld, rente- og refinansieringsrisiko

Brutto lånegjeld for konsernet (eks. momsjustering og finansiell leasing) utgjorde 1 539,3 millionar kroner ved årsskiftet. Den høge lånegjelda gjer at netto renter og avdrag i 2021 utgjorde 9,21 prosent av brutto driftsinntekter. Sjølv om Ulstein har svært høg lånegjeld, er det viktig å vere klar over at ein stor del av den renteutsette gjelda er rentesikra. Trekker vi ifrå unytta lånemidlar (17,6 millionar kroner) og utlån (80,1 millionar kroner), utgjør netto lånegjeld 1 441,6 millionar kroner. Justerer vi for lån knytt til sjølvkostområdet (205,4 millionar kroner) og bereknings-

grunnlag for rentekompensasjonsordningane (29,2 millionar kroner), er den renteeksponerte gjelda på 1 207,0 millionar kroner. Om vi i tillegg trekker ifrå renteberande likviditet, utgjør netto renteutsett gjeld 1 160,7 millionar kroner. Av dette igjen er 817,9 millionar kroner (70,5 prosent) rentesikra gjennom enten fastrentelån eller rentebytteavtalar. Netto finanskostnader vil difor auke med om lag 3,4 millionar kroner ved ein renteauke på 1 prosent. Vekta gjennomsnittrente, marknadsrenter og rentebindingstid går frem av tabellane under.

PORTEFØLJEN OG MARKNADSRENTER PR. 31.12.2021						
VEKTA GJENNOMSNIITTSRENTE UK/UEKF	PT KOMMUNAL-BANKEN	NORGES BANK (STYRINGSRENTE)	3 MND NIBOR	6 MND NIBOR	3 ÅRS SWAP	5 ÅRS SWAP
1,29 % / 1,73 %	1,30 %	0,50 %	0,97 %	1,13 %	1,95 %	2,17 %

## ULSTEIN KOMMUNE

INTERVALL	PÅLYDENDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	ANDEL	AKKUMULERT ANDEL
Under 1 år	419 229 213	0,09	68,99 %	65,65 %
1 til 2 år	41 700 000	1,93	6,86 %	75,85 %
2 til 3 år	0	0,00	0,00 %	75,85 %
3 til 5 år	146 727 000	3,22	24,15 %	100,00 %
> 5 år	0	0,00	0,00 %	0,00 %
<b>SUM</b>	<b>607 656 213</b>	<b>0,97</b>	<b>100,00 %</b>	<b>100,00 %</b>

## ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP

INTERVALL	PÅLYDENDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	ANDEL	AKKUMULERT ANDEL
Under 1 år	440 127 017	0,14	47,44 %	47,44 %
1 til 2 år	100 000 000	1,06	10,78 %	58,22 %
2 til 3 år	139 960 000	2,58	15,08 %	73,30 %
3 til 5 år	147 727 000	3,4	15,92 %	89,22 %
> 5 år	100 000 000	7,01	10,78 %	100,00 %
<b>SUM</b>	<b>927 814 017</b>	<b>1,87</b>	<b>100,00 %</b>	

Sertifikatlån (kortsiktige lån med løpetid inntil 12 månader) utgjør 1 038,7 millionar kroner (67,6 prosent) av total brutto lånegjeld i konsernet. Refinansieringsrisikoen vert likevel vurdert til å vere liten.





# Etatsvise oversikter

SENTRALADMINISTRASJON

HELSE OG OMSORG

OPPVEKST OG KULTUR

TEKNISK



KOMMUNALSJEF ORGANISASJON OG UTVIKLING  
MONICA CECILIE TORP

# Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen si hovudoppgåve er å yte gode tenester til tilsette, innbyggjarar og folkevalde. Til trass for både korona og ledige stillingar har vi i 2021 klart å levere god kvalitet – og det også i eit valår. Andre plass i Kommunebarometeret og ein femte plass i nasjonal offentlegheitskåring gav oss merksemd og tilbakemelding på at vi får til mykje. Suksessfaktoren er alle våre tilsette og leiarar som kvar dag gjer sitt beste for innbyggjarar, tilsette og folkevalde.

## MÅL

- ▶ utvikle ein berekraftig kommune
- ▶ aktivt bruke teknologi og nye arbeidsmåtar
- ▶ samskape mellom folkevalde, administrasjon, næringsliv, frivillige og innbyggjarar
- ▶ gi innbyggjarane gode møte med kommunen
- ▶ vere ein attraktiv arbeidsgivar og arbeidsstad
- ▶ ha stabile, kvalifiserte og motiverte tilsette
- ▶ vere opne
- ▶ legge til rette for sunne og aktive innbyggjarar
- ▶ involvere og engasjere innbyggjarane
- ▶ etablere den attraktive staden med urbane kvalitetar og tiltrekkingskraft
- ▶ løfte regionen saman med naboane våre

## SAMANFATTING AV ÅRET

Sentraladministrasjonen si hovudoppgåve er å yte gode tenester til tilsette, innbyggjarar og folkevalde. Gjennom fokusområda våre for 2021; berekraft, utvikling og nyskaping, jobbar vi for å gjere desse tenestene enda betre i form av kvalitet og effektivitet.

### BEREKRAFT

Berekraft handlar også om sosial og økonomisk berekraft – i tillegg til den meir kjente miljømessige berekrafta. For oss som kommune handlar økonomisk berekraft om at vi har ein sunn økonomi som gjer det mogleg å gi likeverdige tenester innanfor dei ulike tenesteområda. Året starta med eit felles innsparingsprosjekt som vi var ansvarleg for. Heile organisasjonen har vore involvert og det har vore krevjande å sjå korleis vi kan spare nok utan at det har store konsekvensar. Hos oss i sentraladministrasjonen har det resultert i at vi har tatt tilbake sentralbordet frå Vanylven kommune, generelle kutt i budsjett, effektivisering av tenester og opne vakansar.

På starten av året fekk vi også resultatet frå KPI-kartlegginga vi gjorde saman med berekraftsfylket Møre og Romsdal, hausten 2020. Den viste at vi hadde mange av dei same berekraftsutfordringane som dei andre kommunane. Utfordringar knytt til den sosiale dimensjonen har vi inkludert i arbeidet med levekårsplanen. Systematisk berekraftsarbeid er noko som vil verte ein raud tråd i alt vi gjer framover.

### UTVIKLING

Det har skjedd mykje på den digitale sida. Vi har etablert eit lokalt digitaliseringsråd som skal koordinere og dra digitaliseringsarbeidet i kommunen.

Som del av Møre og Romsdal 2025 er vi med på eit felles digitalt kompetanseløft for toppleiargruppa, formannskapet og lokalt digitaliseringsråd. Gjennom 100 timar undervisning, førebuing og gruppearbeid skal vi verte i betre stand til å sjå korleis vi kan få til digital transformasjon og lære om kvifor det er heilt naudsynt.

I 2021 har det vore gjort to store innkjøp av to nye hovudsystem. Nytt økonomi-, lønn- og personalsystem har vorte innført i lag med dei seks andre kommunane i sjustjerna. Nytt system knytt til personvern, avvikshandtering og internkontroll har vi stått for aleine. Å konfigurere og rulle ut nye hovudsystem er krevjande og tek mykje tid. Det er likevel naudsynt for at vi skal få henta ut vinstane av dei.

### NYSKAPING

Ulstein kommune har ein tydeleg ambisjon om å ha ein nyskapingkultur både i organisasjonen og i lokalsamfunnet. Gjennom næringsfond for Ulstein kommune har vi delt ut prosjektmidlar til små og store lokale bedrifter for å hjelpe dei til å drive utviklings- og nyskappingsarbeid.

2021 var valår i pandemitid. Det gjorde at det måtte meir og anna planlegging til enn i eit vanleg valår. Det viser seg at pandemi også kan føre til utvikling og nyskaping. For å både spreie valdeltaking og auke valdeltaking testa vi ut nye valstader og valtidspunkt. Vi var på folkehøgskulen, vidaregåande og på kjøpesentera. Vi hadde også morgonrøysting og kveldsrøysting på Ulstein bibliotek. I tillegg hadde vi eit godt samarbeid med bibliotekvenane for å få til ei effektiv valgjennomføring og for å unngå at valet ikkje gjekk utover dei vanlege tenestene som sentraladministrasjonen utfører. Tiltaka var vellykka og vil truleg verte vidareført til neste val – sjølv om det ikkje er pandemi.

### HA STABILE OG MOTIVERTE TILSETTE

Vårt viktigaste verkemiddel er våre tilsette. Vi ser at vårt treårige heiltidskulturprosjekt som vart avslutta i 2021 har vore viktig både lokalt, men også nasjonalt. Resultatet lokalt er både mindre sjukefråvær, meir heiltidsstillingar, meir fornøgde tilsette, betre økonomi og betre kvalitet i tenestene våre. Det er motiverande når vi ser slike vinstar av krevjande prosjekt.

## SUNNE OG AKTIVE INNBYGGJARAR

Ulstein er heldig og folkehelseoversikta viser at vi har generelt god helse. I 2021 har vi utarbeidd ny levekårsplan for 2021-2032. I tillegg til at det er eit viktig strategidokument, har vi også gitt plandokumentet ein ny og meir lettforståeleg grafisk profil – med det mål at planen skal verte meir tilgjengeleg for innbyggjarane våre.

### OPEN KOMMUNE

Vi jobbar for å vere ein open kommune. Å ha nok kompetanse og kapasitet på dette området gjorde at vi styrka laget med ny fagleiar på arkiv. Ekstra gøy at det arbeidet vi gjer på dette området vert synleggjort med ein femteplass i ei nasjonal offentlegheitskåring.

### ØKONOMI

I 2021 har vi hatt fokus på innsparing og analysert kva og korleis vi kan drive effektivt og økonomisk. Vi har hatt opne vakansar i lengre periodar, som i lag med minimalt med reiser og kurs har bidrege til eit positivt avvik.

### SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet har gått ned, til trass for pandemien. Målretta samarbeid og arbeid med sjukefråvær gjer at langtidsfråværet har gått ned, noko som gir utslag på totalen.

ÅRSVERK	TILSETTE		
20,5	21		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	30,0	40,7	24,2
Budsjett	35,5	42,7	24,4
<b>Avvik</b>	<b>5,5</b>	<b>2,0</b>	<b>0,2</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	5,26	4,56	3,73

\* tal i mill. kroner



KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

# Helse- og omsorgsetaten

Gjennom heile 2021 vart drifta framleis sterkt prega av pandemien. Vi har gjennom året vedlikehalde nødvendige tiltak for å førebygge smitte. Vi har også vore sterkt engasjert i vaksinerings av innbyggjarane. I tillegg har vi, gjennom helsestasjonen, legetenesta, kommunepsykologen og barnevernstenesta, også i år hatt fokus på barn og vaksne som kom til å oppleve isolasjonen som særleg tyngande. Pandemien har framleis utfordra oss på å vere nytenkande og finne nye måtar å trygge brukarane og dei tilsette. I tillegg har vi vidareført tidlegare satsing på innovasjon, styrking av kompetanse, og vidareført satsinga på heiltidskultur.

## MÅL

- ▶ satsing på velferdsteknologi
- ▶ styrking av kompetanse på alle nivå i organisasjonen
- ▶ gode på smittevern
- ▶ auka deltilsette i heile stillingar
- ▶ gode pasientforløp
- ▶ framleis satsing på brukarmedverknad som grunnlag for gode tenester
- ▶ tilpassa bustad til alle med særlege helseproblem
- ▶ mat og måltidsrutinar tilpassa brukarane sine behov
- ▶ aldersvennleg samfunn for alle
- ▶ tidleg innsats på alle tiltaksområde
- ▶ god integrering gjennom utvikling av møteplassar for alle aldersgrupper



## INNOVASJON, NYTENKING OG RETT KOMPETANSE

For å ha berekraftige tenester må vi tenke nytt og innovativt. Dette inneber satsing på elektronisk kommunikasjon mellom dei ulike tenestene. Dette fungerer godt og gjer det lettare å samordne gode pasientforløp. I tillegg må vi også gjere oss nytte av velferdsteknologi for å styrke og effektivisere tenestetilbodet til brukarane.

## STYRKING AV KOMPETANSE

Etaten har lagt stor vekt på vedlikehald og vidareutvikling av kompetanse. Vi har møtt store utfordringar og greidd å vareta brukarar med omfattande og samansette hjelpebehov. Ulstein er ein attraktiv tilflyttingskommune, også for menneske med omfattande hjelpebehov. Vi tilpassar tenesta til dei endringar som skjer i det ansvaret kommunen har og dei tiltaka som må settast i verk. Dette er med på å gjere oss til ein attraktiv arbeidsgivar, og er også viktig ved rekruttering av nye medarbeidarar.

## GODT SMITTEVERN

Vi har utvikla/vidareført gode rutinar for smittevern på alle avdelingar. Det har vore svært lite smitte hos dei tilsette og ingen smitte blant brukarane våre. Kriseleinga og kommuneoverlegen har hatt eit tett og operativt samarbeid som har vore gull verd for kommunen.

## GODE PASIENTFORLØP

Satsinga på innovasjon skal bidra til betre pasientforløp. Vi vil framleis sikre eit nært samarbeid med andre kommunale tenester og spesialisthelsetenesta gjennom faste samarbeidsforum.

## FLEIRE HEILE STILLINGAR

Vi har gjort endringar i turnus som gjer at brukarane får færre personar dei skal verte kjende med. Samla inneber dette styrking av kvaliteten på tenestetilbodet. I 2021 bestemte vi å innføre heiltidskultur for alle avdelingar i helse- og omsorgsetaten. Vi ser at å lyse ut heile og faste stillingar rekrutterer og styrkar kompetansen og kvaliteten på tenesta.

## STYRKA BRUKARMEDVERKNAD

Etaten har lagt vekt på tiltak for styrking av brukarmedverknad. Dette inneber også styrking av tilsette si forståing av brukarmedverknad som kvalitetssikring av tenestene. Alle avdelingar har faste brukarmøte eller tett samarbeid med brukarar og pårørande. Det vert i 2022 sett i gang seniorbesøk for alle over 80 år.

## TILBOD OM TILPASSA BUSTAD

Det har siste året vore auka press på omsorgsbustader og då særleg bustader med bemanning. Kommunen står framfor ein auke i talet på eldre, og det er behov for fleire omsorgsbustader.

## MAT, MÅLTID OG AKTIVITET

Det har vore jobba mykje med kartlegging og dokumentasjon av ernæringsstatus av alle brukarar. God ernæring er viktig for god helse. Det har også vore fokus på det sosiale rundt måltida. Vi fekk prosjektmidlar til sosial aktivisering/aktivitetsvert og til å bygge vinterhage på Alvehaugen.

Det har vore litt mindre aktivitet utanfrå inn i dei kommunale tenestene på grunn av koronapandemien. Vi har fått kompensert dette ein del med prosjektmidlar frå Statsforvaltaren som har gått til underhaldning og aktivitetstilbod for mange brukargrupper. Det har vore tilsett ekstra personale for å hjelpe til med aktivisering både i eldreomsorga og i tenesta innan psykisk helse og rus.

## ALDERSVENNLEG SAMFUNN

Ulstein kommune er eit demensvennleg samfunn. Innan demensomsorga har dette innebore ei satsing på tidleg oppdaging av demens og tilrettelegging av gode tenester. Denne satsinga er styrka gjennom at vi er med i eit nasjonalt kommunenettverk for utvikling av aldersvennlege samfunn. Samarbeidet med Husbanken i kommunenettverket «Planar og tiltak for eit aldrande samfunn» vart avslutta i 2021 og rullering av bustadsosial handlingsplan og levekårsplanen er ferdig handsama. Det vart i den nye økonomiplanen sett av midlar til inntil 25 nye omsorgsbustader, og forprosjektet er sett i gang.

## TIDLEG INNSATS

Helsefremmande og førebyggjande arbeid innan alle tiltaksområde og for alle aldersgrupper har fokus. Det har mellom anna vorte satsa vidare på demensførebyggjande tiltak, og satsinga på helsestasjonen «Barneblikk» - den nasjonale satsinga på tidleg oppdaging av barn med særlege behov.

## INTEGRERING OG MØTEPLASSAR

Det har vore færre førespurnader frå flyktningkontoret og Nav på grunn av pandemien.

## ØKONOMI

Helse- og omsorgsetaten hadde i 2021 eit negativt avvik på kr. 10,9 mill. Det negative avviket finn ei igjen i driftsresultatet på alle avdelingane. For alle er det avviket grunna i ein svært ressurskrevjande oppgåvesituasjon. Dette har mellom anna medført overforbruk når det gjeld brukarstyrt personleg assistanse, ekstra innleige av personell for at drifta skulle vere forsvarleg, og fordi det har vore større behov for 1:1, 2:1 og 3: 1 bemanning enn det det var teke høgde for i budsjettet. Både NAV og Barnevern har mindre negative avvik enn tidlegare år.

## SJUKEFRÅVÆR

Etaten har i heile pandemiperioden fortsatt hatt eit fokus på førebygging og tidleg oppdaging av arbeidsrelaterte helseproblem. Trass alle komplikasjonane som følgje av pandemien har sjukefråværet vore på eit akseptabelt nivå samsvarande med tidlegare år.

ÅRSVERK	TILSETTE		
209,35	300		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	188,0	203,1	224,5
Budsjett	179,4	192,9	213,6
Avvik	-8,6	-10,2	-10,9
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	8,34	9,62	9,69



KOMMUNALSJEF GRY NORDAL

# Oppvekst- og kulturetaten

Også året 2021 var mykje prega av koronapandemien som råka tenestene innan oppvekst- og kulturetaten sterkt. Tilsette og leiarar har teke ansvar på ein svært god måte, og vist stor omstillingsevne. I alle tenesteområde er det gjort eit stort og godt arbeid med raske skifte mellom ulike tiltaksnivå. Arbeidet med teknologiutvikling som er gjennomført dei seinare åra, har vist seg å kome godt til nytte.

Arbeid med ønskt endring og utvikling har også i 2021 stått sterkt i etaten, sjølv om det har vore nødvendig å tone dette arbeidet noko ned av omsyn til kapasitet.

## MÅL

- ▶ eit samfunn prega av kreativitet, utdanning, læring, kompetanse og kunnskap
- ▶ god samhandling og interaksjon internt og eksternt
- ▶ eit mangfaldig samfunn der alle kjenner seg inkluderte
- ▶ god brukarmedverknad i tenestene
- ▶ rom for alle
- ▶ eit samfunn der det er lov å gjere feil – og vi lærer av dei
- ▶ open og mottakeleg for nye initiativ, nye idear, og nye utfordrande planar/tankar

## BARNEHAGE

Alle barn med rett til barnehageplass, fekk oppfylt denne retten ved hovudopptaket til barnehage i 2021. Det same gjeld for supplerande opptak i løpet av året. Det har også stått ledig nokre få barnehageplassar.

Ulstein kommune tok over som eigar av Almejordet barnehage 01.01.2021. Dette er ein svært positiv tilvekst i det kommunale barnehage tilbudet.

Barnehageområdet har arbeidd vidare med satsing på kompetanseheving og utvikling innan temaet kommunikasjon og språk. Satsinga skjer i samarbeid med dei andre kommunane i sjustjerna og Høgskulen i Volda.

## SKULE

Målretta arbeid med læringsmiljø og arbeidsmiljø har vore vidareført også i 2021. Skulane oppnådde gode resultat både på nasjonale prøver og i elevundersøkinga. Svært få elevar melder om mobbing i skulen. Periodar med digital heimeundervisning og/eller inngripande smitteverntiltak har prega skulane også dette året. Utfordringane har vore handtert på ein svært god måte av tilsette i skulane.

Utvikling, endring og implementering knytt til fagfornyng og nytt læreplanverk for grunnutdanninga har vorte noko forseinka grunna pandemien. Likevel vert det arbeid godt med dette i skulane. Eit arbeid med kompetanseheving innan leseopplæring er godt i gang i samarbeid med Høgskulen i Volda og kommunane Herøy og Sande.

Nybygget ved Ulsteinvik barneskule stod ferdig i oktober. Bygget fungerer godt etter intensjonane, og er svært tenleg for brukarane.

## PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

Arbeidet med å gjere sakshandsaminga meir effektiv og samtidig ha høg kvalitet på samarbeid på tvers av etatane, har gitt resultat. Sakshandsamingstida er no i tråd med forvaltning generelt, til trass for ein auke i saker både på individ- og systemnivå. Det er etablert gode arenaer for samhandling i alle samarbeidskommunane.

PPT står ansvarleg for gjennomføring av kompetansetiltak innan organisasjonsutvikling i fleire einingar, der målet mellom anna er å heve kvaliteten på det ordinære tilbudet gjennom kompetanseheving av personalet i einingane.

## INKLUDERING OG MANGFALD (IMU)

Talet på busette flyktningar vart i 2021 mykje lågare enn vedtak om busetting tilsa, mest som følge av innreiserestriksjonar. Avdelinga har jobba aktivt for å styrke resultatane frå introduksjonsprogrammet. Eit viktig samarbeidsprosjekt har vore tilrettelagde kvalifiseringsløp mot fagbrev. Avdeling for spesialpedagogisk hjelp i førskulealder vart innlemma i IMU dette året.

## KULTUROMRÅDET

Aktivitet og tenester innan området har i 2021 vore sterkt påverka av tiltak knytt til pandemien. Det har likevel vore relativt stor aktivitet på badet, kinoen, ungdomsarbeid m.m. Kulturavdelinga tok eit stort ansvar for gjennomføring av Sommarcamp, der alle barn og unge som melde seg på fekk delta. Tiltaket var svært vellukka, og samarbeidet mellom kommunale tenesteområde (skule/IMU/kulturavdeling) og frivillige/næringsliv var godt.

## ØKONOMI

Sum for budsjett og sum for rekneskap er i 2021 identiske, og må såleis kunne karakteriserast som ein innertiar. Det er gjort ein god jobb i heile etaten for å halde seg til budsjett som styringsverktøy.

## SJUKEFRÅVÆR

Vi ser eit noko høgare sjukefråvær i 2021 enn dei to åra før. Dette skuldast i all hovudsak pandemien.

ÅRSVERK	TILSETTE		
249	311		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	247,9	245,8	261,8
Budsjett	242,6	248,6	261,8
<b>Avvik</b>	<b>-5,3</b>	<b>2,8</b>	<b>0,0</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	6,69	6,39	8,09

\* tal i mill. kroner



KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

# Teknisk etat

Bustadfeltet på Skeide var klargjort for tomtosal til sommarferien.  
Per 31.12.2021 er der selt 15 tomter.

Brannvesenet var engasjert i bygging av ny brannstasjon i samarbeid med  
Ulstein Eigedomsselskap KF som byggherre.

Feietenesta er lagt om til behovsprøvd feiing.

Prosess for områdeplan for Ulsteinvik sentrum har starta opp.

Arbeidet med utskifting av gamle hovudleidningar for vassforsyninga heldt  
fram.

## MÅL

- ▶ effektive og gode planprosessar med brei medverknad
- ▶ ha kartgrunnlag i nasjonal toppklasse
- ▶ universell utforming og folkehelse skal vere i fokus
- ▶ legge fysisk til rette for attraktive møteplassar i uterommet
- ▶ fortette i sentrum
- ▶ enkel, trygg og god trafikkavvikling for gåande, syklande og køyrande
- ▶ drive innovasjon i tenesteproduksjon
- ▶ god og trygg vassforsyning
- ▶ verne om miljøet
- ▶ betre digital kompetanse
- ▶ utvikle ein variert bustadmarknad med tilbod for alle grupper
- ▶ ulstein skal vere ein trygg kommune å bu og virke i





Ingeniør oppmåling/GIS, Vegard Ertesvåg ute på oppmåling på Tueneset. Litt lek i pausen. Foto: Oda Jonette Hofset.

## PLAN- OG BYGNINGS-AVDELINGA

Stor aktivitet på plansida ved oppstart av mange private reguleringsplanar og områdeplan for Ulsteinvik sentrum.

Låg aktivitet på bygge- og frådelingssaker inkludert bruksløyve/ferdigattest.

Omfattande arbeid med fullføring av grunnkjøp og oppmåling av tomter på Skeide.

## ANLEGG- OG DRIFTS-AVDELINGA

Det er framleis god kvalitet og tryggleik i vassforsyninga. Arbeidet med fornying av hovudleidningsnett held fram.

På avløp vert det fokusert på drift. Resipientundersøking i Botnavika vart sett i gong.

Vegvedlikehaldet har for tronge økonomiske rammer til å halde eit tilfredsstillande nivå, til dømes vart det i 2021 ikkje fornya faste vegdekke.

Robotklipparar sett i drift på to parkanlegg i sentrum.

## HAREID OG ULSTEIN BRANNVESEN

Feie- og tilsynstenesta er lagt om til behovsprøvd feiing i samsvar med sentral og kommunal forskrift. Det har vore avgrensa tilsynsaktivitet på særskilde brannobjekt, hovudsakleg grunna pandemien.

Innanfor brannberedskapen har hovudfokuset vore på ny brannstasjon i Ulsteinvik. I delar av året har vi unngått å samle for mange av mannskapa til fellesøvingar, men gjennomførte to storøvingar i september, varm øving ved nedbrenning av hus på Osnes og øving i Selvågtunnelen i lag med dei andre naudetatane.

## ØKONOMI

På grunn av kald og snørik vinter, vart der meirforbruk på brøyting og strøing. Dette vart forsøkt delvis kompensert ved minimalt med fornying av faste dekke(asfaltering). Drift og vedlikehald av veglys har over år fått ein vesentleg høgare driftskostnad enn

det budsjettet gjev rom for. Begge desse postane må sjåast nærare på ved framtidig økonomiplanarbeid. Der var eit vesentleg negativt avvik på gebyrinntektene innanfor plan- og bygningsavdelinga som skuldast lågare aktivitet, jamfør pandemien.

## SJUKEFRÅVÆR

Fråværet er om lag på nivå med 2020. Hovudårsaka er langtidssjukmelding som gir relativt stort prosentvis utslag.

ÅRSVERK	TILSETTE		
23,3	57		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	29,1	16,4	20,3
Budsjett	29,1	17,5	17,8
<b>Avvik</b>	<b>0,0</b>	<b>1,0</b>	<b>-2,5</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	7,06	4,39	4,85

\* tal i mill. kroner

# Avdelingsvise oversikter

ORGANISASJONSKART ULSTEIN KOMMUNE

ØKONOMIAVDELINGA

PERSONALAVDELINGA

PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE

SERVICETORG OG DOKUMENTSENTER

HELSE OG OMSORG

HELSESTASJONSTENESTA

BARNEVERN

LEGETENESTA

HADDAL SKULE

HASUND SKULE

ULSTEINVIK BARNESKULE

ULSTEIN SKULE

ULSTEIN UNGDOMSSKULE

SUNDGOTMARKA BARNEHAGE

ALMEJORDET BARNEHAGE

ULSTEIN KULTURSKULE

KULTURAVDELINGA

PLAN- OG BYGNINGSAVDELINGA

INKLUDERING OG MANGFALD

ANLEGG- OG DRIFTSAVDELINGA

HAREID OG ULSTEIN BRANNVESEN

NAV

## KOMMUNEDIREKTØR, KOMMUNALSJEFAR



**Kommunedirektør**  
Verner Larsen



**Organisasjon og utvikling**  
*kommunalsjef*  
Monica Cecilie Torp



**Helse- og omsorgsetaten**  
*kommunalsjef*  
Marit Botnen



**Oppvekst- og kulturetaten**  
*kommunalsjef*  
Gry Nordal



**Teknisk etat**  
*kommunalsjef*  
Arne Runar Vik


## STAB



**Økonomiavdelinga**  
Steinar Nummedal



**Personalavdelinga**  
Kari Riise



**Serviceorg og dokumentcenter**  
Eli Marte Dalhaug

## HELSE- OG OMSORGSETATEN



**Eining 1 heimetenester**  
*leiar*  
Heidi Strand



**Eining 2 heimetenester**  
*leiar*  
Gunn Hofset



**Eining 3 institusjon/  
heimetenester**  
*leiar*  
Gunn Sætre



**Eining 4 institusjon**  
*leiar*  
Gunn Helen Hauge Muren



**Eining 5 Helsekerdalen  
bu og habilitering**  
*leiar*  
Aase Djupvik



**Helsestasjonstenesta**  
*leiar*  
Kristin Meli



**Legetenesta**  
*leiar*  
Norunn Kirkebø Elde



**Nav**  
*leiar*  
Alexander Måseidvåg



**Barnevern**  
*leiar*  
Aina Øyehaug Opsvik

## OPPVEKST- OG KULTURETATEN



**Skulesjef**  
Vegard Sæter Gurskevik



**Haddal skule**  
*leiar*  
Vibeke Vigestad Berge



**Hasund skule**  
*leiar*  
Marianne Ulstein Johnston



**Ulstein skule**  
*leiar*  
Synnøve Haug



**Ulsteinvik barneskule**  
*leiar*  
Karen Strand




**Ulstein ungdomsskule**  
*leiar*  
Tor Arne Aasen



**Almejordet barnehage**  
*leiar*  
Sissel Helen Hasund



**Sundgotmarka barnehage**  
*leiar*  
Nora Wingsternes



**Pedagogisk-psykologisk  
teneste**  
*leiar*  
Ingrid Evebø Haug



**Ulstein kulturskule**  
*leiar*  
Julianne Hauge



**Inkludering og mangfald**  
*leiar*  
Lars Erling Bjåstad Hovlid



**Kulturavdelinga**  
*leiar*  
Leif Ringstad

## TEKNISK ETAT



**Plan- og bygningsavdelinga**  
*leiar*  
Anita Sundnes



**Anleggs-  
og driftsavdelinga**  
*leiar*  
Odd Kåre Wiik



**Hareid og Ulstein  
brannvesen**  
*leiar*  
Olav Helt Brubakk



## Økonomiavdelinga

LEIAR: STEINAR NUMMEDAL

Også i 2021 vart økonomiavdelinga prega av pandemien, med ekstra rapporteringskrav og behov for kartlegging av meir- og mindrekostnader. Sommaren 2021 vart det fatta vedtak om å gå over til Visma Enterprise som nytt ERP-system, med oppstart så tidleg som i januar 2022. Med høgt arbeidspress frå før har det vore utfordrande å skape tilstrekkeleg rom for leiarstøtte og dialog med leiarane, men det er ein klar ambisjon å betre dette gjennom dei nye systema og auka digitalisering.

Avdelinga har dei siste åra gått gjennom eit markant generasjonsskifte som no er fullført. Avdelinga held no eit høgt fagleg nivå, med svært dyktige tilsette.

### ØKONOMI

Mindreforbruket skuldast først og fremst stram økonomistyring også i 2021.

### SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet vert rapportert samla under sentraladministrasjonen.

ÅRSVERK	TILSETTE		
5,6	6		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	4,3	4,4	3,8
Budsjett	4,3	4,8	3,9
<b>Avvik</b>	<b>0,0</b>	<b>0,4</b>	<b>0,1</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2018	2019	2020
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ held oss oppdaterte på ny teknologi og fagsystem
- ▶ syter for å vere serviceinnstilte og imøtekomande mot kundar og brukarar av tenestene våre
- ▶ sikre berekraftig økonomi gjennom god finans- og økonomiforvaltning
- ▶ syter for kvalitet i arbeidet med målstyring og rapportering gjennom samarbeid med leiarane i organisasjonen

ÅRSVERK	TILSETTE		
5	5		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	3,6	3,5	3,8
Budsjett	3,7	3,7	3,9
<b>Avvik</b>	<b>0,1</b>	<b>0,2</b>	<b>0,1</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ held oss oppdaterte og sikrar god kompetanse på lover, regelverk og bruk av digitale verktøy, og formidlar dette vidare ut i organisasjonen
- ▶ sikrar god og rett samhandling med tillitsvalde og verneombod
- ▶ i samspel med AMU, Nav og bedriftshelsetenesta, utarbeider vi rutinar, mål og tiltak for å førebygge og redusere sjukefråvær og skader i heile organisasjonen
- ▶ tar overordna ansvar for å initiere og koordinere arbeid med leiarutvikling, avvikshandtering, tilsettingsprosessar, lønnspolitikk og arbeidsgivarpolitikk



## Personalavdelinga

LEIAR: KARI RIISE

For personalavdelinga har 2021 i stor grad vore prega av arbeid med førebuing og innføring av nye digitale system for lønn og personalhandtering. I lag med dei andre kommunane i sjustjerna, har vi delteke i prosjektarbeid og brukt mykje tid på å sikre ein god og trygg overgang frå UBW4 til Visma. Målet er eit system som gir betre leiarstøtte, arbeidsflyt og er meir brukarvennleg for alle involverte.

For å sikre vidare trygg handsaming av avvik, risikovurdering, personvern og internkontroll, var det naudsynt å endre digitalt system for dette. Vi har kjøpt eit skybasert system; Samsvar. Dette vert innført i 2022.

Heiltidskulturprosjektet som vi har vore ein del av i tre år vart avslutta i 2021. Ulstein kommune har markert seg positivt og fått nasjonal merksemd for både arbeidet og resultatet. Sjølv om prosjektet er avslutta, vil arbeidet halde fram på fleire nivå i organisasjonen.

Lønnsoppgjeret i 2021 med lokale forhandlingar for alle tilsette vart gjennomført utan brot. Årets oppgjer var prega av høge forventningar og mykje oppryddingsarbeid etter tre år utan lokale forhandlingar for dei store arbeidsgruppene. Omfattande førebuing og godt samarbeid med organisasjonane var avgjerande for å kome i mål med dette.

Arbeidsreglementet vart oppdatert. I tillegg er det gjort endringar og oppdateringar i administrative rutinar.

### ØKONOMI

Stram økonomistyring, avlyste kurs og reiser, og eit år utan personalfest har resultert i eit lite positivt avvik.

### SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet for stabseiningane vert rapportert samla under sentraladministrasjonen.



ÅRSVERK	TILSETTE		
5,5	6		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	4,1	3,3	4,0
Budsjett	3,7	3,8	3,5
<b>Avvik</b>	<b>-0,4</b>	<b>0,5</b>	<b>-0,5</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

\* tal i mill. kroner

#### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ kartlegg og analyserer innbyggjarbehov som førstelinje på telefon og e-post
- ▶ skaper meir openheit med ny dokumentasjonsstrategi, innsyns-rutine og personvernmodul
- ▶ vidareutviklar sak- og arkivsystem i samarbeid med interkommunal faggruppe
- ▶ jobbar aktivt med digitalisering og forenkling
- ▶ held oss oppdatert og aukar kompetansen innan personvern og informasjonstryggleik



## Servicetorg og dokumententer

LEIAR: ELI MARTE DALHAUG

Avdelinga er førstelinja til kommunen, både som kontaktpunkt og sentralt postmottak. Som innsparingstiltak fekk vi sentralbordtenesta tilbake til oss i juni, etter å ha vore drifta av Vanylven kommune sidan 2018. Samtidig fekk vi ei solid oppgradering av dokumententeret, med tilsetning av arkivleiar i starten av året. Arkivet fekk ein oppsving og vi kom i mål med viktige oppgåver som ny rutine for innsyn, vedtak- og restanserapportering og dokumentasjonsstrategi. Ei topp-plassering i «Åpenhetsbarometeret» som femte mest opne kommune i landet, synte at fokuset vårt definitivt er på rett veg. Vi bidreg aktivt i alle utviklingsprosjekt i interkommunal arkivgruppe. 80 flyttekasser med arkivmaterieill vart levert til IKA for ordning og depotlagring i starten av august. Mykje hylleplass vart frigjort i kvelva på rådhuset, og vi har fått reorganisert materialet betre.

Vi har lenge sett behov for digital skranke og bookingløyising for meir smidig besøksteneste og sjølvbetening. Behovet vart forsterka i samband med pandemien og lukka rådhus.

Leiar tok ansvar for ei interkommunal arbeidsgruppe som utarbeidde dokumentasjon som vart oversendt digitaliseringsrådet. Håpet er å få ei løysning på plass i løpet av 2022. Med omsyn til tryggleik og smittevern var dørene til rådhuset lukka heile året. Då passa det bra at all røystring til stortingsvalet var på Ulstein Arena. Valarbeidet tok storparten av kapasiteten til avdelinga i august/september. Innan personvern og informasjonstryggleik har vi hatt kompetanseheving og aktivitet med deltaking i ulike nettverksmøte, arbeid med ny personvernmodul og systemoversikt. Leiar vart også medlem i lokalt digitaliseringsråd som starta opp dette året.

#### ØKONOMI

Bakgrunn for negativt avvik er overføring av lønnspost til tilsett frå anna eining, utan at budsjettpost var blitt regulert.

#### SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet for stabseiningane vert rapportert samla under sentraladministrasjonen.

ÅRSVERK	TILSETTE*		
18,55	22		
NETTO RESULTAT**	2019	2020	2021
Rekneskap	3,5	3,6	3,7
Budsjett	4,1	3,3	4,2
<b>Avvik</b>	<b>0,6</b>	<b>-0,3</b>	<b>0,5</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	12,59	6,78	5,00

\* interkommunalt \*\* tal i mill. kroner

#### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ følger lovkrava og prioriterer skal- og må-oppgåver
- ▶ effektiviserer sakshandsaminga
- ▶ avklarar roller og forventningar
- ▶ fagleg utvikling, kompetanseheving og organisasjonsutvikling
- ▶ samarbeid på ulike nivå



## Pedagogisk-psykologisk teneste

LEIAR: INGRID EVEBØ HAUG

Interkommunal PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta har etablert gode samarbeidsarenaer i alle kommunane, noko som fører til betre rolleavklaring og vidareutvikling av kommunane sine forsvarlege system. PPT har hatt ein stor auke i person saker i 2021 i alle kommunane. Mange av sakene er svært samansette og komplekse, med høgt fråvær og psykiske symptom. PPT har også ein svak auke i førespurnad om å hjelpe einingane med kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Trass den sterke auken i talet på saker, har PPT greidd å halde seg innafør fristane når det gjeld å utarbeide sakkunnige vurderingar, men mot slutten av året såg vi at det vart svært utfordrande å halde fristane.

Det vart gjennomført tilsyn på spesialpedagogisk hjelp av Statsforvaltaren. Tilsynet viste at PPT stetta lova, men det vart peika på forbetningsområde som handla om endå tydelegare vurdering av barnet sitt beste, og meir synleggjering av korleis PPT vektar føresette si stemme. Desse forbetningspunkta

fekk vi godkjenning på då vi sende tiltak til Statsforvaltaren. Tiltaka har ført til at vi har utarbeida ny mal for sakkunnig vurdering med rettleiar. PPT har vore med i kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Skule, barnehage og PPT i Hareid har vore gjennom ei kartlegging av kompetanse. Resultata frå kartlegginga vil danne grunnlag for forskning og få følge for utdanning.

#### ØKONOMI

Positivt avvik i høve budsjett skuldast vakanse over noko tid i 2021.

#### SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet i 2021 har vore på 5 prosent, og akseptabelt i høve til målsettinga på inntil 5 prosent. Vidare har det vore ein tydeleg reduksjon samanlikna med både 2019 og 2020.





## Helse og omsorg – eining 1

LEIAR: HEIDI STRAND

### EINING 1 HEIMETENESTER

**Velferdsteknologi:** Vi har satsa mykje på dette, særleg ved å ta i bruk medisineringsrobotar ute i heimane. Vi har hatt 30 slike robotar i drift i løpet av året og det vart delt ut ca. 15 000 medisindosar totalt.

«**Det gode pasientforløpet**»: Vi har satsa mykje på å få til gode rutinar og kvalitetssikring av tenesta, og har no fått betre struktur og oversikt over ei stadig veksande brukarmasse. Gode rutinar og god pasienttryggleik har vore satsingsområde i heimesjukepleia.

**Sakshandsaming:** Vi jobbar mykje med å få betre kvalitet på sakshandsaming og digitalisering av tenesta. Vi fekk på plass post-ut i Gerica, noko som var svært positivt og som tek ned sakshandsamingstida mykje. Vi har hatt få klager i 2021, men ser at brukarane nyttar klageretten meir enn tidlegare.

**Arbeidsmiljø:** Vi har arbeidd med samhandling i alle ledd og hatt fokus på arbeidsmiljøet i tenestene.

ÅRSVERK	TILSETTE		
33	58		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	52,5	57,1	29,2
Budsjett	51,4	54,3	27,6
<b>Avvik</b>	<b>-1,1</b>	<b>-2,8</b>	<b>-1,6</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	8,77	9,56	11,64

\* tal i mill. kroner

#### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ held fram med å utvide/utvikle teknologiske løysingar i takt med individuelle behov
- ▶ omgjerung av stillingsheimlar til sjukepleiar/vernepleiar for å kunne møte endra behov
- ▶ lage trivelege måltid med god ernæring og nydeleg matlukt
- ▶ held fram med å ta godt imot lærlingar, studentar, elevar, språk- og arbeidspraksiskandidatar
- ▶ held fram med samarbeid og sambruk av lokalitetar og skaper felles møteplassar/arenaer

**Smittevernarbeid:** Vi greidde å unngå smitte av tilsette og brukarar. Vi fekk tilskot frå Statsforvaltaren i tenesta for psykisk helse og rus på 400 000 kroner – dette vart nytta til å oppretthalde aktivitetar til brukarane, som t.d. bading og klatring, og halde Skollebakken aktivitetshus ope heile året.

#### ØKONOMI

Avvik på økonomi skuldast i hovudsak overforbruk på brukarstyrt personleg assistanse. Det har også vore behov for ein del ekstra innleige i heimetenesta grunna stort press på tenesta i perioden.

#### SJUKEFRÅVÆR

Har vore akseptabelt i pandemien, men såg ein auke i kortidsfråvær og langtidsfråvær mot slutten av året, truleg som ein etterreaksjon etter at det har vore stort press på tenesta dei siste to åra.



## Helse og omsorg – eining 2

LEIAR: GUNN HOFSET

### EINING 2 OMSORGSBUSTADER

**Koronapandemien:** Det vart søkt om eksterne midlar, og avdeling Halsekerdalen 20/Ulshaugen fekk tildelt 800 000 kroner frå Statsforvaltaren til aktivitetstilbod og besøksvert. Dette gav oss ei ny og spennande moglegheit for å kunne fokusere på bebuarane sine individuelle behov og samtidig vareta og styrke det sosiale fellesskapet. Det vart oppretta ein aktivitetsplan etter bebuarane sine ønske og behov. Alt i alt har dette tiltaket gitt avdelinga eit stort løft. Det medverka til å styrke bemanninga og avlaste dei tilsette.

**Velferdsteknologi:** Det vart søkt om prosjektmidlar til medisinsk heimeoppfølging. Vi fekk 500 000 kroner i eit fellesprosjekt med Ålesund, Sula og Sykkylven. Prosjektleiinga vart lagt til Ulstein. Har sett i drift fleire digitale tilsyn,

ÅRSVERK	TILSETTE		
37,36	51		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	33,1	41,8	46,7
Budsjett	33,3	42,5	42,5
<b>Avvik</b>	<b>0,2</b>	<b>0,7</b>	<b>-4,2</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	10,41	11,85	9,51

\* tal i mill. kroner

#### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vidare implementering av velferdsteknologi
- ▶ vidare satsing på «det gode pasientforløpet» i heimetenesta
- ▶ kvalitetsbetring av sakshandsaming, digitalisering og rutinar
- ▶ god samhandling i alle ledd, internt og eksternt, og fokus på kollegastøtte og arbeidsmiljø
- ▶ fokus på smittevern

både RoomMate og Somnofy. Somnofy vert brukt for å kartlegge søvnmønster. Teknologien vert individuelt tilpassa den enkelte brukar og avdeling. Det er tatt i bruk fleire personalalarmer for å trygge tilsette i potensielt farlege situasjonar. Det har vorte arbeidd med kurs, opplæring og oppfølging av dei tilsette.

#### ØKONOMI

Eininga har fleire tenestemottakarar med omfattande behov som krev 2:1- og 3:1-bemanning.

#### SJUKEFRÅVÆR

Mykje fråvær relatert til korona og karantenerreglar, i tillegg til belastningskadar.

ÅRSVERK	TILSETTE		
36,9	54		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	26,7	35,5	39,4
Budsjett	26,8	33,5	38,1
<b>Avvik</b>	<b>0,1</b>	<b>-2,0</b>	<b>-1,3</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	7,32	9,88	10,78

\* tal i mill. kroner

#### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vidareutvikle bruken av RoomMate og Somnofy
- ▶ auke sjukepleiardekninga
- ▶ legge til rette for gode besøksordningar i institusjon og i omsorgsbustader med tanke på smittevern
- ▶ aktivitetar knytt til musikk og trening for å stimulere, aktivisere og auke livsgleda
- ▶ ha praksisplassar for minoritets-språklege som treng språk- og arbeidspraksis



## Helse og omsorg – eining 3

LEIAR: GUNN SÆTRE

### EINING 3 ALVEHAUGEN KORTTID

I 2021 var fokuset retta mot å kunne gi eit godt tilbod til brukarane trass pandemien. Alvehaugen var open for besøkande heile året, men med avgrensingar på bruk av fellesareal grunna smittevern. Ingen brukarar vart smitta. Vi fekk tilskot til aktivitetsvert og til å bygge vinterhage for å motverke einsemd. Dette har vore populære tiltak.

Samtidig har behovet for korttidsplassar på sjukeheimen auka år for år, noko som stiller store krav til effektivitet og behov for auka bemanning, høgare kompetanse og god bruk av velferdsteknologi. Avdelinga har hatt fleire innlagde enn det i utgangspunktet er kapasitet til. Å utvikle ein heiltidskultur har vore sentralt i arbeidet for å oppnå betre kontinuitet og kvalitet i tenesta.

### Tal på korttidsopphald på avdeling G siste åra:

	Frå heim	Frå sjukehus	KAD	Totalt
<b>T2018</b>				<b>111</b>
<b>2019</b>	29	77	36	<b>142</b>
<b>2020</b>	31	98	24	<b>153</b>
<b>2021</b>	60	87	39	<b>186</b>

### ØKONOMI

Overskridingar skuldast behov for ekstra-innleige for å kunne drive forsvarleg.

### SJUKEFRÅVÆR

Auke i sjukefråvær, mykje knytt til belastningsskadar, i tillegg til smittevern og karantenerglar.



## Helse og omsorg – eining 4

LEIAR: GUNN HELEN HAUGE MUREN

### EINING 4 ALVEHAUGEN LANGTID

Bruken av RoomMate og Somnofy er godt implementert i avdelingane og talet på brukarar som nyttiggjer seg av teknologien har auka. Det er gode hjelpemiddel til å kunne yte individuelt tilpassa tenester. Avdelingane arbeider etter prinsippet om persontrent omsorg og med individuelt tilpassa aktivitetar. Fokus på ernæring og gode måltidsopplevingar. Musikkterapeut er fast i avdelingane ein dag per veke. Dette har vore særskildt verdifullt for bebuarane under pandemien. Alvehaugen fekk eit statleg tilskot til aktivisering i 2021. Dette vart nytta til aktivitet inn i avdelingane og var svært positivt for bebuarane. Eininga hadde i 2021 ein sjukepleiar som var med på koronavaksinerings av pasientar og tilsette ved Alvehaugen.

Samarbeid på tvers av avdelingar og profesjonar med overføring av erfaringar og kompetanse fungerer godt og er eit viktig og kontinuerleg arbeid. Under pandemien har vi kunne ta imot færre elevar og stundantar.

Dette har vore sakna i personalgruppa.

I 2021 vart organiseringa rundt natt-teamet endra. Dette førte til utviding av teamet. Dei tilsette er særskildt fleksible, og samarbeider godt på tvers i etaten.

Kjøkkenet driftar godt. Dei lagar og serverer god og næringsrik mat og nyttar råvarer knytt til årstidene. I 2021 har dei dessverre ikkje fått lærling i kokkefaget.

Auken i arbeidsmengd som vaskeriet fekk i 2020 som følge av pandemien heldt fram også i heile 2021.

### ØKONOMI

1,7 millionar kroner av underskotet skuldast utbetaling i vederlagssaka. Ein del av underskotet skuldast også meirforbruk på vaskeriet der budsjettet er for lågt.

### SJUKEFRÅVÆR

Skuldast i hovudsak belastningsskadar og koronafråvær/karantene.

ÅRSVERK	TILSETTE		
40,16	69		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	30,8	32,2	27,9
Budsjett	31,3	32,0	25,5
<b>Avvik</b>	<b>0,5</b>	<b>-0,2</b>	<b>-2,4</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	9,85	10,99	9,64

\* tal i mill. kroner

#### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vidareføre og utvide bruk av RoomMate og Somnofy
- ▶ halde fram samarbeidet på tvers av profesjonar og avdelingar, og nytte rett kompetanse på rett plass
- ▶ tilby daglege aktivitetar, fokus på persontrent omsorg, gode måltidsopplevingar
- ▶ vere positive til initiativ og tilbakemeldingar
- ▶ halde fram arbeidet med å vere gode rollemodellar for elevar, studentar og personar i språk- og arbeidspraksis



## Helse og omsorg – eining 5

LEIAR: AASE DJUPVIK

### EINING 5 HOLSEKERDALEN BU OG HABILITERING

**Koronapandemi:** Vi har i denne perioden forsøkt å gjere det triveleg for dei som bur i Helsekerdalen 22, med mellom anna fellesmåltid. Vi har også invitert personar som bur utanfor avdelinga inn til middag. Dette for å førebygge mellom anna einsemd og for å bygge nye vennskap. Helsekerdalen 24 har halde fram med kafedrift og gratis svele for dei som bur på Ulshaugen for å gi dei moglegheit for sosial samhandling.

**Kompetanseheving:** Vi har hatt fokus på kompetanseheving i avdelingane og har tilsett fleire miljøterapeutar og helsefagarbeidarar. Vi har starta eit samarbeid med SIKKS i sjustjerneprosjektet, der vi satsar på eit nettverk som tek i vare seksualitet og førebygging av overgrep mot menneske som er spesielt utsette.

**Velferdsteknologi:** Vi fekk prosjektmidlar til prosjektet velferdsteknologi på barn, unge og vaksne med funksjonsnedsetting

i 2021. Oppstart av dette i 2022. Her vert det mellom anna fokusert på teikn til tale med Milla Says. Opplæringa starta 2021. I dette prosjektet samhandlar omsorg, skule og heim.

Det er tatt i bruk fleire personalalarmar for å trygge tilsette i potensielt farlege situasjonar. Det har vorte arbeidd med kurs, opplæring og oppfølging av dei tilsette.

#### ØKONOMI

Vi har fleire brukarar som har 1:1, 2:1 og 3:1-bemanning.

#### SJUKEFRÅVÆR

Vi har fleire langtidssjukemelde i avdelingane. Fråværet er ikkje knytt til arbeidsstaden.

ÅRSVERK	TILSETTE		
33,68	50		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	33,5		
Budsjett	32,6		
<b>Avvik</b>	<b>-0,9</b>		
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	12,29		

\* tal i mill. kroner

#### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ godt samarbeid mellom omsorg, skule og foreldre for å gi barn med spesielle behov ei heilskapleg teneste
- ▶ personale i eining 2 og 5 har starta nettverkskafé med fagleg påfyll
- ▶ gjer risikovurderinga og set i verk tiltak
- ▶ samlingspunkt i Helsekerdalen 24 for menneske med funksjonsnedsetting - for å skape og styrke vennskap
- ▶ fokus på godt og inkluderande arbeidsmiljø

ÅRSVERK	TILSETTE		
8,10	11		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	7,8	7,7	9,1
Budsjett	8,6	7,9	10,4
<b>Avvik</b>	<b>0,8</b>	<b>0,2</b>	<b>1,3</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	5,36	7,85	3,61

\* tal i mill. kroner

#### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ likeverdig helsestasjons- og skulehelse-tilbod til alle barn i kommunen
- ▶ tilby toverretta tenester – nå målgruppene der dei oppheld seg, t.d. på skulane
- ▶ fokus på psykisk helsearbeid blant barn og ungdom, individuelt- og gruppetilbod
- ▶ fokus på å avdekke/førebygge vald, psykisk sjukdom og rus hos gravide og småbarnsforeldre
- ▶ kome tidleg inn og tilby foreldre-støttande tiltak til dei som har behov for å styrke foreldrefunksjonen
- ▶ starte implementering av den nasjonale satsinga Barneblikk



## Helsestasjonstenesta

LEIAR: KRISTIN MELI

Helsestasjons- og skulehelsetenesta har vore drifta etter plan og målsetting, trass i korona. Sjølv med strenge smittevernreglar har vi klart å vere tilgjengelege med opne dører og per telefon.

Vi har gitt tilbod om oppfølging/tilgang til alle barn frå svangerskap til og med vidaregåande skule, og har gitt tilbod om ulike foreldrerettleiingsprogram til alle foreldre i kommunen.

Saman med Helse Møre og Romsdal har vi implementert Barneblikk – eit tilbod til gravide og småbarnsforeldre som slit med rus eller psykiske vanskar.

Vi har fokus på det tverrfaglege, og har i 2021 både klinisk ernæringsfysiolog, foreldrerettleiar og fysioterapeut, i tillegg til grunnbemanninga.

Vi har stått for all koronavaksinering av alle innbyggjarar i Ulstein, med unntak av brukarar i omsorgstenesta.

Saman med kommuneoverlegen har vi stått for all smittesporing og oppfølging av koronasmitta.

#### ØKONOMI

God økonomisk kontroll.

#### SJUKEFRÅVÆR

Under kontroll, nokre korttidssjukemeldingar, men ingen langtidssjukemeldingar.

ÅRSVERK	TILSETTE		
2,4	5		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	15,0	17,8	19,1
Budsjett	13,3	17,9	17,8
<b>Avvik</b>	<b>-1,7</b>	<b>0,1</b>	<b>-1,3</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	Ikkje med pga. storleik		

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ utviklar godt tverrfagleg samarbeid i alle delar av helse- og omsorgstenesta
- ▶ held fram med å vidareutvikle det gode samarbeidet med fastlegane ved Ulstein legesenter
- ▶ arbeider vidare med å utvikle legevakta med tanke på ei best mogleg teneste for innbyggjarane våre. Legevakta skal også kunne gi støtte og tryggleik til omsorgstenesta vår
- ▶ kommuneoverlegen skal vere ein tydeleg medisinfagleg rådgivar i saker som påverkar folkehelsa innanfor alle samfunnsområde. Saman med smittevernlegen vere lett tilgjengeleg for rådgiving innan smittevern



## Legetenesta

LEIAR: NORUNN KIRKEBØ ELDE

Koronapandemien vart mykje lenger og hardare enn vi hadde trudd, og har teke tid og krefter også det siste året. Vi har verkeleg fått kjenne på kor viktig samarbeid på tvers av etatar og avdelingar er. Samarbeidet i kommunen, interkommunalt og mot helseføretaket har utvikla seg positivt. Med auka digital kompetanse er ikkje avstand lenger noko problem.

Legesenteret har siste året hatt normal kapasitet og har vore ope og tilgjengeleg. Teststasjon i samlokasjon med legesenteret har gitt god oversikt over pandemien og ekstra godt samarbeid mellom legar og smittesporingsteam/kommuneoverlege. Fastlegekrisa i landet vårt har ramma vårt område også. Sidan Ulstein har mange stabile fastlegar har vi no aukande venteliste på fastlegeplassar. Vi har ikkje klart å levere på at alle i kommunen får tilbod om ein fastlege. I ventetid har turnuslegen vore viktig her.

Legevakta vart forsterka med betre ordningar og vi fekk leasa eigen legebil til bruk på

legevakt. Under pandemien har vi sett enda tydelegare at den middels store og nære legevaktsordninga vi har saman med Hareid er eit stort gode for innbyggjarane og omsorgstenestene våre. Nattlegevakta og legevaktfremidlinga er framleis i Hovdebygda som eit samarbeid i sjustjerna.

Som kommuneoverlege har eg også dette året brukt mykje tid på smittevernarbeid. Det har vore eit svært godt samarbeid med industrien og næringslivet generelt. I tillegg har eg lagt vekt på å vere tilgjengeleg for dei andre kommunale tenestene.

### ØKONOMI

Det har vore mykje ekstrautgifter i samband med pandemien. Kommunane har fått kompensert dette med koronamidlar frå staten.

### SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er ned mot null. Berre LIS-legen og kommuneoverlegen har fulle fastlønna stillingar.



## Barnevern

LEIAR: AINA ØYEHAUG OPSVIK

Førebuing til barnevernsreforma som vert sett i verk i 2022 har vore viktig i 2021 og har prega arbeidet på fleire måtar. Tenesta tek del i Bufdir si kompetansesatsing i samband med reforma. Vi har også på vegner av alle kommunane i Møre og Romsdal prosjektansvar for eit prosjekt som skal førebu kommunane på ansvaret for fosterheimar som vert overført frå stat til kommune i samband med reforma.

Reforma er også ei oppvekstreform der det vert auka fokus på samhandling for å kome tidleg inn. Tenesta tek medansvar for denne.

Tenesta har møtt barn og familiar i heile koronaperioden i samsvar med smittevernråda som har vore gjeldande. Det har vore utfordrande å drive barnevernstenesta med heimekontor og utan å kunne møte kvarandre fysisk. Det er teke i bruk digitale møte til faglege samlingar og personalmøte.

Tenesta har hatt ein massiv meldingsauke i pandemitida. Etter å ha fått orientering om dette sette egarkommunane raskt inn

tiltak i form av ekstra personalressurs. Det er knytt spenning til korleis pandemien og konsekvensane for barn og unge vil prege tida framover.

Tenesta har vore i nemnd og rett med tre saker for Ulstein i 2021. Det er mottatt 108 bekymringsmeldingar vedkomande barn frå Ulstein i 2021. Ved årskiftet var det 64 barn som fekk tiltak frå barnevernstenesta, ni av desse bur i fosterheim.

### ØKONOMI

Tenesta har i stor gått vekk frå å kjøpe tiltak frå private aktørar og nyttar kompenserte tiltak i mindre grad enn tidlegare. Vi nyttar i staden eige familieteam. Dette er medverkande årsak til at utgiftene har gått ned.

### SJUKEFRÅVÆR

Eit samla sjukefråvær på 8,97 prosent er ein nedgang i forhold til tidlegare år. Det vert lagt stor vekt på å følge opp sjukemelde og å finne gode løysningar for den enkelte.

ÅRSVERK	TILSETTE*		
38,7	45		
NETTO RESULTAT**	2019	2020	2021
Rekneskap	14,6	13,5	14,4
Budsjett	15,1	15,4	15,2
<b>Avvik</b>	<b>0,5</b>	<b>1,9</b>	<b>0,8</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	12,97	9,72	8,97

\* interkommunalt \*\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ sikre medverknad frå familie og nært nettverk gjennom å tilby nettverksmøte og familieråd til familiane
- ▶ arbeide for å skape eit godt og trygt arbeidsmiljø ved hjelp av tett samarbeid med tillitsvalde
- ▶ styrke kompetansen i tenesta med fagdagar, rettleiing i grupper og individuelt, og ved deltaking på ulike kurs
- ▶ ta del i tverrfaglege samarbeidsforum i kommunane





## Haddal skule

LEIAR: VIBEKE VIGESTAD BERGE

Haddal skule er nærskulen til elevar i 1.-7. trinn i skulekrinsane Haddal og Eiksund. Inneverande skuleår har skulen 60 elevar der 20 av desse går på SFO.

«Haddal skule har trygge elevar som meistrar og lærer. Vi tek ansvar, viser respekt og har omsorg for kvarandre». Dette er skulen sin visjon og ligg i botnen for alt vi gjer i skulen; læringsaktivitetar, utviklingsarbeid, heim-skule-samarbeid og SFO. Fokuset vårt er elevane sitt læringsmiljø og vi jobbar målretta og systematisk for å skape betre trivsel for betre læring. Vi ønsker at alle elevane skal ta ut potensialet sitt innanfor rammene av skulefelleskapet. Vi har miljørettleiar i 50 prosent stilling som jobbar målretta mot dette.

Resultata frå elevundersøkinga der alle på mellomsteget svarar på spørsmål om læring og trivsel, viser at vi framleis bør ha fokus på elevane sitt læringsmiljø og peike ut aktuelle

forbetringsområde. Blant anna har vi siste åra sett behov for vidareutvikling av rutineane våre for heim-skule-samarbeidet, og har arbeidd aktivt med dette i 2021.

### ØKONOMI

Vi har styrt økonomien godt og har hatt god kontroll.

### SJUKEFRÅVÆR

Vi har framleis høgt sjukefråvær. Vi er få tilsette og med nokre langtidssjukemeldte vert fråværsprosenten stor. 2021 var eit år med mykje fråvær grunna koronapandemien, som igjen har ført til ein del slitasje i personalet.

ÅRSVERK	TILSETTE		
13,89	15		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	9,7	9,9	10,6
Budsjett	10,0	10,4	10,7
<b>Avvik</b>	<b>0,3</b>	<b>0,4</b>	<b>0,1</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	9,02	10,10	9,81

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ har fokus på godt læringsmiljø og lesing som grunnleggande ferdigheit
- ▶ arbeider systematisk og kontinuerleg med relasjonskompetanse elev-elev, elev-vaksen og vaksen-vaksen
- ▶ utviklar gode rutinar for heim-skule-samarbeid der dialog, likeverd og gode møteplassar er sentralt

ÅRSVERK	TILSETTE		
28	32		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	20,2	19,1	20,5
Budsjett	19,6	20,1	20,2
<b>Avvik</b>	<b>-0,6</b>	<b>1,0</b>	<b>-0,3</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	6,96	7,81	9,52

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ arbeider kontinuerleg og systematisk for å fremme helsa, miljøet og tryggleiken til elevane
- ▶ gir elevane grunnleggande kompetanse i programmering, og legg til rette for kreativitet og skapartrøng
- ▶ arbeider etter prinsippa i *Strategi for kvalitet – Ulsteinskulen mot 2025*
- ▶ etterutdanning med temaet lesing i samarbeid med Høgskulen i Volda
- ▶ leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette og høgt fokus på involvering av tillitsvalde og verneombod



## Hasund skule

LEIAR: MARIANNE ULSTEIN JOHNSTON

Hasund skule har 163 elevar fordelt på 1.-7. trinn skuleåret 2021-2022. Det vert gitt SFO-tilbod til 38 barn.

Vi jobbar for at alle elevar skal ha eit trygt og mobbefritt skulemiljø. Skulen har gode rutinar for dette. Skulen har hatt eit godt samarbeid med helsesjukepleiar.

Hasund skule ønsker å vere ein utviklingsretta skule, og då er fagfornyng og ny læreplan ein del av utviklingsarbeidet. Skulen arbeider etter prinsippa i Strategi for kvalitet – Ulsteinskulen mot 2025, utarbeidd av rektorane og oppvekstkontoret. Denne gir oss retning i arbeidet på skulen sett i lys av gjeldande læreplanverk og lovverk.

I 2020 vart det også sett i gang eit samarbeid med Høgskulen i Volda I dette samarbeidet har vi lesing som grunnleggande ferdigheit som satsingsområde. Dette samarbeidet held fram også i 2021.

Nasjonale prøver viser gode resultat i engelsk og rekning. I lesing er resultatata omtrent på landsnivå.

Elevundersøkinga viser at elevane har høg trivsel og at dei opplever lite mobbing på skulen. Elevane meiner at lærarane har tru på dei. Det er viktig at skulen held fram med å arbeide systematisk og målretta for at elevar skal ha eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling i tråd med opplæringslova.

Sjølv om skuleåret har vore prega av pandemien har dei tilsette og elevane vist stor innsatsvilje og omsorg for kvarandre.

### ØKONOMI

Eininga gjekk med eit mindre underskot grunna stort vikarbehov.

### SJUKEFRÅVÆR

Stort sett langtidfråvær, men vi har også hatt ein del koronarelatert fråvær i 2021. Vi vil jobbe vidare for å redusere fråvær som kan vere arbeidsrelatert.



ÅRSVERK	TILSETTE		
15,41	18		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	11,8	12,0	12,0
Budsjett	11,1	11,7	12,0
<b>Avvik</b>	<b>-0,7</b>	<b>-0,3</b>	<b>0,0</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	7,24	3,30	7,30

\* tal i mill. kroner

#### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø
- ▶ utviklingsarbeid om nytt læreplanverk
- ▶ etterutdanning med temaet lesing, i samarbeid med Høgskulen i Volda
- ▶ intensiv opplæring for elevar på 1.-4. trinn slik at dei oppnår forventa progresjon i lesing, skriving og rekning
- ▶ medverknadsprosessar for skulen sine tilsette og god involvering av tillitsvalde, gjennom Ulstein skule sine samarbeidsarenaer
- ▶ arbeid med å sikre god heiltdskultur ved Ulstein skule



## Ulstein skule

LEIAR: SYNNØVE HAUG

Ulstein skule har elevar frå krinsane Skeide, Ulstein og Flø. Skulen har 75 elevar fordelt på 1.-7. trinn skuleåret 2021-2022. Skulen har tilbod om SFO, med eit samla barnetal på 23 barn.

Skulen arbeider etter prinsippa i *Strategi for kvalitet – Ulsteinskulen mot 2025* utarbeidd av rektorane og oppvekstkontoret. Denne gir oss retning i arbeidet på skulen saman med gjeldande læreplanverk og lovverk.

For året 2021 har vi arbeidd for å integrere dei tverrfaglege emna inn som ein naturleg del av faga. Desse er berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring. Lesing har vore ei spesiell satsing i kommunen dei siste åra. Ulstein skule arbeider heile tida for å gi elevane gode leseopplevingar og utvikle lesemotivasjonen deira.

Kontinuerleg arbeid med relasjonsbygging gjennom arbeid med fag og samarbeid i skulen gir igjen Ulstein skule gode resultat på elev- og foreldreundersøkinga. Det er viktig at skulen held fram med å arbeide systematisk og målretta for at elevar skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling i tråd med opplæringslova.

Skulen held fram med å arbeide med nytt læreplanverk.

#### ØKONOMI

Ulstein skule er organisert på ein måte som gjer at vi kan drive økonomisk og pedagogisk forsvarleg.

#### SJUKEFRÅVÆR

Ulstein skule har noko høgare sjukefråvær grunna pandemien.



## Ulsteinvik barneskule

LEIAR: KAREN STRAND

Ulsteinvik barneskule har skuleåret 2021-2022 458 elevar fordelt på sju klassesteg, og om lag 70 tilsette.

Denne hausten tok skulen i bruk nytt skulebygg som inneheld ni nye klasserom med tilhøyrande grupperom, arbeidsrom for lærarane, personalrom og kontoravdeling for leiinga. Skulebygget har vore eit stort løft for skulen.

Skulefritidsordninga (SFO) er ein stor og viktig del av tilbodet til skulen. Skulen har lagt vekt på kompetanseheving av tilsette i SFO med fokus på å legge til rette for lek, meistring og gode opplevingar for barna. Dette skuleåret har det vore 139 barn som har nytta seg av tilbodet.

Ulsteinvik barneskule er ein skule som er prega av eit godt profesjonsfelleskap. I samband med innføring av ny læreplan har vi i år arbeidd med elevaktive læringsmetodar og elevaktivitet. Vi ønsker at elevane på skulen skal medverke og vere aktive i si eiga læring i størst mogleg grad. I tillegg til dette har skulen i samarbeid med lesesenteret i

Stavanger, Nynorsksenteret og Høgskulen i Volda delteke i kommunen si satsing på lesing som grunnleggande ferdigheit.

Skulen oppnådde gode resultat både på nasjonale prøver og elevundersøkinga. Det er svært gledeleg at elevane rapporterer om god trivsel og lite mobbing. Arbeidet med eit godt skulemiljø og trivselen til elevane er svært viktig og eit arbeid vi held fram med vidare.

#### ØKONOMI

Ulsteinvik barneskule har ei bemanning som ligg tett opp mot lærarnorm. Det er svært krevjande å halde budsjett. Vi har sett inn tiltak for å redusere meirforbruket, men samstidig må vi sikre kvaliteten på opplæringa og at bemanninga er etter norm for lærartettleik.

#### SJUKEFRÅVÆR

Ulsteinvik barneskule har på lik linje med andre arbeidsplassar i 2021 hatt store utfordringar knytt til korona og korttidsfråvær.

ÅRSVERK	TILSETTE		
60,47	66		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	38,1	38,4	42,8
Budsjett	36,5	36,8	41,2
<b>Avvik</b>	<b>-1,6</b>	<b>-1,6</b>	<b>-1,6</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	5,71	5,85	6,71

\* tal i mill. kroner

#### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø, relasjonskompetanse og effektiv handsaming av mobbesaker
- ▶ fokus på lesing som grunnleggande ferdigheit, og innføring av metodar knytt til ny læreplan er hovudsatsingsområde
- ▶ vi har fokus på godt læringsutbytte og systematisk oppfølging av grunnleggande ferdigheiter. Vi kartlegg elevane sitt læringsutbytte og følger opp elevar med behov
- ▶ leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette og god involvering av tillitsvalde



## Ulstein ungdomsskule

LEIAR: TOR ARNE AASEN

Ulstein ungdomsskule ligg i sentrum av Ulsteinvik og har 320 elevar i alderen 13–16 år, fordelt på 13 klasser. Ulstein ungdomsskule har stort fokus på fagfornyninga, teknologi og ferdigheiter for det 21. århundret (kreativitet, kritisk tenking, samarbeid og kommunikasjon). Vi deltek i MOT-programma «Robust ungdom» og «Skulen som samfunnsbygger».

Koronasituasjonen har påverka mykje av 2021, som 2020. Vi har likevel hatt bra progresjon i innføringa av fagfornyninga i godt samspel mellom tilsette, elevar og leiing. Det er imponerende korleis alle har handtert den langvarige situasjonen.

Elevane si sosiale og faglege læring står sterkt forankra i skulekvardagen. Vi startar kvar morgon med tilbod om gratis frukost til alle elevar, og i lunsjen kan elevane kjøpe sunn mat (ikkje under koronapandemien). Skulen har i fleire år jobba systematisk med vurdering for læring, og kan vise til gode resultat på nasjonale prøver.

MOT-undersøkingar viser at elevane meiner at MOT-arbeidet er viktig, og at dei får gode verktøy dei kan bruke for å meistre kvardagen endå betre.

Teknologisatsinga gjennom fleire år har gitt skulen kompetente tilsette og mykje bra utstyr. Dette gjer at vi kan auke læringsutbyttet for elevane våre ytterlegare.

Ulstein ungdomsskule vart etter søknad innvilga status som lærarutdanningsskule i samarbeid med Høgskulen i Volda. Dette er nivået over å vere ordinær praksisskule og er ei stor anerkjening.

### ØKONOMI

Eininga gjekk med eit lite overskot.

### SJUKEFRÅVÆR

Skulen har relativt lågt sjukefråvær, men har hatt ein naturleg auke som følge av restriksjonar for oppmøte ved symptom som kan vere koronarelatert.

ÅRSVERK	TILSETTE		
42,55	47		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	43,1	41,2	42,2
Budsjett	42,9	41,9	42,7
<b>Avvik</b>	<b>-0,2</b>	<b>0,7</b>	<b>0,5</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	2,88	4,25	5,37

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk arbeid med fagfornyninga for å auke læringa til elevane
- ▶ innfører karakterfri undervegs-vurdering som fremmar fagfornyninga
- ▶ vidareutviklar profesjonelle tilsette med godt elev- og menneskesyn
- ▶ systematisk arbeid med MOT-programma «Robust ungdom» og «Skulen som samfunnsbygger»
- ▶ teknologi og IKT er utbreidd i skulekvardagen for elevar og tilsette
- ▶ alle elevar har 1:1 Chromebook
- ▶ deltaking i den kommunale satsinga Språkløyper

ÅRSVERK	TILSETTE		
15	18		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	8,7	8,1	8,6
Budsjett	8,9	8,9	8,6
<b>Avvik</b>	<b>0,2</b>	<b>0,8</b>	<b>0,0</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	8,85	7,26	15,05

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ fokus på tydeleg gruppeleiing og relasjonsbygging som gir trygt læringsmiljø, trivsel og læring
- ▶ Vi har arbeidd med implementering av nye lovparagrafar i barnehagelova
- ▶ tatt i bruk Veilederen som verktøy i internkontrollsystemet
- ▶ tatt i bruk Edlevo som kommunikasjonsverktøy for personale og føresette
- ▶ har valt ut barnehagen sitt verdigrunnlag som fokusområde for barnehageåret 2021-2022
- ▶ er med på partssamarbeid med høgskulen og Nynorsksenteret om språk og lesing med fokus på nynorsk



## Sundgotmarka barnehage

LEIAR: NORA WINGSTERNES

I 2021 hadde barnehagen 58 barn vårhalvåret og 60 barn hausthalvåret.

Personalgruppa er sett saman av sju pedagogar, pluss styrar og elleve fagarbeidarar/assistentar. Styrar er tilsett i 100 prosent stilling.

**Visjonen til barnehagen:** Vi gir barna vengar og røter.

Sundgotmarka barnehage skal vere ein god stad å vere for barn, føresette og personale. Vi er ein lærande organisasjon som ser det enkelte mennesket. Barnehagen skal vere ein trygg og spennande stad å vere for barna, og ein triveleg og utviklande arbeidsstad for dei vaksne.

Livsmestring og helse, berekraftig utvikling og god oppvekst. Ulstein har vore fokusområdet vårt i 2021.

Det pedagogiske synet i barnehagen er inspirert av Reggio Emilia-tenkinga. Hovudfokuset er å synleggjere det kompetente, kreative og utforskande barnet.

Vi gjennomførte Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking for barnehage og fekk greitt resultat, med unntak av ute- og inneareal og informasjon.

### ØKONOMI

Budsjett og rekneskap for 2021 samsvarar. Dette er eit resultat av stram styring av bemanning i tråd med norm, i tillegg til eit svært nøkternt forbruk i drifta elles.

### SJUKEFRÅVÆR

2021 ber preg av koronapandemien. Det har vore låg terskel for sjukdom grunna pandemien, noko som har gitt utslag på korttidsfråvær.

ÅRSVERK	TILSETTE		
8,26	15		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	7,3	6,7	7,1
Budsjett	6,8	6,7	7,0
<b>Avvik</b>	<b>-0,5</b>	<b>0,0</b>	<b>-0,1</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjuefråvær	8,84	4,85	6,92

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ underviser musikk, kunst og dans i tråd med rammeplan for kulturskolen: «Mangfald og fordjuping»
- ▶ fokusområde motivasjon og elevmedverknad for å auke elevane si læring, utvikling og trivsel
- ▶ styrke samarbeidet mellom heim og skule
- ▶ det profesjonelle læringsfellesskapet i kulturskolen skaper auka læring, utvikling og trivsel for dei tilsette



## Ulstein kulturskule

LEIAR: JULIANNE HAUGE

Ulstein kulturskule har 380 elevar fordelt på 524 elevplassar i musikk, kunst og dans. Vi sel dirigentteneste til tre skulekorps, eitt vaksenkorps og strykeorkester.

Målet for kulturskolen er at vi skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet. Vi jobbar samtidig med å utvikle oss til eit lokalt ressurscenter og ein samarbeidsaktør for andre avdelingar i kommunen og det frivillige kulturlivet.

Forventningar til kulturskolen er at vi bryr oss og at vi er profesjonelle. Vi har høge ambisjonar på vegner av elevane, og er undersøkjande etter elevane sitt ambisjonsnivå og kva som motiverer til vidare læring. Våre lærarar har høg fagkompetanse og er god på relasjonsbygging.

Motivasjon og elevmedverknad. Læraren peikar alltid på utvikling og har fokus på eleven si meistring. Samtidig gir vi gode råd for vidare læring. Elevane skal oppleve å vere aktive i eigen læringsprosess. Vi har eit inkluderande og trygt skulemiljø, der

målet er at alle skal kjenne seg som ein del av fellesskapet. Elevmedverknad og motivasjon er satsingsområde dette skuleåret.

Digitalisering og koronapandemi. Under pandemien har nye undervisnings- og konsert-, førestilling- og utstillingsformer vorte prøvd ut. Vi er stolte av kreativiteten og endringskapasiteten til alle. Vi tek med oss dei gode erfaringane og lærer av dei dårlege. Den digitale undervisningsforma skal vidareutviklast og vere eit naturleg supplement, for å vere relevant i vår samtid.

### ØKONOMI

Auka utgift knytt til bruk av vikar og mindre inntekter knytt til mangel på billettinntekter.

### SJUKEFRÅVÆR

Bakgrunnen for tala dette året ligg i langtidsfråvær og koronasituasjonen



## Almejordet barnehage

LEIAR: SISSEL HELEN HASUND

Almejordet vart kommunal barnehage 01.01.2021. Før det har barnehagen eksistert som foreldreidg barnehage sidan 2003. Alle tilsette følgde med over.

I 2021 hadde barnehagen 64 barn.

**Almejordet barnehage sitt mål:** Trivsel for store og små. Både små og store skal trivast saman i eit godt psykososialt miljø som forebygger mobbing og krenking.

Barnehagen sitt pedagogiske syn er inspirert av Reggio Emilia-tenkinga. Opphavsmannen Loris Malaguzzi, sa: «Vi seier at når barnet vert fødd, føddast det talande, talande med nokon». Med det meiner han at vi er alle fødte sosiale og med behov for å kommunisere med andre. Intensjonen er å ha fokus på kvart barn og barnet sitt høve til å utvikle seg til tenkande og sjølvstendige individ.

Barnehagen har gjennom fleire år jobba systematisk med kompetanseløft i samarbeid med Pedagogisk psykologisk teneste. Fokuset er det autoritative perspektiv som er ein teori som tek for seg balansen mellom det

å vere styrande og strukturert, og det å vere støttande og stimulerande.

I tillegg deltek barnehagen i regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen der fokuset er språk og språkutvikling. Arbeidet er i samarbeid med Høgskulen i Volda.

Almejordet gjennomførte Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking for barnehage, og det er gjennomført 10-faktor-undersøking i personalgruppa.

### ØKONOMI

Har brukt året på overgang til kommunale system og avtalar. Dette har vorte gjort over tid, både for å ta omsyn til oppseingsfristar og for å sikre god drift som er i tråd med lovkrav. Har god kontroll, lite avvik frå budsjett.

### SJUKEFRÅVÆR

Første år i kommunal regi og dermed ingen tidlegare tal å samanlikne med i denne rapporten. Men det er ein svak nedgang samanlikna med 2019 og 2020.

ÅRSVERK	TILSETTE		
14,1	16		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	8,4		
Budsjett	8,3		
<b>Avvik</b>	<b>-0,1</b>		
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjuefråvær	10,85		

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk endringsarbeid i heile personalgruppa med fokus på det autoritative perspektiv
- ▶ varme relasjonar og godt samspel
- ▶ regional kompetanseutvikling med fokus på språk og språkutvikling
- ▶ trivselen til barna er alltid den vaksne sitt ansvar



## Kulturavdelinga

LEIAR: LEIF RINGSTAD

**Ulstein bibliotek:** Vaksne og studentar har brukt biblioteket mykje. Også litteraturgrupper og senioruniversitetet er faste brukarar. På ettermiddag og kveldstid er det enkelte dagar godt besøk av barn og unge. Psykologtimen har vore eit fast innslag. Biblioteket vart brukt som lokale for førehandsrøystinga til stortings- og sametingsvalet.

**Ulsteinbadet:** Grunnskulen i Ulstein er den store enkeltbrukaren med om lag 18 500 elevbesøk. Babysymjing er eit nytt og svært populært tilbod. Elles hadde vi eit svært godt sommarbesøk med ein omsetningsauke på kring 50 prosent. Året sett under eitt hadde Ulsteinbadet 65 277 besøkande.

**Sjøborg kulturhus og kino:** Utfordrande drift grunna koronarestriksjonar og tilgang på attraktive filmar med fleire utsette premierar. Då er det likevel hyggeleg at kinoen tronar på førsteplass i Kommunebarometeret. Totalt om lag 18 000 besøkande.

**Bell Ungdomsklubb** har i 2021 hatt ope

i snitt to kveldar per veke i tillegg til ein ettermiddag i veka med middag/leksetilbod. Vi har også hatt digital klubb og utandørs arrangement.

**Ung Arena:** Prosjektet har bidrege ved å skape nettverk for ungdom og sosiale møteplassar.

Kulturavdelinga hadde i 2021 ansvaret for organiseringa av Stikk UT!, eit turtilbod som sette nye rekordar i 2021.

### ØKONOMI

Økonomisk resultat for kulturavdelinga viser eit avvik på 0,78 millionar kroner. Godt arbeid knytt til m.a. refusjonsordning for kulturhus og kino, inntektsauke og betre samsvar mellom aktivitet og budsjett har gitt resultat. Størst avvik er det knytt til drifta av Ulstein Arena.

### SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråvær for avdelinga er høgt, og skuldast både forhold knytt til korona og eit par langtidssjukemeldingar.

ÅRSVERK	TILSETTE		
22	35		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	28,5	28,1	28,2
Budsjett	26,0	26,6	27,4
<b>Avvik</b>	<b>-2,5</b>	<b>-1,5</b>	<b>-0,8</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	2,69	5,35	7,32

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ kreativ og aktiv medspelar og legge til rette for frivillig sektor
- ▶ kulturavdelinga sine einingar Ulsteinbadet, Sjøborg kulturhus og Sjøborg kino, har eit særskilt fokus på attraktivitet, sal/marknadsføring og økonomisk inntening i drifta
- ▶ kulturavdelinga arbeider for at innbyggjarane i kommunen utviklar godt samhald, stolt identitet og opplever trivsel og bulyst i kvardagen
- ▶ det overordna perspektivet for avdelinga er at Ulstein skal vere ein god stad å vekse opp og ein god stad å leve heile livet

ÅRSVERK	TILSETTE		
6,8	8		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	3,2	2,3	4,2
Budsjett	3,7	2,7	3,5
<b>Avvik</b>	<b>0,5</b>	<b>0,5</b>	<b>-0,7</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	3,23	0,98	3,99

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ pådrivarar for fornying og forbetring gjennom digitalisering, og legge til rette for ein kultur prega av innovasjon, nytenking, prøving og feiling
- ▶ ha oppdaterte rutinar og framdriftsplanar som sikrar at vi held fokus på tiltaka gjennom heile året, og at avdelinga har gode planprosessar som sikrar medverknad og berekraftig utvikling
- ▶ ha nødvendige faglege og digitale kunnskapar, ferdigheiter og verktøy blant medarbeidarane
- ▶ ha tenester og arbeidsprosessar som tek utgangspunkt i behova til brukarane



## Plan- og bygningsavdelinga

LEIAR: ANITA SUNDNES

Innanfor plan har det vore stor aktivitet med sju oppstartsaker inkludert områdeplan for Ulsteinvik sentrum. Fem reguleringsplanar og ein interkommunal kystsoneplan har vore ute på offentlig ettersyn. To planar vart vedtekne i rapporteringsåret. Planleggar var ute i fødselspermisjon frå januar til oktober. Vi var heldige å få inn vikar med arkitektfagleg kompetanse som vart tilsett vidare på engasjement for å arbeide med områdeplanen.

Det har vore lite byggeaktivitet, og berre 18 bueningar fekk bruksløyve/ferdigattest (mot 98 året før). Avdelinga sit med eit inntrykk av at lempingane i byggereglane fører til at fleire set i gang med tiltak det skulle ha vore søkt om løyve til. Dette fører til ein del arbeid for kommunen med oppfølging av ulovlege tiltak. Det har også vore tunge klagesaker dette året.

Når det gjeld frådelling av nye private eigedomar, har det også her vore ein nedgang, men det har vore ein god del oppmålingsarbeid knytt til grunnkjøp og

etablering av kommunale tomter på Skeide.

Ein av oppmålingsingeniørane var ute tre månader i farspermisjon.

Avdelinga har også ansvar for eigedomsskatt.

Det er formelt inngått avtale om at Ulstein administrerer GIS-samarbeidet på Søre Sunnmøre, dette fører til ein del support på kartserverar, leiing av ulike oppgraderingsprosjekt og kommunikasjon mellom dei andre kommunane og systemleverandørar, i tillegg til SSIKT.

### ØKONOMI

Vi klarte ikkje heilt å oppnå budsjettmål for inntekter innanfor byggesak og oppmåling.

### SJUKEFRÅVÆR

Har vore ein del fråvær knytt til korona, og også nokre kortare sjukemeldingar. Sjukefråværet er ikkje arbeidsrelatert.



ÅRSVERK	TILSETTE		
9,5	10		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	16,0	5,9	7,0
Budsjett	14,6	5,6	4,8
<b>Avvik</b>	<b>-1,4</b>	<b>-0,3</b>	<b>-2,2</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	11,17	4,76	5,92

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ legg opp drifta slik at vedtekte rammer samsvarar med utgiftene
- ▶ gjennomfører investeringsprosjekta innanfor vedtekte budsjett og på ein fagleg god måte
- ▶ set av ressursar til å jobbe med planar og utviklingsprosjekt



## Anleggs- og driftsavdelinga

LEIAR: ODD KÅRE WIIK

**Vassforsyning:** Det er produsert 1 365 303 m<sup>3</sup> vatn i 2021. Avdelinga har hatt berre sju mindre driftsavbrot i vassforsyninga i 2021. Forsyninga er stabil og god og reinseanlegga er 100 prosent effektive. Ikkje noko avvik i vasskvalitet. Det er gjennom fleire år prioritert utskifting av hovudvassleidningar. Revidert hovudplan for vassforsyning skal handsamast av kommunestyret i 2022.

**Utbyggingar:** Nye membranar (silar) på Gamleidet, etappe 4 for ny vassleidning Garsholhaugen-Bjørndalvegen, nye hovudvassleidningar i bustadfeltet på Skeide.

**Avløp:** Stabile tilhøve utan avvik. Avgrensa aktivitet i utbyggingar medan vi ventar konklusjon i prosjekt resipientundersøking. Vurdering og konklusjon kjem i 2022.

**Utbyggingar:** Resipientundersøking i regi Runde Miljøsester, sanering Skeide som del av feltutbygginga, sanering Osborgvegen.

**Hamn:** vanleg vedlikehald.

**Grønt:** God røynsle med robotklipparar på to stader i sentrum. Også godt nøgde

med sommarhjelpene vi hadde inne i 2021.

**Veg:** Vanleg vegvedlikehald etter strenge prioriteringar for sommarvedlikehaldet. Mykje går med til vintervedlikehald.

**Utfordring:** Dårlig samsvar mellom meir vegar å vedlikehalde og mindre budsjett til å vedlikehalde. Heller ikkje rom for asfaltering med lågt driftsbudsjett. Mange vegar har no lite slitedekke att.

**Maskin:** Bra utstyrt, men ny lastebil må ha høg prioritet. Svært viktig reiskap for vintervedlikehaldet.

### ØKONOMI

God i balanserekneskap VA. Utfordring på veg grunna stort vintervedlikehald. Om lag 0,5 millionar kroner i overskriding.

### SJUKEFRÅVÆR

Litt høgare enn normalt også i 2021 grunna lengre sjukmelding.

ÅRSVERK	TILSETTE		
18,8	24		
NETTO RESULTAT*	2019	2020	2021
Rekneskap	-7,0	-4,2	2,1
Budsjett	-4,7	-0,4	2,3
<b>Avvik</b>	<b>2,3</b>	<b>3,8</b>	<b>0,2</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	4,08	8,74	13,72

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ styrkar introduksjonsprogrammet gjennom kvalifiserande tiltak som sikrar at fleire går over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter fullført program
- ▶ jobbar for styrka brukarmedverknad og individuell tilpassing av tenestene
- ▶ jobbar for betre samhandling og tverrfagleg samarbeid med kommunale tenester og andre instansar
- ▶ motarbeider utanforskap og bidreg til aktiv deltaking i lokalsamfunnet



## Inkludering og mangfald

LEIAR: LARS ERLING BJÅSTAD HOVLID

Inkludering og mangfald i Ulstein (IMU) rommar flyktningtenesta og kompetanse-senteret, med kommuneloped, norsk-opplæring, grunnskule og spesialundervisning for vaksne. Frå sommaren 2021 vart det spesialpedagogiske teamet for førskulen (FØ-teamet) ein del av eininga. Eit overordna mål for alle tenestene i IMU er å gi kompetanse for arbeids- og kvardagsliv.

Om lag 70 elevar har fått opplæring i norsk og samfunnsfag. Dette er elevar med rett og plikt til opplæring, betalingslevar og elevar som har tiltak gjennom Nav. Ti personar har hatt plass på grunnskulen for vaksne. Denne tenesta vert kjøpt av Hareid kommune. Om lag 15 elevar har fått spesialundervisning for vaksne. Snoezelen er ein del av dette tilbodet. FØ-teamet har, i samsvar med vedtak, hatt tilrettelegging og spesialpedagogisk oppfølging av barn i fem barnehagar.

I 2021 vart det busett elleve flyktningar i Ulstein. Ulstein hadde vedtak om å busette 21. Reduksjonen skuldast mellom

anna innreiseutfordringar som følge av pandemien.

Frå januar 2021 vart det innført ny lov for integreringsfeltet (integreringslova). Lova legg nye rammer for introduksjonsprogrammet og arbeidet med kvalifisering. Det har vore lagt ned mykje arbeid i implementering av lova.

IMU har vore involvert i fleire utviklingsprosjekt, og mellom anna hatt prosjekt-leiaransvaret for «Betre tverrfagleg innsats», som er eit prosjekt for å styrke samhandling mellom tenester i kommunen.

### ØKONOMI

Økonomien i både vaksenopplæring og flyktningfeltet er uoversiktleg ettersom ein stor del av tilskota vert løyst ut av einskildpersonar. 2021 landa likevel tett på budsjett.

### SJUKEFRÅVÆR

Mange langtidssjukmeldingar kombinert med konsekvensar av korona bidrog til høgt sjukefråvær i 2021.





## Nav

LEIAR: ALEXANDER MÅSEIDVÅG

NAV Hareid-Ulstein-Sande gjennomførte i starten av 2021 samlokalisering til nye lokale i Helsehuset på Hareid.

Kontoret har hatt stor aktivitet og levert gode og tilgjengelege tenester i eit år som også har vore prega av pandemien.

NAV Hareid-Ulstein-Sande deltok som eitt av fire kontor på Mulighetskonferansen som er ein nasjonal konferanse i Nav. Her presenterte vi korleis vi jobbar med marknadsarbeidet, som er eit satsingsområde for kontoret. I andre halvdel av året gjennomførte vi ein omorganiseringsprosess der strukturen vart endra frå tre team med teamkoordinatorar til to avdelingar med avdelingsleiarar.

Samarbeidet med Mafoss og avdeling for inkludering og mangfald i Ulstein kommune om kvalifiseringsløp til industrimekanikar og helsefagarbeidar er vidareført. I tillegg jobbar vi med å få til nye læreløp i samarbeid med andre delar av næringslivet.

Vi har gjennom året jobba aktivt for å utvikle tenestene til brukarane. Vi har mellom anna utvikla eit gruppetilbod for ungdom som står utanfor utdanning eller arbeid.

Prosjektperioden for IPS vart avslutta og IPS er no vidareført i kommunane Hareid, Ulstein, Sande, Herøy og Vanylven.

### ØKONOMI

Det er eit avvik på 0,9 millionar kroner i høve til budsjett. Det har vore ein nedgang på utbetalingar på sosialhjelp på 1 million kroner i høve til 2020. Kontoret har jobba målretta med satsing på tiltak for dei som står lengst unna arbeidsmarknaden. Dette kan vere med på å forklare nedgangen i utbetalingane.

### SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet var 2,6 prosent for statleg tilsette og 19,1 prosent for kommunalt tilsette i 2021.

Samla sett var sjukefråværet på 8,7 prosent.

ÅRSVERK	TILSETTE		
35,8	39		
NETTO RESULTAT	2019	2020	2021
Rekneskap	12,0	11,2	10,4
Budsjett	9,5	9,9	9,5
<b>Avvik</b>	<b>-2,5</b>	<b>-1,3</b>	<b>-0,9</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	3,7	3,3	8,7

\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ tilbyr tilrettelagde kvalifiserings-tiltak til dei som treng det for å kome i arbeid
- ▶ styrkar kvaliteten i den arbeidsretta oppfølginga
- ▶ styrkar samarbeidet med næringslivet ytterlegare

ÅRSVERK	TILSETTE*		
5,1	38		
NETTO RESULTAT**	2019	2020	2021
Rekneskap	8,0	7,2	8,0
Budsjett	8,5	8,0	8,2
<b>Avvik</b>	<b>0,5</b>	<b>0,9</b>	<b>0,2</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2019	2020	2021
Sjukefråvær	7,59	3,75	3,99

\* interkommunalt \*\* tal i mill. kroner

### DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vere bemanna, utstyrt og opplært til å kunne takle dei utfordringane vi vert ståande overfor og som det er forventa at vi skal kunne handtere, jamfør gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og vedtak
- ▶ det førebyggjande arbeidet har fokus på tilsyn med særskilte brannobjekt, informasjonstiltak og arbeid blant utsette grupper (eldre pleie-trengande, personar med nedsett funksjonsevne, personar knytt til rus, og asylsøkarar og flyktingar)
- ▶ beredskap skal fokusere på rask utrykking frå stasjonane og kompetanse i alle ledd



## Hareid og Ulstein brannvesen

LEIAR: OLAV HELT BRUBAKK

Førebyggjande avdeling gjennomførte tre ordinære tilsyn, fjorten dokumenttilsyn og sju synfaringar i 2021. Dette mykje grunna koronapandemien som har redusert tilsynsaktiviteten til eit minimum. Det er i staden gjennomført kontakt via telefon med mange av dei særskilte brannobjekta.

### Feiarane har utført følgjande arbeid:

Hareid: 285 tilsyn og kontakt med 65. Feia 35 og tilbod om feiing til 343 andre.

Ulstein: 126 tilsyn og kontakt med 20. Feia 129 og tilbod om feiing til 210 andre.

Avtalen med Vanylven gjekk ut i 2020, men det var gjort noko restarbeid.

Herøy har vore på pause i 2021 då dei gjekk over til nytt system og brukte året til å rydde i datasystema sine.

Det har også vore utført sjekk etter sotbrann, fresingar av beksot, reingjering av eldstader, plombering av eldstader, kontroll av nye eldstader med meir.

I beredskapsavdelinga har vi hatt 161 registrerte hendingar, 58 i Hareid og 103 i Ulstein.

Av desse var fem bygningsbrannar (to på Hareid og tre i Ulstein), tolv trafikkkulykker (fem på Hareid og sju i Ulstein).

### ØKONOMI

Avdelinga har fått eit greitt resultat i 2021. Dette fordi vi har vakanse på ei administrativ stilling. Det har vore gjennomført færre kurs enn normalt, noko som har gitt mindre utgifter. Noko grunna koronapandemien og noko grunna manglande gjennomføring av kurs frå brannskulen si side.

### SJUKEFRÅVÆR

Har hatt langtidfråvær og sjukefråvær i 2021. Avdelinga er lita og langtidfråvær gir store prosentvise utslag.





Ein ny brannstasjon tek form. Brannsjef Olav Helt Brubakk gler seg til stasjonen står ferdig, på nyåret 2022. Foto: Janne-Marit Myklebust





I april 2021 fekk Ulsteinbadet ferdigattest, og siste silebane kom på plass.  
Foto: Janne-Marit Myklebust

# Folkehelseprofilen 2022 →

Faksimile frå rapport utarbeidd av Folkehelseinstituttet

## Folkehelsebarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonnanne er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnsamansetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I Kommunehelsa statistikkbank, <http://khs.fhi.no>, finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig folkehelseutfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- ▬ Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket
- ▬ Dei ti beste kommunane i landet

Tema	Indikator (klikkbare indikatornamn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Folkehelsebarometer for Ulstein
Befolkning	1 Personar som bur åleine, 45 år +	23,2	24,7	26,1	prosent	
	2 Andel i yrkesaktiv alder (16-66 år)	65	64	66	prosent	
Oppvekst og levekår	3 VGS eller høgare utdanning, 30-39 år	84	80	80	prosent	
	4 Vedvarande låginntekt, alle aldre	8,7	8,9	10,2	prosent	
	5 Ulikskap i inntekt, P90/P10	2,8	2,6	2,8	-	
	6 Barn av einslege forsørgarar	10,6	13,8	14,8	prosent	
	7 Mottakarar av uførepensjon, 45-66 år	11,9	15,2	16,6	prosent (a,k)	
	8 Bur trangt, 0-17 år	13	14	19	prosent	
	9 Trivst på skulen, 10. trinn	92	85	85	prosent (k)	
	10 Blir mobba på skulen, 7. trinn	4,1	5	5,9	prosent (k)	
	11 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. tr.	25	25	23	prosent (k)	
	12 Gjennomføring i vdg. opplæring	82	80	78	prosent (k)	
	13 Trur på eit lykkeleg liv, Ungd. 2019	75	69	71	prosent (a,k)	
Miljø, skadar og ulykker	14 Drikkevatt, hygienisk og stabilt	100	72	90	prosent	
	15 Luftkvalitet, finkorna svevestøv	2,5	2,6	4	µg/m³	
	16 Valdeltaking, 2021	80,2	77,6	77,2	prosent	
	17 Trygt i nærmiljøet, Ungdata 2019	90	88	85	prosent (a,k)	
	18 Med i fritidsorganisasjon, Ungd. 2019	77	67	65	prosent (a,k)	
	19 Einsemd, Ungdata 2019	12	21	22	prosent (a,k)	
	20 Fornøgd med lokalmiljøet, Ungd. 2019	83	68	68	prosent (a,k)	
Helse-relatert atferd	21 Trenar sjeldnare enn kvar veke, 17 år	21	27	27	prosent (k)	
	22 Skjermtid over 4 timar, Ungd. 2019	35	34	34	prosent (a,k)	
	23 Røyking, kvinner	1,5	3,3	3,4	prosent (a)	
Helsestilstand	24 Forventa levealder, menn	81,3	80,5	79,9	år	
	25 Forventa levealder, kvinner	84,9	84,5	83,8	år	
	26 Utd.forskjell i forventa levealder	4,2	4,2	5	år	
	27 Fornøgd med helse, Ungd. 2019	77	68	70	prosent (a,k)	
	28 Psykiske plager, Ungd. 2019	11	14	15	prosent (a,k)	
	29 Psykiske sympt./lidingar, 0-74 år	137	155	160	per 1000 (a,k)	
	30 Muskel og skjelett	378	343	316	per 1000 (a,k)	
	31 Overvekt og fedme, 17 år	23	24	22	prosent (k)	
	32 Hjerte- og karsjukdom	15,3	16,2	17,1	per 1000 (a,k)	
	33 Tjukk- og endetarmskreft, nye tilfelle	110	92	82	per 100 000 (a,k)	
	34 Vaksinasjonsdekning, meslingar, 9 år	97,0	97,4	96,9	prosent	

### Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):

\* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert, k = kjønnsstandardisert og \*\* = tal frå Ungdataundersøkinga mangler, les meir om [moglege årsaker](#).

1./2. 2021, i prosent av befolkninga. 3. 2021, høgaste fullførte utdanning (av alle med oppgitt utdanning). 4. 2017-2019, personar som bur i hushald som i ein periode over tre år har ein gjennomsnittleg inntekt lågare enn 60 % av nasjonal median. 5. 2019, forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-prosentilen og den som ligg på 10-prosentilen. 6. 2018-2020, 0-17 år, av alle born det vert betalt barnetrygd for. 7. 2018-2020, mottakarar av varig uførepensjon. 8. 2020, å bu trangt er definert ut ifrå areal og antal rom i bustaden. 9./10./11. Skuleåra 2018/2019-2020/2021. 12. 2018-2020, omfattar elevar busetti i kommunen. 13. U.skole, svarer «ja» på at dei trur dei kjem til å få eit godt og lykkeleg liv. 14. 2020, definert som tilfredsstillande resultat for E. coli og stabil levering av drikkevatt. Omfattar vassverk som forsyner minst 50 personar. Tala bør vurderast i lys av andelen som er tilknytte vassverk i kommunen, sjå Kommunehelsa statistikkbank. 15. 2020, mikrogram per kubikkmeter (µg/m³) finkorna svevestøv (PM2,5) som befolkninga i kommunen er utsett for. 16. Stortingsvalet. 17. U.skole, opplever at nærområdet er trygt på kveldstid. 18. U.skole, svarer «ja, eg er med nå». 19. U.skole, ganske mykje eller veldig mykje plaga. 20. U.skole, svært eller litt fornøgd. 21. 2020-2021, oppgitt ved nettbasert sesjon 1. 22. U.skole, dagleg utanom skulen. 23. 2016-2020, føddande som har opplyst at dei røykte i byrjinga av svangerskapet, oppgitt i prosent av alle føddande med røykeopplysningar. 24./25. 2006-2020, berekninga er basert på aldersspesifikk dødelegheit. 26. 2006-2020, vurdert etter forskjellen i forventa levealder ved 30 år, mellom dei som har grunnskule som høgaste utd. og dei som har vidaregåande eller høgare utd. 27. U.skole, svært eller litt fornøgd. 28. U.skole, har mange plager (ganske mykje eller veldig mykje plaga). 29. 2018-2020, brukarar av primærhelsetenestene fastlege og legevakt. 30. 2018-2020, 0-74 år, muskel- og skjelettplager og -sjukdommar (utanom brot og skader) blant brukarar av primærhelsetenestene fastlege, legevakt, fysioterapeut og kiropraktor. 31. 2018-2021, KMI som svarar til over 25 kg/m², basert på sjølvrapportert høgde og vekt frå nettbasert sesjon 1. 32. 2018-2020, omfattar innlagde på sjukehus og/eller døde. 33. 2011-2020. 34. 2016-2020. Datakjelder: Statistisk sentralbyrå, NAV, Ungdata-undersøkinga frå Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet, Utdanningsdirektoratet, Vernepliktsverket, Vassverksregisteret, Primærhelsetenestene fastlege og legevakt (KUHR-databasen i Helsedirektoratet), Krefregisteret, Meteorologisk institutt, Medisinsk fødselsregister og Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSVAK. For meir informasjon, sjå <http://khs.fhi.no>.



LEIAR AAGE CHRISTENSEN

# Ulstein Eigedomsselskap KF

Ulstein Eigedomsselskap KF (UEKF) sitt formål er å drive ei forretningsmessig og kostnadseffektiv eigedomsforvaltning, noko som inneber ansvar for forvaltning og utvikling av eigedomsmassen til kommunen (ca. 80 000 kvadratmeter). Dette inkluderer drift, vedlikehald, rehabilitering, utbygging, utleige, kjøp og sal. UEKF representerer Ulstein kommune ved utvikling av nye byggeprosjekt gjennom prosjektleiing og byggherrefunksjon.





## MÅL

- ▶ effektiv arealutnytting
- ▶ godt verdibevarande vedlikehald
- ▶ kostnadseffektiv eigedomsforvaltning
- ▶ berekraftige og grøne byggeprosjekt
- ▶ bustad til ulike målgrupper
- ▶ gode formålstenlege bygg

Vår oppgåve er å **vareta, skape og utvikle** verdier for Ulstein kommune gjennom gode byggeprosjekt, smart forvaltning og ressurseffektiv drift. UEKF skal legge til rette funksjonelle og kostnadseffektive lokale til dei kommunale tenestene.

Året 2021 har vore prega av høg aktivitet innanfor små og store prosjekt. Tilsette i føretaket har jobba hardt for å gi dei tilsette i kommunen gode arbeidsforhold og gode opplevingar for brukarar av dei kommunale bygga. Vidare jobbar vi aktivt for å vere ei god fagleg støtte for administrasjonen og dei folkevalde i kommunen. Arbeidet med bruk av nye verktøy og utnytting av teknologi har prega kvardagen til tilsette og leiarar. Dette arbeidet er noko som vert prioritert høgt og som vi ser er viktig for å drive eigedomsforvaltninga vidare.

## PROSJEKT

Avdelinga har jobba mykje med dei to store prosjekta Ulstein brannstasjon og nye Ulsteinvik barneskule. I tillegg har dei vore involvert i saksutgreiing for ny turnhall, behovsanalyse for nye omsorgsbustader, overtaking av Almejordet barnehage, reins av tappevatn ved Alvehaugen, sal av den gamle brannstasjonen, sal av Eiksund skule, overføring av Flø skule, i tillegg til prosjekt innanfor fjernvarme. I april fekk Ulsteinbadet ferdigattest og er endeleg ferdig utbygd med både ny silebane og utejacuzzi.

Nye Ulsteinvik barneskule vart overlevert til oppvekst- og kulturretaten hausten 2021. 2 500 kvadratmeter med ni nye klasserom og flotte areal for tilsette og elevar. Prosjektet

er levert innanfor budsjett, og fase 2 med ombygging av personalareal i gamle Ulsteinvik barneskule er i gang.

UEKF har saman med helse- og omsorgsetaten etablert ein ny vinterhage på Alvehaugen for å motverke einsemd. Ein ny møteplass der eldre kan få eit variert og tilpassa aktivitetstilbod. Prosjektet vart levert innanfor budsjett.

UEKF har i 2021 også gjennomført tiltak for å betre tryggleik mot brann på 16 leilegheiter på Øvre Ulshaug. Mobile vasståkeanlegg vart installert og prosjektet vart overlevert innanfor budsjett.

## REINHOLD

Avdelinga har særleg arbeidd med å nytte dei nye digitale reinhaldsplanane der dei også registrerer avvik som vert observert på bygg. Avdelinga har også tatt i bruk robotar og dispenserar med sensor.

## BUSTAD OG UMLEIGE

Frå 01.01.2021 overtok avdelinga handtering av over 100 utleigekontraktar på omsorgsbustader. Det har vorte gjennomført regulering til gjengs leige på fleire leilegheiter og implementert system for utrekning av husleige. Avdelinga har også innført iLock-systemet på alle gjennomgangsbustader slik at nøkkelhandtering er effektivisert. Grunna lågare aktivitet i industrien har fleire kommunale gjennomgangsbustader stått ledig i 2021, noko som har gitt lågare leigeinntekter. Føretaket har difor gjennomført sal av fleire kommunale bustader.

## EIGEDOMSFORVALTNING

Eigedomsforvaltning har i 2021 framleis fokus på å gjennomføre vedlikehaldstiltak etter plan. Vidare er det gjennomført leikeplasskontroll og iverksett tiltak. Avdelinga har gjennomført kompetanseheving innanfor fallsikring, i tillegg til FSE-kurs\* for instruert personell. Effektive arbeidsmåtar gjennom bruk av rett utstyr og fokus på bruk av robotar på sommarvedlikehald har vore sentralt.

## ØKONOMI

Rekneskapen for Ulstein Eigedomsselskap KF viser eit negativt netto driftsresultat på 1 352 827 kroner. Resultatet gjer at føretaket må bruke 1 292 054 av disposisjonsfond og 60 773 kroner frå bundne driftsfond. Ved utgangen av 2021 utgjer disposisjonsfondet 8 439 968 kroner i UEKF.

## SJUKEFRÅVÆR

UEKF har jobba tett med Avonova for å sjå på tiltak for å redusere sjukefråvær. Fysisk krevjande arbeidsoppgåver har saman med pandemi og anna ikkje arbeidsrelatert fråvær, ført til ein auke i totalt sjukefråvær. Sjukefråværet var i 2021 12,23 prosent, der mykje var knytt til langtidsfråvær innanfor reinhald. Samanlikna med næringa elles er fråværet spesielt høgt i andre og tredje kvartal.

Føretaket vil utarbeide eigen årsrapport og årsrekneskap.



Ulstein  
Eigedomsselskap KF

\* FSE=Forskrift om sikkerheit ved arbeid i og drift av elektriske anlegg



ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik  
Tlf. 70 01 75 00  
www.ulstein.kommune.no

 facebook.com/ulsteinkommune

 instagram.com/ulsteinkommune